



Universitetet i Bergen

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier

NOLISP350

Mastergradsoppgåve i nordisk

Våren 2015

Norsk fortid i spanske rammer

Aksjonsarta si rolle i tileigninga av fortidsmorfologi i innlærarspråk.

Cecilie Andreassen

Føreord

Først og fremst vil eg takke rettleiaren min, Ann-Kristin Helland Gujord. Frå du gav meg tommel opp på Aksjonsarthypotesen, gjennom rettleiing og gode råd over e-post og skype medan eg ikkje har vore i Bergen, til ein hektisk innsjutt og til slutt i mål. Du har gitt meg lyst og tru, og alltid konstruktiv og kjapp tilbakemelding på dei viktige tinga. Du har ein profesjonalitet eg har vore svært heldig å få ta nytte av. Tusen takk.

Bente Teigen Gundersen i Madrid, utan deg hadde det ikkje vore mogleg å gjennomføre min ambisiøse idé om å skrive master i nordisk frå Madrid. Tusen takk for all hjelp, med alt ifrå å finne informantar til bibliotek, og tilføring av norsk identitetskjenne i ein ny by.

Alle informantane mine i Madrid fortener óg ein stor takk. Dykk har stilt opp motiverte og positive, og har ofte gitt meg meir enn berre datamateriale. Eg er imponert over dykkar innsats i å lære seg norsk.

Takk til den beste familien eg kunne ha ønska meg, mamma, pappa, Harald og Helene. Det har alltid vore støtte og engasjement frå heimen når det kjem til studier, noko eg verdset høgt. Takk òg for dykkar innsats med korrekturlesing frå alle kantar av landet, og for å ha heia på meg.

Takk òg til Ingvild Nistov, som gav meg mykje hjelp til å kome i gang, og du har hjulpet meg når det trengs. Takk til norsklærarinna mi i tidlegare år, Olaug, for å ha tent ei tidleg og viktig flamme.

Gracias a mis compañeras en Madrid, María, Myriam y Consuelo, que tantas veces durante todo el año me habéis preguntado «cómo llevo la tesis», por vuestro apoyo. Gracias ppr ayudarme con mis dudas sobre el español, y por estar allí siempre.

Gracias a ti Juan, que durante el tiempo más agitado me has apoyado mucho, dándome lo que necesitaba. Aprecio mucho tu luz y positividad.

Dette har vore kjekt!

Madrid, 15. mai 2015

Cecilie Andreassen

Samandrag

Denne avhandlinga dreier seg om tileigning av fortidsmorfologi i norsk innlærarspråk hjå spanske morsmålsbrukarar, og formålet er å undersøke kva rolle aksjonsart og telisitet har i denne tileigninga. Undersøkinga skal teste om fortidsmorfologi spreier seg frå teliske til ateliske verbfrasar. Studien baserer seg på den allerede etablerte *Aksjonsarthypotesen* (Bardovi-Harlig 2000, Andersen og Shirai 1996). Aksjonsarthypotesen har fått brei støtte i fleire studiar, i mellom anna russisk, spansk og engelsk – men det finst lite data på norsk innlærarspråk. Aksjonsarthypotesen er ein hypotese beståande av fire kjernehypotesar som predikerer at det er ein samanheng mellom semantikken i ei verbfrase og tileigning av fortidsmorfologi i eit andrespråk. Den baserer seg på verbet si aksjonsart (leksikalsk aspekt), og tek utgangspunkt i ei firedeling i aksjonsart basert på Vendler (1967). Dei fire aksjonsartklassane er: statiske verb, aktivitetsverb, accomplishmentverb og achievementverb. Inndelinga er gjort ut ifrå distinksjonane (±)telisitet, (±)dynamikk og (±)punktualitet. Dette prosjektet dreier seg om den første av dei fire kjernehypotesane, som seier er at ein innlærer vil gi fortidsbøying først til achievementverb og accomplishmentverb (*teliske*), og i andre rekkje til aktivitets- og statiske verb (*ateliske*) (Bardovi-Harlig 2000: 227). Formålet med studien er altså å teste denne hypotesen i norsk innlærarspråk.

I undersøkinga har eg gjort datainnsamling hjå sytten spankstalande informantar som lærer seg norsk som sitt andrespråk. Eg gjorde munnlege innsamlingar, der informanten fekk sjå eit filmklipp og deretter gav att handlinga til meg på norsk. Eg transkriberte alle opptaka og analyserte verbmorfologien deira. Dette er ein metode som er brukt i tidlegare studiar av Aksjonsarthypotesen (Bardovi-Harlig 2000), og det er fordelaktig med tanke på samanlikning med tidlegare studiar.

Områder eg beveger meg inn på er i hovudsak tileigning av temporal fortidsmorfologi, aksjonsart, telisitet og aksjonsartklassifisering.

Abstract

The current study investigates past tense acquisition of Norwegian as a second language among Spanish-speaking learners. I investigate whether or not the learners' acquisition of past time morphology is influenced by lexical-semantic properties of verb phrases. The expectation is that past time morphology will emerge from *telic* to *atelic* verb phrases. The study is based on the already established *Aspect Hypothesis* (Bardovi-Harlig 2000, Andersen og Shirai 1996). This hypothesis has received solid empirical support in a range of different studies, including English L2, Spanish L2 and Russian L2, however, the investigation of the Aspect Hypothesis is scarce on Norwegian L2 data. The Aspect Hypothesis contains of four separate claims, which all of them predict that there is a connection between the semantic content of a verb phrase and the acquisition of past-time morphology in learner language. The hypothesis is based upon a classification into four lexical aspect classes that derives from Vendler (1967). The four classes are: states, activities, accomplishments and achievements. The four-way classification is based upon the distinctions of (\pm)telicity, (\pm)dynamic and (\pm)punctuality. This study tests the first claim in the Aspect Hypothesis predicting that learners first acquire (perfective) past marking in achievements and accomplishments (telic), eventually extending use to activities and states (atelic) (Bardovi-Harlig 2000: 227). The aim of this study is to investigate this hypothesis on Norwegian L2 data.

In the survey of the study, I have investigated the acquisition of verbal morphology from seventeen Spanish-speaking learners of Norwegian as a second language. I have elicited the data by means of film retellings. The students were shown a short film, and then asked to retell the plot in Norwegian. Every sample were then transcribed in order to analyze their use of Norwegian past morphology (the preterite and the perfect). This method is used in previous investigations of the Aspect Hypothesis (Bardovi-Harlig 2000), hence, my study will be comparable to earlier studies.

Key words for this study are temporal past-tense morphology, lexical aspect, telicity and lexical aspect classification.

Innholdsliste

Tabellar	8
Figurar	9
Diagram	9
1. Innleiing	10
1.1. Motivasjon.....	10
1.2. Problemstilling og hypotesar.....	10
1.3. Kvifor?	10
1.4. Struktur.....	11
2. Språklege kategoriar	12
2.1. Temporalitet.....	12
2.1.1. Tempus.....	14
2.1.2. Grammatisk aspekt.....	16
2.1.3. Modus.....	17
2.2. Aksjonsart.....	20
2.2.1. Kategorisering i aksjonsart.....	22
2.2.1.1. Dynamisk – statisk	22
2.2.1.2. Telisk – atelisk.....	24
2.2.1.3. Punktuell – durativ.....	25
2.2.2. Utfordringar ved kategorisering i aksjonsart.....	26
2.3. Kontrastiv samanlikning av spansk og norsk.....	30
2.3.1. Norsk.....	31
2.3.2. Spansk.....	32
2.4. Oppsummering.....	35
3. Det læringsteoretiske rammeverket	37
3.1. Forsking på temporal morfologi i andrespråk.....	37
3.2. Aksjonsarthypotesen.....	39
3.2.1. Forsking på Aksjonsarthypotesen i andrespråklæring.....	40
3.2.2. Utfordringar i forskinga på Aksjonsarthypotesen.....	42
3.3. Formål med studien.....	43

4. Metode.....	45
4.1. Metodisk tilnærming.....	45
4.1.1. Kvantitativ studie.....	45
4.1.2. Krysskategorisk analyse.....	46
4.1.3. Token og type.....	46
4.2. Framgangsmåte.....	48
4.2.1. Informantar.....	49
4.2.2. Attforteljningane.....	50
4.2.2.1. Prosedyre.....	50
4.2.2.2. Analyseverktøy.....	51
4.2.3. Variablane i analysen av verbfrasane.....	53
4.2.3.1. Fortidskontekst.....	53
4.2.3.2. Bøyingskategoriar.....	56
4.2.3.3. Aksjonsart.....	58
4.2.3.4. Reliabilitetstest.....	64
4.2.4. Statistikk.....	65
4.3. Oppsummering.....	66
5. Resultat og analyse.....	67
5.1. Oversyn over datamateriale.....	68
5.2. Resultat: Bruk av fortidsmorfologi.....	72
5.2.1. Resultat: Bruk av fortidsmorfologi, atelisk/telisk.....	73
5.2.2. Resultat: Bruk av fortidsmorfologi, aksjonsartklassar.....	74
5.3. Resultat: Ukorrekt markering av fortid.....	77
5.3.1. Resultat: Ukorrekt markering av fortid, atelisk/telisk.....	77
5.3.2. Resultat: Ukorrekt markering av fortid, aksjonsart.....	80
5.4. Oppsummering.....	83
6. Diskusjon.....	85
6.1. Analyse av hypotese 1, bruk av fortidsmorfologi.....	85
6.1.1. Hypotese 1, atelisk/telisk: støtte.....	85
6.1.2. Hypotese 1, aksjonsartklassar: delvis støtte.....	86
6.2. Analyse av hypotese 2, ukorrekt fortidsmarkering.....	86
6.2.1. Hypotese 2, atelisk/telisk: ikkje støtte.....	87
6.2.2. Hypotese 2, atelisk/telisk: ikkje støtte.....	87

6.3. Drøfting og samanlikning med funn i andre studier.....	88
6.4. Telisitet som ein innvirkande faktor.....	90
6.5. Oppsummeringar.....	91
Vedlegg.....	93
Referanseliste.....	99

Tabellar

<i>Tabell 1 – Dei fire aksjonsartklassane</i>	22
<i>Tabell 2 – Fortidskontekst hjå informant N12</i>	48
<i>Tabell 3 – Reliabilitetstesting av kategorisering i aksjonsart</i>	64
<i>Tabell 4 – Oversikt over datamaterialet frå undersøkinga</i>	69
<i>Tabell 5 – Totale data fordelt i aksjonsart, samanlagt. Absolutte tal, type</i>	70
<i>Tabell 6 – Totale data fordelt i aksjonsart, ferdigheitsnivå. Absolutte tal, type</i>	70
<i>Tabell 7 - Fordeling av token og type mellom ferdigheitsnivå. Absolutte tal</i>	70
<i>Tabell 8 – Frekvensordliste. Dei ti mest frekvente verba. Absolutte tal</i>	71
<i>Tabell 9 – Fortidsmarkeringar fordelt i preteritum og perfektum. Absolutte tal. Type</i>	72
<i>Tabell 10 – Total bruk, samanlagt. Atelisk/telisk. Relative og absolutte tal. Type</i>	73
<i>Tabell 11 – Bruk av fortidsmorfologi, atelisk/telisk, ferdigheitsnivå. Relative og absolutte tal. Type</i>	74
<i>Tabell 12 – Bruk av fortidsmorfologi, aksjonsartklassar. Samanlagt. Relative og absolutte tal. Type</i>	75
<i>Tabell 13 – Bruk av fortidsmorfologi, aksjonsartklassar, ferdigheitsnivå. Relative og absolutte tal. Type</i>	76
<i>Tabell 14 – Ukorrekt fortidsmarkering, atelisk/telisk, samanlagt. Relative og absolutte tal. Type</i>	78
<i>Tabell 15 – Ukorrekt fortidsmarkering, atelisk/telisk, ferdigheitsnivå. Relative og absolutte tal. Type</i>	78
<i>Tabell 16 – Ukorrekt fortidsmarkering, telisk/atelisk, detaljert. Relative og absolutte tal. Type</i>	79
<i>Tabell 17 – Ukorrekt fortidsmarkering, aksjonsartklassar, samanlagt. Relative og absolutte tal. Type</i>	80
<i>Tabell 18 – Ukorrekt fortidsmarkering, aksjonsartklassar, ferdigheitsnivå. Relative og absolutte tal. Type</i>	81
<i>Tabell 19 – Ukorrekt fortidsmarkering, aksjonsart, detaljert. Relative og absolutte tal. Type</i>	82

Figurar

<i>Figur 1 - Organisering av tid. Gjeve att frå Comrie 1985: 2.</i>	12
<i>Figur 2 - Ein modell av høvet mellom Situation Time, Topic Time og Time of Utterance. Basert på Klein 2009: 46.</i>	13
<i>Figur 3 – Temporale høve mellom spansk perfektiv og imperfektiv. Reichenbach (1947), gitt att i Bosque (1990)</i>	35
<i>Figur 4 – Tileigning av temporal markering. Basert på Selj 2010.....</i>	38

Diagram

<i>Diagram 1 – basert på tabell 10. Total bruk, samanlagt. Atelisk/telisk. Relative tal. Type.....</i>	73
<i>Diagram 2 – basert på tabell 11. Bruk av fortidsmorfologi, atelisk/telisk, ferdigheitsnivå. Relative tal. Type.....</i>	74
<i>Diagram 3 – basert på tabell 12. Bruk av fortidsmorfologi, aksjonsartklassar. Samanlangt. Relative tal. Type.....</i>	75
<i>Diagram 4 – basert på tabell 13. Bruk av fortidsmorfologi, aksjonsartklassar, ferdigheitsnivå. Relative og absolutte tal. Type.....</i>	76
<i>Diagram 5 – basert på tabell 14. Ukorrekt fortidsmarkering, atelisk/telisk, samanlagt. Relative tal. Type.</i>	78
<i>Diagram 6 – basert på tabell 15. Ukorrekt fortidsmarkering, atelisk/telisk, ferdigheitsnivå. Relative tal. Type.</i>	79
<i>Diagram 7 – basert på tabell 16. Ukorrekt fortidsmarkering, atelisk/telisk, detaljert. Relative og absolutte tal. Type.</i>	80
<i>Diagram 8 – basert på tabell 17. Ukorrekt fortidsmarkering, aksjonsartklassar, samanlagt. Relative tal. Type.</i>	81
<i>Diagram 9 – basert på tabell 18. Ukorrekt fortidsmarkering, aksjonsartklassar, ferdigheitsnivå. Relative tal. Type.....</i>	82
<i>Diagram 10 – basert på tabell 19. Ukorrekt fortidsmarkering, aksjonsart, detaljert. Relative tal. Type.....</i>	83

1 Innleiing

1.1 Motivasjon

Dette prosjektet spring ut ifrå fleire røter. Den faglege motivasjonen for å skrive ei oppgåve om aksjonsart dreier seg i utgangspunktet om å bidra med norske data til ein allereie etablert forskingstradisjon. Det var veldig kjekt og spennande å ta tak i ei solid hypotese (Aksjonsarthypotesen), men å teste den heilt sjølv på norsk innlærarspråk, med eigne informantar og eigne innsamla data. Det gav ein ekstra motivasjon å få moglegheit til gjere innsamlinga i Madrid, og dermed å vere i så nær kontakt med omjevnadane av eit andrespråksmiljø. Eg har sjølv vore ein andrespråksbrukar i skriveperioden min, og dette aspektet gav meg personleg mykje glede og lærdom både om tileigninga av mitt eige andrespråk, og prosessen rundt informantane mine si tileigning.

1.2 Problemstilling og hypotesar

Det overordna tema i avhandlinga mi er samanhengen mellom aksjonsart og fortidsmorfologi i innlærarspråk. Eg skal undersøke om aksjonsarten til ein verbfrase har innverknad på ein innlærer si tileigning av fortidsbøying. Studien min baserer seg på Aksjonsarthypotesen (Bardovi-Harlig 2000), som seier at telisiteten til ein verbfrase vil påvirke tileigninga av fortidsbøying. Prediksjonane er at ein innlærer først vil markere *teliske* verb i fortid, deretter *ateliske*. Med grunnlag i dette har eg danna meg følgjande to hypotesar:

1. Innlærarane vil ha høgare mengd teliske verbfrasar bøygde i fortid enn ateliske verbfrasar bøygde i fortid.
2. Verbfrasar der fortidskonteksten ikkje er markert riktig på verbet, vil oftare vere ateliske enn teliske.

1.3 Kvifor?

Kvifor skal ein bruke så mykje tid på å skrive om *aksjonsart i innlærarspråk*, som for eit øyre utanfor den snevre kretsen av semantikk og temporalitet, berre høyrer slitsomt ut? Å undersøke om semantikken i verbfrasar har innverknad på tileigning av verbbøying, kan vere

interessant av to grunnar: 1) Teoretisk – for den vitenskaplege forskinga sin del, det å empirisk og systematisk opparbeide seg kunnskap om språklæring.. 2) Praktisk – for undervisinga sin del, den teoretiske kunnskapen kan bidra til eit grunnlag for å utvikle undervisningsmetodar i andrespråklæring.

Språklæring vil alltid vere aktuelt i store deler av verda, og eit prosjekt som dette retter seg dermed ikkje berre mot dei som sit og forskar på fortidsmorfologi og aksjonsart, i det større bilete er dette prosjektet ein del av ein brei forskingstradisjon.

1.4 Struktur i avhandlinga

I kapittel 2 og 3 tek eg føre meg dei teoretiske grunnlaga, kapittel 4, 5 og 6 handlar om sjølve undersøkinga.

Kapittel 2 inneheld dei lingvistiske teoretiske kategoriane som ligg til grunn for undersøkinga. Vi ser først på *temporalitet* (2.1), her kjem eg inn på tre relevante grammatiske kategoriar: *tempus* (2.1.1), *grammatisk aspekt* (2.1.2) og *modus* (2.1.3). Vidare kjem vi inn på *aksjonsart* (2.2). Her skriv eg hovudsakleg om *kategorisering i aksjonsart* (2.2.1) og *utfordringar rundt kategorisering i aksjonsart* (2.2.2). Til slutt skal kjem ei kort utgreiing om dei viktigaste skilnadane mellom *spansk og norsk* (2.3).

Kapittel 3 dreier seg om det læringsteoretiske rammeverket i undersøkinga. Her ser vi først om *forsking på temporal morfologi i andrespråk* (3.1), så kjem sjølve *Aksjonsarthypotesen* (3.2), deretter eit underavsnitt med meir spesifikt *forsking på Aksjonsarthypotesen i andrespråk*, og til slutt ser vi på *klassifisering i aksjonsart* (3.3).

Kapittel 4 går på metode. Her gjer eg i første del greie for den *metodiske tilnærminga* (4.1), deretter kjem *framgangsmåten* for den aktuelle studien (4.2). Her greier eg òg ut om dei statistiske analysane eg har teke i bruk for å sikre haldbarheita i data.

Kapittel 5 presenterer resultatata frå undersøkinga. Her ser vi først ei oversikt over datamaterialet (5.1), deretter tek eg føre meg analysen av hypotese 1 (5.2), og hypotese 2 (5.3).

Kapittel 6 tek føre seg drøftinga av resultatata. Her ser vi først på drøftinga rundt resultatata i forbindelse med hypotese 1 (6.1), deretter på drøftinga rundt resultatata for hypotese 2 (6.2). Så kjem ei *drøfting og samanlikning med funn i andre studiar*. Deretter kjem ei utgreiing om *telisistet som ein innvirkande faktor* (6.4), og til slutt eit oppsummering med samlande tankar (6.5).

2 Dei språklege kategoriane


I avhandlinga mi skal eg undersøke tileigninga av fortidsmorfologi hjå spanske innlærarar av norsk. I dette kapittelet vil eg gjere greie for dei relevante lingvistiske kategoriane som ligg til grunn for den aktuelle undersøkinga. 2.1 tek føre seg temporalitet i språk. Her greier eg vidare ut om tre grammatiske kategoriar som er relevante for den aktuelle studien: tempus (2.1.1), grammatisk aspekt (2.1.2) og modus (2.2.3). Deretter kjem 2.2, som presenterer aksjonsart. Her ser eg på korleis ein kategoriserer i aksjonsart (2.2.1), og utfordringar i høve til denne kategoriseringa (2.2.2). Til slutt skal vi i avsnitt 2.3 sjå ei kontrastiv samanlikning av norsk og spansk med fokus på verbmorfologi.

2.1 Temporalitet

Tid er eit abstrakt fenomen som kan ikkje erfarast direkte, og som vert konseptualisert ulikt i språk. Å konseptualisere noko vil seie å lage seg ein mental abstraksjon eller å danne seg eit omgrep av eit objekt. Dette gjer vi for å skape ei meir tilgjengeleg forståing av fenomenet, og gjere det lettare å handtere (Rønvåg 2009). Vi dannar oss ei forståing av *konseptet* tid, og brukar språket vårt som eit verktøy for å *kode* denne forståinga. Konseptet varierer frå kultur til kultur, og kodinga kan vere ulik frå språk til språk. Kodinga varierer med omsyn til *kva* ein realiserer i den temporale markeringa, og *korleis* ein markerer det. Til dømes markerer nokre språk framtidshøve med ei bøyingsending, andre språk ved hjelp av ein setningskonstruksjon. Temporalitet i eit språk kan i hovudsak verte uttrykt på tre plan: morfologisk, leksikalsk og pragmatisk (Starren 2001: 84-86). Morfologisk markering er til dømes å bøye verb i tempus, leksikalsk vil vere å bruke ord – som tidsadverb, og pragmatisk markering er til dømes rekkefølga på elementa i ein frase. I mi oppgåve er det den morfologiske markeringa som er sentral.

Konseptualiseringa kan vere ulik på tvers av kulturar og språk, og ein kan neppe snakke om éi felles framstilling som gjeld for alle språk. Likevel vil den mest adekvate og universelle organiseringa av tid vere ei horisontal akse, med tre delar (Comrie 1985: 2, 5, Klein 2009: 43):


Figur 1 - Organisering av tid. Gjeve att frå Comrie 1985: 2



Vi har altså eit utgangspunkt i 0, ofte tilsvarande «notid», og plasserer «fortida» og «framtida» til høvesvis venstre og høgre for dette punktet. Det er ikkje alle kulturar som konseptualiserer tid på ein slik lineær måte – til dømes har nokre aboriginske stammer i Australia ei syklisk tidskonseptualisering (Comrie 1985: 3). Likevel har ein ikkje funne språklege element som koder temporalitet med referanse til ein tidlegare eller seinare tidssyklus, det viser seg at dei på det språklege planet uttrykkjer seg «lineært» (ibid.: 5). Generelt kodar språk verda over altså temporalitet med utgangspunkt i ei lineær organisering av tida.

Klein (2009: 44-48) påpeiker nokre vanskar i samband med denne tradisjonelle framstillinga. Til dømes er *tidsrelatering* problematisk. Ein har tradisjonelt tenkt at det finst éi tid for situasjonen (ST) og éi tid for ytringa (TU)¹. Klein meiner det er meir komplisert enn som så, og at det berre er i dei sjeldnaste tilfella at ein har denne forenkla relasjonen. Eit anna aspekt er at *tidsankeret* ikkje treng vere identisk med tida for ytringa. Tidsanker er det ein tradisjonelt tenkjer på som TU, «0» i *figur 1* (eller deiktisk senter, sjå 2.1.1). Men i ytringar med relativ tempus er det ikkje slik, da er tidsankeret ein annan situasjon, ikkje tidspunktet for ytringa (sjå avsnitt 2.1.1). Klein (2009: 51) understrekar òg at fleire språk ikkje eingong har grammatisk markering av tempus.

Klein problematiserer eit anna høve den tradisjonelle beskrivinga av tidsrelatering, som har med kva tidspunkt eller –sekvens talaren ønskjer å referere til med ytringa si. Han framstiller problematikken i døma (1) og (2), vist i *figur 2* under. Figuren er mi eiga framstilling av det Klein skriv i artikkelen sin.



Figur 2.
 Ein modell av høvet mellom Situation Time, Topic Time og Time of Utterance. Basert på Klein 2009: 46

¹ ST – Situation Time, TU – Time of Utterance

I begge setningane er ST i fortida, og TU tilsynelatande i notida. Men ein grunnleggjande skilnad på setning (1) og (2) er at det i setning (1) ikkje er sikkert at Eva framleis er glad, medan katten hennar i setning (2) nok framleis er død. Her kjem det Klein kallar *Topic Time* inn, nemleg tidspunktet eller tidsperioden for når talaren ønskjer å hevde at noko skjedd eller foregjekk. Eit av problema i den tradisjonelle defineringa av tidsmarkering og referansepunkt er, i følgje Klein, at ein tenkjer at ST og Topic Time er det same. I døma over ser vi at i setning (2) «overlapper» Topic Time med ST uansett på tidspunkt talaren hevdar at det er tilfellet (katten til Eva held fram å vere død), medan setning (1) kan uttrykke at dei to samsvarar eller overlappar, eller at dei er plassert på ulike tidsintervall (Eva kan vere glad i fem minutt, tre dagar, på tirsdag eller onsdag). I setning (2) er Topic Time mest sannsynleg eit subintervall av ST, medan ST varer framleis, heilt fram til «notida».

Ein kan som nemnt markere temporalitet ved hjelp av morfologiske, leksikalske eller pragmatiske element. Denne oppgåva dreier seg om den morfologiske markeringa, og eg skal i neste seksjon sjå på tre grammatiske kategoriar som fell under temporal morfologi: tempus, aspekt og modus.

2.1.1 Tempus

Tempus er ein grammatisk kategori som uttrykkjer tid, og som er frekvent i mange av verdas språk som har bøyning (Comrie 1985: 9-14). Konseptet tid er som sagt abstrakt, og vi er avhengige av å ta utgangspunkt i eit arbitrært referansepunkt for å kunne lokalisere noko på ei tidslinje (sjå *figur 1*). Dette referansepunktet kallar vi eit *deiktisk senter* (deiksis kjem frå gresk og tyder å 'påpeike' eller å 'vise'), og er utgangspunktet for lokaliseringa. Tradisjonelt tenkjer ein at det deiktiske senteret ofte svarar til TU, men det finnast diskusjon rundt om det kan gjerast så enkelt (sjå 2.1). Ein plasserer så situasjonar før, på, eller etter det deiktiske senteret. Å strukturere noko i høve til eit referansepunkt på denne måten vert kalla eit deiktisk system. Norsk og spansk har hovudsakleg eit slikt system.

Avstanden mellom dei ulike tidsintervalla varierer, og ulike språk presiserer i ulik grad avstanden i tid mellom situasjonane. Til dømes har nokre språk ei todeling, fortid/ikkje-fortid, andre ei tredeling fortid/notid/framtid. Dessutan er eit viktig aspekt ved det deiktiske senteret at det stort sett heile tida vil skifte, og det som i dag er notid, var i går framtid, og i morgon er det fortid (Bache 1997: 260).

Eit språk kan ha enten absolutt eller relativ tempus. Termen 'absolutt' tempus er eigentleg

litt misvisande (Comrie 1985: 36), sidan det deiktiske senteret sjeldan vil vere nøyaktig det same i ulike ytringar, og kan ein neppe snakke om noko form for 'absolutt' tid. Likevel er det som tradisjonelt kallast absolutt tempus når det deiktiske senteret tilsvarar notida. Dette er vanlegvis presens og preteritum, som i norsk til dømes.

Relativ tempus på den andre sida, er når ein situasjon har referansepunktet sitt i ein annan situasjon. Vietnamesisk er eit døme på eit språk som har relativ tidfesting, der ein lokaliserer tid med utgangspunkt i konteksten eller diskursen, basistida (Thompson 1965: 209, gitt att i Gujord 2013a: 90). Hovudpredikatet i ei vietnamesisk setning er tidfesta til dette referansepunktet, og denoterer som regel situasjonar som startar eller er i ferd med å starte på denne tida (Gujord 2013a: 90.). Om ein situasjon avviker frå basistida, har vietnamesisk leksikalske tidsmarkørar som plasserer ei hending i fortida eller framtida i høve til referansepunktet (Tenfjord 1997: 85, Gujord 2013a: 91).

Dessutan har vi ein form for relativ tempus i språk som norsk òg. Preteritum perfektum stadfester situasjonen i høve til ei anna hending, det vere seg det deiktiske senteret eller ein annan referert situasjon (Hagen 2000: 293):

(3) Han hadde kasta ballen lenge før ho vart klar over det.

Her er hendinga «han kastar ballen» avhengig av hendinga «ho vert klar over det» for å plasserast i tid. Det finst òg tilfelle der ytringa tilsynelatande er uavhengig av eit deiktisk senter (Bache 1997: 261):

(4) Kuer *et* gras.

(5) To pluss to *er* fire.

(6) Han berre *går* rett bort til henne og *startar å kjefte*.

Setning (4) og (5) ytrar ein slags universelle sanningar, dei skildrar noko frå den eksterne verda som er «konstant» og utan endring. Setning (6) er eit døme på historisk presens, der ein grammatisk brukar presensform av verbet, men situasjonen referert til kan vere lokalisert i fortida. Ikkje i nokon av desse tilfella er det openbert at det refererast til ei spesiell lokalisering i tid, men det er heller ikkje så relevant for meiningsinnhaldet.

2.1.2 Grammatisk aspekt

Den andre grammatiske kategorien me skal sjå på som har med temporal markering å gjere, er grammatisk aspekt. *Aspekt* er eit omgrep som vert nytta ganske ulikt i litteraturen. Ordet ‘aspekt’ kjem frå latin via fransk og tyder ‘syn, utsjånad’ eller ‘synspunkt’, ‘synsvinkel’², og har å gjere med den temporale vinklinga av ei ytring. Eg støtter meg på litteraturen som skil mellom grammatisk og leksikalsk aspekt, der leksikalsk aspekt er det same som *aksjonsart* – eg kjem attende til aksjonsart under 2.2.

Grammatisk aspekt er ein grammatisk kategori som seier noko om den interne temporale strukturen til ein verbfrase (Comrie 1995: 3). Mange språk, til dømes spansk, russisk og italiensk, har grammatisk markering av aspekt, medan til dømes norsk ikkje har det³. Engelsk har det til ein viss grad⁴. I motsetnad til tempus, som plasserer situasjonen i tid, dreier grammatisk aspekt seg altså om å skildre den interne temporale strukturen i ein situasjon. Det finnst ulike former for grammatisk aspekt, her vil eg trekkje fram skilnaden mellom imperfektiv og perfektiv. Dette har ein i mellom anna spansk, og er derfor interessant i denne samanhengen. Om vi ser på dei følgjande setningane:

(6) Juan *leía* cuando *llegué*.

(7) James *was reading* when I *entered*.

Her har det første verbet i begge setningane (*leía*, *was reading*) imperfektivt aspekt, og det andre (*llegué*, *entered*) er perfektivt. Imperfektiv legg ofte eit slags «bakgrunnsteppe», medan perfektiv er ei «eingongshending» som inntreff. Imperfektiv ser på situasjonen innanfrå, med informasjon om tidsstrukturen i situasjonen, medan perfektiv er sett utanfrå, og heller med fokus på den skildra situasjonen som heilskap.

Trekk ved preteritum som ofte vert trekt fram i litteraturen, er at den har kortare varigheit enn imperfektiv, at den gjeld ein avgrensa tidsperiode, eller at den er punktuell (Comrie 1995). I døme frå ulike språk (russisk, gammalgresk) ser ein at dette ikkje nødvendigvis er sant, og at imperfektiv markering òg kan gjelde ein avgrensa tidsperiode,

² Nynorskordboka; Store Norske Leksikon.

³ av dei slaviske språka har grammatisk aspekt som ein viktig del av verbbøyinga. Nokre romanske språk (t.d. spansk) har bevart grammatisk aspekt i fortid av verb (Chiquito 2009).

⁴ Engelsk har eigentleg berre skilnaden ±progressiv (-ing), og ikkje ei distinkt markering av perfektiv. Men om ein utelukkar ikkje-statiske verb og habituell meining, vert skilnaden ±progressiv i praksis det same som mellom perfektivitet og imperfektivitet. (Comrie 1995: 3, fotnote 3)

eller at dei to kan ha akkurat like lang varigheit (ibid.). Til dømes kan den tidsavgrensa setninga *han sto der i ein time* verte omsett til russisk imperfektiv: *ja stojal tam čas*, eller ein av dei to følgjande perfektive formene: *ja prostojal tam čas*, *ja postojal tam čas* (Comrie 1995: 17). Her er det framstillinga av situasjonen som gjer til at frasen får perfektiv eller imperfektiv. Dei to perfektive formene skildrar situasjonen som eit avslutta heile, men dei skil seg frå kvarandre i form av talaren si subjektive oppfatning av hendinga. I den første perfektive formen (*prostojal*), indikerer talaren at det var lenge å stå der og vente i ein time, medan i den andre (*postojal*), er snakk om ein time som ikkje vart opplevd som så veldig lang. Den imperfektive markeringa er meir eller mindre nøytral, og situasjonen vert skildra berre som at han sto der, utan tilvising til talaren si oppleving av hendinga.

Ei anna vanleg skildring av perfektivt aspekt er at det markerer ein *fullført* situasjon – her kan det vere meir korrekt å bruke termen *komplett*⁵ (Comrie 1995: 18). Om ein bruker termen *fullført*, legg ein for mykje vekt på endepunktet. Perfektiv markering fokuserer ikkje nødvendigvis slutten meir enn nokon annan del av situasjonen. Ein kan derimot seie at perfektiv er ein komplett situasjon, med ei byrjing, midt, og ein ende. I russisk har ein til dømes perfektiv futurum (*ja ub'ju tebja* 'eg skal drepe deg'), som jo er ein komplett, men ikkje (ennå) fullført situasjon. Den perfektive formen, *supe* 'jeg fikk vite (noe)' av det spanske verbet *saber*, 'å vite/kjenne til', indikerer ikkje nødvendigvis ein vellykka fullført situasjon (ibid.:21). Den imperfektive forma av same verb *sabía* 'jeg visste', denoterer på den andre sida ei hending som resultat av *supe*, at vedkommande *har* tileigna seg kunnskapen/lærdomen, og viser distinksjonen mellom dei to formene. Comrie (1995: 21) seiar vidare: «Finally, we may consider the view that the perfective represents the action pure and simple, without any additional overtones.» Denne definisjonen gir likevel ikkje ei språkspesifikk forklaring til termen perfektiv⁶.

2.1.3 Modus

Modus er den tredje grammatiske kategorien som eg kort skal nemne, og som i somme høve har med temporalitet å gjere. 'Modus' kjem frå latin og tyder 'måte', og seier noko om talaren si haldning til ei ytring (Kulbrandstad 2005). Modus er ein grammatisk kategori med

⁵ Comrie skiljer mellom *complete* og *completed* (1995: 18). Eg bruker høvevis dei norske termene *komplett* og *fullført*.

⁶ Meir om dette i Comrie 1995: 111-122.

grunnleggande funksjon å uttrykkje modalitet, men kan i nokre tilfelle òg ha med temporalitet å gjere. Eg skal kort gi eit innblikk i korleis modus kan fungere i språket.

Ein kan uttrykkje modalitet på ulike måtar: Ved setningsadverbial – *Den økonomiske krisa vil truleg/kanskje/vonleg løysast raskare viss Podemos vinn neste val*, ved modale hjelpeverb – *Tor måtte/ville/skulle til slutt gi slepp på enkeltmannsforetaket sitt, og atter gi seg hen til skulebenken*, eller ved markering av verbet, altså bøye verbet i *modus*. Det finst ulike modus i forskjellige språk i verda, og i norsk har vi indikativ, imperativ, og rester av konjunktiv (Hagen 2000: 90). Spansk har tre modi, dei er indikativ, imperativ og konjunktiv (Chiquito 2009: 109).

Ein skil i hovudsak mellom *epistemisk* og *deontisk* modus (Lie 1993: 61, Bhat 1999: 63). Epistemisk modus har å gjere med talaren si haldning til ytringa og hans vurdering av sannsynet av situasjonen. Deontisk modus seier noko om hendinga sett i høve til sosiale normer som eksisterer utanfor situasjonen og som gjer det mogleg eller naudsynt for hendinga å ta plass, og har å gjere med det som er påbode eller tillate.

Under epistemisk modus er *realis* og *irrealis* den viktigaste distinksjonen mellom verb (Bhat 1999: 65), og her finn ein òg tilknytningar til temporalitet og aspekt. Realis skildrar situasjonar som er *aktualiserte* eller som faktisk tek plass, og er i nokre språk knytt til ein fortidig tempusmarkering og perfektivt aspekt. Irrealis portretterer situasjonar som framleis berre eksisterer som ein *tanke*, og er gjerne knytt til ikkje-fortidig tempus og imperfektivt aspekt. I fleire språk i verda kan vi sjå denne samanhengen mellom realis/irrealis-distinksjonen og tempus- og aspektmarkering. Bhat (1999) nemner fleire døme. Eit døme er språket muna (eit austronesisk språk), der realis-markering vert brukt ved fortid eller notid, og irrealis brukt ved framtid (Bhat 1999: 66), og i chalcatongo mixtec, (eit otomangueansk språk i Sentral-Mexico) der realis-verba er dei som er aktualiserte eller allereie avslutta i ytringsaugneblinken, og irrealis-verba er dei som uttrykkjer framtid. (Macaulay 1996, Bhat 1999: 65). Vi ser altså at det finst ein tendens til at realis-modus har referansepunktet sitt i fortida eller notida, medan irreal modalitet ofte uttrykkjer framtid eller ikkje-fortid⁷. I tillegg har realis-modus ofte ein tilknytning til perfektivt aspekt, og irrealis til imperfektivt.

Modus er altså ein grammatisk kategori som kan ha innverknad på temporaliteten i ei setning, men det varierer svært frå språk til språk i kor stor grad denne koplinga er utvikla. Eit språk kan vere tempus-, aspekt- eller modusprominent, etter kva kategori som er den

⁷ Baht (1999) understrekar at realis og irrealis ikkje *svarar til* ulike tidsmarkeringar, slik det nesten er framstilt nokre stader i litteraturen.

dominerande (Bhat 1999: 7). I modusprominente språk vert dei andre grammatiske kategoriane sett «i lys av» modus-kategorien, og mange av desse språka har ei markant kopling mellom tempus/aspekt og modalitet. I tyrkisk til dømes, er denne koplinga høvesvis tydeleg, der modus og aspekt ofte er knytt til fortidsreferanse (Moskvil 2004). Det tyrkiske suffikset –mIs– uttrykkjer både tempus (fortid), aspekt (sluttresultat av ei prosess eller ei hending) og modus («annenhandskunnskap») (Moskvil 2004: 32-33). I følgjande døme ser me denne samanhengen og ei omsetting til norsk (ibid.: 34):

(8) *Kar yagmis*. «Det har (visst) snødd»

I norsk er koplinga svakare, men den finst. Hagen (2000: 299) skriv om preteritum av modale hjelpeverb som kan brukast utan å referere til fortida; *irreal* og *idiomatisk* preteritum.

Irreal:

(9) *Viss Carlos kunne spille piano, ville han ha lært det vidare til dottera si.*

Idiomatisk:

(10) *Kunne du dratt innom Rema1000 og kjøpt paprika på veg heim?*

I irreal preteritum uttrykkjer modalverbet eit irrealt vilkår: *Viss Carlos kunne spille piano - noko han ikkje kan*. Det irreale vilkåret antakast å stå i motstrid til faktum (Hagen 2000: 257). At verbet kan stå i preteritum i staden for presens perfektum for å uttrykkje irrealt vilkår, er spesielt for modalverb. I setning (10), idiomatisk bruk av preteritum, skaper fortidsforma *kunne* eit meir atterhaldt og indirekte høve til budskapet i setninga enn det ville ved bruk av presens. Den har eit meir høfleg og reservert uttrykk enn ved bruk av presens. Desse preteritumsformene har altså ikkje noko med fortidsreferanse å gjere (Hagen 2000: 299). Noko av det same finn vi på spansk, med preteritum imperfektum:

(11) *Quería un pincho de tortilla, por favor.*

Eg ønskjer-PRET.IMP eit stykkje tortilla, vær så snill.

Her uttrykkjer preteritum imperfektum-forma høflegheit, ikkje fortid. I spansk kan ein òg uttrykkje framtid med bruk av konjunktiv modus (sjå meir under 2.3.2):

(12) *Cuando llegues, llámame.*

Når du ankommer-KONJ, ring meg.

Konjunktivmarkeringa av verbet *llegar* ('å ankomme') plasserer situasjonen i framtida. Her ser vi ei kopling mellom tempus, aspekt og modalitet. Spansk har ein litt tydlegare utvikla samanheng mellom desse kategoriane enn norsk har, sjølv om det eksisterer i begge språka, og verken norsk eller spansk er døme på modus-prominente språk. Det vil seie at ingen av dei har modus som sin primære eller dominerande bøyingskategori av verb. Dessutan uttrykkjer indikativ modus i seg sjølv alltid ei tid – det vere seg fortid, notid eller framtid, og inneheld i så måte òg ei kopling til tempusmarkering. Vi ser altså at det i fleire ulike språk finst ei kopling mellom markeringa av modalitet, temporalitet og aspekt, men at det varierer i kor stor grad denne samanhengen kjem til syne.

Vi har i 2.1 sett på dei lingvistiske kategoriane *tempus* (2.1.1), *grammatisk aspekt* (2.1.2) og *modus* (2.1.3). I seksjon 2.2 skal eg gå over til å presentere *aksjonsart*.

2.2 Aksjonsart

Aksjonsart er ein inherent, semantisk eigenskap ved alle verb, og seier noko om den temporale dynamikken i situasjonen ein verbfrase refererer til. Aksjonsart vert nokre stader i litteraturen kalla leksikalsk aspekt, og er i motsetnad til grammatisk aspekt ikkje ein grammatisk kategori, det finst ikkje grammatisk markering for aksjonsart. Grammatisk aspekt og tempus er i litteraturen oftast nytta som grammatiske termar, medan aksjonsart som regel denoterer semantiske høve.

Gujord (2013b: 35) definerer aksjonsart som ein «semantisk-leksikalsk kategori som refererer til eigenskapar ved situasjonen verbfrasen eller heile setninga refererer til». Eit verb kan ha ulik aksjonsart etter kva kontekst det står i, og ein må altså ta i betraktning heile verbfrasen eller setninga når ein skal bestemme aksjonsart⁸. Smith (1983) understrekar at desse eigenskapane høyrer til det språklege uttrykket, og ikkje situasjonen i seg sjølv (referert i Bardovi-Harlig 2000: 213). Til dømes kan situasjonen som vert referert i alle dei følgjande frasane vere den same, men verbfrasane har ulike semantiske eigenskapar: *Carlos spring*, *Carlos spring 22 kilometer*, og *Carlos spring Madrid Maraton*. I den første setninga seiast det

⁸ Eg vil fleire gonger i avhandlinga for enkeltheits skuld bruke termen 'verb' når det er snakk om aksjonsart, men då refererer eg altså til heile verbfrasen/predikatet. Det er brei semje om at ein bruker termene på denne måten (Bardovi-Harlig 2000: 215).

ingenting om kvar eller kor lenge Carlos spring, men i dei to siste vert avstanden avgrensa. Likevel er det ikkje berre dei språklege elementa som bærer den semantiske informasjonen. Det språklege uttrykket og den eksterne situasjonen er i stor grad avhengige av kvarandre, og det er snarare *samanhengen* mellom desse to som legg grunn for dei ulike distinksjonane. Sjå meir om dette under 2.2.3.

Det er tre distinksjonar som ein kan leggje til grunn for å skilje mellom ulike aksjonsartar, dei er (\pm)*dynamisk*, (\pm)*telisk* og (\pm)*punktuell* (Dowty 1979, Andersen 1991, Comrie 1995). Ein dynamisk verbfrase (*Carlos spring*) viser til ein situasjon som er i rørsle, og som treng energi for å vare ved, medan ein statisk verbfrase (*Helene veit kvar Carlos bur*), er konstant. Ein telisk verbfrase (*Carlos sprang fem kilometer*) inneheld eit endepunkt, medan ei atelisk (*Helene bur på Nærnes*) ikkje gjer det. Ein punktuell verbfrase (*Carlos vant løpet*) har ikkje utstrekning i tid, og viser til ein forandring av status, medan ein durativ frase (*Helene skater til Vollen*) er noko som varer ved. Eg kjem nærmare inn på dei ulike distinksjonane i avsnitt 2.2.1.

Basert på dei tre distinksjonane gjort greie for over, kan ein dele verbfrasar inn i fire forskjellige aksjonsartskategoriar: statiske verb (STA), aktivtetsverb (AKT), accomplishmentverb (ACC) og achievementverb (ACH)⁹. Vendler (1967) var den første til å utforme desse kategoriane, og han tok utgangspunkt i distinksjonen (\pm)telisk, der statiske verb og aktivtetsverb er ateliske, og accomplishment og achievement er teliske. Vidare skilte han på dei som er statiske, og dei som er dynamiske – aktivtetsverb, accomplishmentverb og achievementverb. Seinare, i 1991, la Andersen til kategorien punktualitet, for å skilje mellom accomplishment'ar og achievement'ar, der accomplishment'ar er durative, og achievement'ar er punktuelle. Han definerte punktualitet som at verbet indikerer ei momentant endring. Vendler og Andersen sine framstillingar av aksjonsart vert til saman sjåande slik ut, og er mykje brukt i forskinga på aksjonsart (Andersen 1991: 311, gjeve att i eigen versjon i, Gujord 2013a: 42):

⁹ Eg baserer stort sett dei «norske» termane på Gujord 2013a: 37, fotnote 3.

	Dynamisk	Telisk	Punktuell	Døme
<i>Statiske</i>	-	-	-	<i>Vinden kjennes kald</i>
<i>Aktivitetar</i>	+	-	-	<i>Helene spelar fotball</i>
<i>Accomplishmentverb</i>	+	+	-	<i>Harald legg parkett</i>
<i>Achievementverb</i>	+	+	+	<i>José vant maratonen</i>

Tabell 1. Dei fire aksjonsartklassane.

Som nemnt er aksjonsarten avhengig av meir enn berre verbet i seg sjølv. Ein verbfrase kan endre aksjonsart i ulike kontekstar. Av frasane

(13) *Helene syng*

(14) *Helene syng ein song*

er den første frasen ein aktivitet, medan den andre er accomplishment.

2.2.1 Kategorisering i aksjonsart

Vi kan altså kategorisere verbfrasar i aksjonsart basert på ulike distinksjonar. Dette er gjort etter litt ulike retningslinjer hjå ulike forskarar (sjå 2.2.2). Eg baserer mi kategorisering i utgangspunktet på Vendler (1967) og Andersen (1991), (sjå *tabell 1*), hovudsakleg fordi det er denne som er mest brukt i aksjonsartforskinga, og dermed kan eg lettare samanlikne mi eiga undersøking med tidlegare arbeid. Denne inndelinga har òg brei støtte i litteraturen. Eg støtter meg òg på mellom anna Rothstein (2004) og Gujord (2013a) sitt syn på at aksjonsartkategoriane er leksikalsk-semanticke eigenskapar ved verbfrasar eller setningar. Eg kjem nærmare inn på den konkrete inndelinga for min studie i kapittel fire. Vi skal her sjå på dei tre grunnleggande distinksjonane for den «Vendlerske» inndelinga, (\pm) dynamisk, (\pm) telisk og (\pm) punktuell.

2.2.1.1 Dynamisk – statisk

Distinksjonen dynamisk – statisk skil dei statiske verba frå aktivitetar, accomplishment'ar og achievement'ar, og har med dynamikk og forandring å gjere.

To remain in a state requires no effort, whereas to remain in a dynamic situation does require effort, whether from the inside (agentive interpretation) or from the outside (nonagentive interpretation). (Comrie 1995: 49)

Comrie skriv at ein dynamisk verbfrase er ein frase som refererer til ein situasjon som inneheld forandring, og som treng tilføring av energi for å vare ved. 'Dynamisk' kjem frå gresk og tyder 'kraft'¹⁰. Eit døme på ein dynamisk frase er *Willem klatrar opp Table Mountain*. Ein statisk verbfrase er ein situasjon som i utgangspunktet ikkje inneheld forandring, men som varer ved i same situasjon, til dømes *Eit ektepar bur i huset*. Ein dynamisk verbfrase har fleire fasar. I situasjonen der Willem klatrar opp Table Mountain, må han flytte hendene og føtene sine, sikre seg i tauet osv. Om ein pausar situasjonen ein plass, er den ikkje den same som viss ein pausar ein annan plass. I den statiske frasen *Eit ektepar bur i huset*, derimot, er situasjonen den same om ein pausar i ein augneblink som i ein annan. Om det går an å svare på spørsmålet «Kva hendte?», er det ein dynamisk verbfrase (Kulbrandstad 2005 :136);

*Kva hendte? *Eit ektepar bur i huset.*
Willem klatra opp Table Mountain

Likevel *utelukkar* ikkje ein statisk frase forandring, til dømes i frasen *Boka står i hylla*, er det fullt mogleg at ein frå tid til annan flytter på boka, likevel er frasen *Boka står i hylla sann*¹¹. «Unless something happens to change the state, the state will continue» (Comrie 1995: 49). Altså kan ein seie at ein dynamisk situasjon *må* innehalde forandring, medan ein statisk *kan* innehalde forandring. Dessutan må gjerne ein statisk situasjon i likheit med ein kvar annan situasjon ta til og slutte ein gong, og det krev forandring. Sjølv om *Ekteparet bur i huset* er ein kontinuerleg situasjon, som kanskje varer i mange år, må dei ein gong flytte inn i huset og ein annan dag ikkje bu der lenger, og då er det snakk om forandring. Altså vil ein del av den statiske situasjonen (starten og slutten) vere ein dynamisk situasjon. Setninga *Eg sto der i ein time* inneheld eit start- og eit sluttspunkt, og i russisk kan verbet *sto* i denne setninga ha perfektiv form (*ja postojal* (Pfv.) *tam čas*), likevel er det snakk om ein statisk situasjon. I

¹⁰ Oxford Dictionary.

¹¹ Døme henta frå Comrie 1995: 49.

nokre språk har ikkje dei statiske verba ei form med perfektiv meining slik som i russisk og til dømes gammalgresk (Comrie 1995: 50).

I tillegg kan nemnast at når verbfrasen får negasjon, endrast aksjonsarten frå dynamisk til statisk (Behrens 1993: 9):

(15) Eg har teke opp brød frå frysaren. ACC

(16) Eg har ikkje teke opp brød frå frysaren endå. STA

Når ein legg til negasjon vil jo det bety at situasjonen referert til ikkje har skjedd, og dermed vil det alltid vere snakk om ein statisk situasjon, fordi den er utan dynamikk.

2.2.1.2 Telisk – atelisk.

Ordet telisitet kjem frå gresk og tyder 'ende' eller 'slutt'¹². Telisitet i semantikken har med avgrensing i tid å gjere, og ein telisk verbfrase er ein som refererer til ein situasjon som fører opp mot eit naturleg eller naudsynt endepunkt (Comrie 1995: 44). Ein atelisk verbfrase gir ikkje noko informasjon i seg sjølv om eit endepunkt. *Consuelo les* er atelisk, medan *Consuelo lager ei flette* er telisk. Begge situasjonane referert til er durative, men berre den teliske seier noko om avslutninga av situasjonen. *Consuelo* må på eit punkt fullføre å lage fletta, ho kan ikkje avslutte prosessen og framleis seie at ho har laga ein flette. Ein telisk verbfrase kan ikkje verte avbroten og framleis vere sann. Om *Consuelo* slutter å lese, er det framleis sant at ho har lest, men om ho stopper midt i flettinga, er det ikkje nødvendigvis sant at ho har fletta ei flette. Ein måte ein ofte kan teste om ein frase er telisk eller ikkje, er å gjere ein perfektiv frase om til ein imperfektiv. Om ein har ein imperfektiv frase, og frå den kan avleie ei perfektiv frase utan at innhaldet forandrar seg, er frasen atelisk (Comrie 1995: 44). I spansk vil setninga *Soraya está cantando* ('Soraya syng-PROG'), kunne avleie frasen *Soraya ha cantado* ('Soraya har sunge-PRES.PERF.'), men *Soraya está haciendo un zumo* ('Soraya lager-PROG ein juice') kan ikkje direkte avleie frasen *Soraya ha hecho un zumo* ('Soraya har laga-PRES.PERF. ein juice'). Dei to første første setningane er ateliske, dei to siste er teliske.

Comrie (1995: 45) sin definisjon av termane er utbreidd: «a telic situation is one that involves a process that leads up to a well-defined point, beyond which the process cannot continue». Gujord (2013b: 40) definerer telisitet slik:

¹² Store Norske Leksikon.

«Verbfrasar eller setningar er teliske dersom situasjonane dei refererer til har ei avgrensing i seg ved at dei anten fører fram til eit naturleg sluttspunkt der situasjonane ikkje lenger kan pågå, eller at situasjonane er retta mot eit mål eller fører til eit resultat. Verbfrasar eller setningar som ikkje er kjenneteikna ved slike avgrensingar, er ateliske.»

Eg ser det som at ein frase er telisk dersom den ved sitt språklege uttrykk binder situasjonen den refererer til i tid. Situasjonen er avgrensa ved at den inneheld eller fører fram til eit naturleg endepunkt eller resultat. Eg forstår *naturleg* endepunkt som eit punkt som må inntreffe og som er uunngåeleg.

Det kan imidlertid vere problematisk å skilje mellom teliske og ateliske verbfrasar. Heilt tilbake til Aristoteles har ein forsøkt å trekkje eit slikt skilje. Han skilte mellom *energeia* ('actualization' or 'activity', ateliske) og *kinêseis* ('motion' or 'change', teliske)¹³. Tanken bak *kinêseis* er at dei er ukomplette situasjonar som går mot ein ende, medan ein *energeia* er ein komplett situasjon i seg sjølv, som inneheld ein ende som vert «aktualisert idet situasjonen startar (Filip 2012: 721).

«At the same time we see and have seen, understand and have understood, think and have thought; but we cannot at the same time learn and have learnt, or become healthy and be healthy» (*Metaphysics*, 1048, 18-36, gjeve att frå Filip, 2012: 722).

For å binde dette saman med definisjonen av telisitet slik eg har definert over, er ein atelisk frase (*energeia*) like sann om den vert avslutta. *Dei tenkjer på ei framtid saman*, om ein sluttar å tenkje på ei framtid saman, er det framleis sant at ein har tenkt tanken. Ei telisk frase (*kinesis*) derimot, er ikkje like sann om den vert avslutta. *Eg lærer meg å skrive hebraisk*, om ein sluttar å lære seg hebraisk er det ikkje nødvendigvis sant at ein har oppnådd å lære seg hebraisk.

¹³ Aristoteles skriv om dette i *Metaphysics* (1048) og i *Nicomachean Ethics* (1074), gjeve att i m.a. Rothstein (2004: 2) og Filip (2012: 721-722).

2.2.1.3 Punktuell – durativ

Eit punktult verb er eit verb som refererer til ein situasjon som er utan varigheit. Det motsette av punktuelle verb er durative verb, og det er dette punktet som skil achievementverb frå dei andre verba.

Det er derimot ikkje berre lett å definere ein situasjon som heilt punktuell. Comrie (1995: 42-44) skriv om verbet *å hoste*, som ofte er brukt som døme for å forklare punktualitet. Det er i seg sjølv ein temmeleg punktuell situasjon, men den er likevel ikkje totalt utan varigheit. Om ein ser for seg situasjonen i ein film, og setter filmen på saktevisning, vil sjølv hendinga *å hoste* ha varigheit. Viss me vidare tenkjer oss at ein punktuell situasjon har å gjere med ei momentan endring, kan ein i større grad snakke om ikkje-eksisterande varigheit. I setninga *Harald vann maratonen*, er det ein augneblink der Harald ikkje har vunne maratonen, og ein augneblink der han har det, intervallet mellom dei to situasjonane er null. I språk med imperfektivt grammatisk aspekt, til dømes progressiv i engelsk, vil det vere veldig rart å seie *At this point, Harald is winning the marathon*.

I tillegg kan ein frase vere iterativ eller semelfaktiv. 'Semel' kjem frå latin og tyder 'ein gong'. *Harald vann maratonen* er ein semelfaktiv frase, det skjer ein gong. Om ein frase er iterativ betyr det at den er gjentakande, som til dømes *Carlos hosta eit par gonger før han sette seg*. Iterativitet er altså ingen motsetnad til punktualitet. I forbindelse med grammatisk aspekt kan det tenkjast at ein vanskeleg kan gi ei punktuell hending imperfektiv markering. Men om vi ser på frasen *Haralds family has been winning the marathon for years*, ser vi at det er mogleg med imperfektiv markering av ein punktuell situasjon, men at frasen då får iterativ betyding

Nokre slaviske språk har òg ei eiga slags markering for verb som under normale omstende ikkje kan sjåast å ha ei varigheit, slik som med verbet *å hoste*. I til dømes russisk får desse verba suffikset *-nu* i perfektiv, og har ikkje eit ekvivalent verb i imperfektiv med same meining¹⁴. Denne markeringa vert ofte kalla «semelfaktiv» eller «momentant» i slavisk lingvistikk, men kan òg ha iterativ betyding (Comrie 1995: 43).

¹⁴ Det vil seie, den «ekvivalente» forma i imperfektiv vil vere ulik frå den i perfektiv, nettopp fordi denne ikkje har punktuell betyding.

2.2.2 Utfordringar i klassifiseringa av aksjonsart

Det kan vere utfordrande å kategorisere verbfrasar, fordi det finst ulike framstillingar av aksjonsart, og ulike analytiske rammeverk rundt måten å kategorisere på. Her skal vi sjå på utfordringane som ligg i at termen *aksjonsart* vert fortsått og framstilt ulikt i litteraturen, og vanskane ved kategorisering i ulike klassar. Vi skal òg sjå litt på diskusjonen rundt kva *språkleg nivå* ein opererer på i klassifiseringa.

Språkleg nivå. Kva er det ein refererer til ved bruk av omgrepet aksjonsart, er det semantiske trekk ved språket, eller trekk ved den reelle situasjonen i den eksterne verda? Dei fleste vil vere einige om at aksjonsartindeling handlar om å klassifisere språk, men at det er ein viktig samanheng mellom språket og den eksterne verda for å kunne avgjere aksjonsart (Verkuyl 1989). Gujord (2013ab) og Rothstein (2004) skriv at aksjonsart er ein semantisk-leksikalsk eigenskap ved verbfrasen. Eg trur det i stor grad er snakk om ein samanheng mellom dei to elementa språket og verda, og at det å binde eit språkleg uttrykk i tid er avhengig av dette høvet. Om ein ser på setningane (17) og (18):

(17) Helene tar trikken.

(18) Helene tar trikken til Prinsens gate.

I røynda ser ein at det kan vere snakk om akkurat same situasjon, men at dei ulike språklege uttrykka i dette tilfellet skaper eit tidsavgrensande skilje mellom ein telisk og ein atelisk verbfrase. Men det i seg sjølv er likevel avhengig av ein situasjon frå den eksterne verda for å gi meining, sidan språket i seg sjølv ikkje «har» ei tid. Altså har tidsavgrensingane å gjere med relasjonen mellom språket og verda, og det er ved hjelp av det språklege uttrykket at ein binder tida eller ikkje.

Ein telisk frase bind tida til eit start- og/eller eit sluttpunkt (18), ein atelisk frase gjer ikkje det (17). Men vi *bruger* ikkje aksjonsart til å binde tida, derimot ligg aksjonsarten *implisitt* i verbfrasen som ein semantisk-leksikalsk eigenskap, og er avhengig av høvet mellom språket og verda. Til dømes er kriteria for at ein verbfrase skal vere dynamisk, tilføring av energi for at situasjonen skal halde fram (sjå 2.4.2.1). *Myriam dansar med høge hælar* er ei dynamisk verbfrase. Denne frasen er avhengig av eit høve til ein ekstern situasjon for i det heile tatt å kunne snakke om tilføring av energi. Det vil seie, vi er i det minste avhengige av ein *hypotetisk* ekstern situasjon. Ein kan jo dikte opp kva det måtte vere, Myriam treng ikkje vere ein reell person som søndag den femtande februar i 2015 dansa iført høge hælar i eit diskotek i Valencia. Den eksterne situasjonen er altså ikkje nødvendigvis noko som verkeleg har skjedd, men ein situasjon – den vere seg hypotetisk – er alltid

avhengig av den eksterne verda for å kunne eksistere og for å kunne bli forstått. Så kan vi i neste ledd bruke språket som verktøy for å vinkle situasjonen på ulike måtar, til dømes ved hjelp av grammatisk aspekt eller modus. Aksjonsart er ein implisitt leksikalsk-semanticke eigenskap i ein frase, og denne eigenskapen vert realisert i interaksjon med andre språklege og utanomspråklege høve (Rothstein 2004: 33). Med andre ord er skildringa av røynda aldri heilt objektiv. Våre språklege uttrykk vil alltid vere ei attgiving av korleis vi individuelt oppfattar og erfarer verda. Likevel må ein gå ut ifrå at menneske oppfattar ulike konsept meir eller mindre «likt», for å empirisk kunne handsame dei språklege uttrykka.

Utfordringar i kategoriseringa. I neste omgang finst det usemje rundt *korleis ein skal kategorisere* verbfrasar i aksjonsartklassar. Eg har i mitt prosjekt teke utgangspunkt i Vendler si inndeling (sjå avsnitt 2.2), hovudsakleg fordi det er denne framstillinga som er mest brukt i studiar på aksjonsart, og det gir meg lettare høve til å samanlikne min studie med tidlegare undersøkingar. Sjølv om mykje av litteraturen rundt aksjonsart er basert på desse retningslinjene, er det ikkje alle som oppfattar og operasjoniserer aksjonsart på same måte som Vendler. Nokon av hans sine største kritikarar er Dowty og Verkuyl. Dei var òg blant dei første til å peike på at det ikkje alltid berre er verbet i seg sjølv som avgjer aksjonsarten, men at andre element i frasen ofte spelar inn (Rothstein 2004: 3). Rothstein (2004) og Gujord (2013a) undersktrakar at dei fire aksjonsartklassane er eigenskapar ved *verket*, og at telisitet og atelisitet er eigenskapar ved *verbfrasen*. Rothstein skriv at til dømes setninga *John løp til butikken*, er ein telisk frase med eit aktivitetsverb som kjerne, og understreker at aksjonsart kan skifte med same verb i ulike kontekstar (Rothstein 2004: 34). Dei ser begge på aksjonsart som ein leksikalsk-semanticke eigenskap ved samanhengen mellom verb og ekstern situasjon, og meiner at ein som regel er avhengig av å sjå på heile frasen eller setninga for å bestemme aksjonsarten. Gujord (2013a) oppfattar Vendler sine kategoriar som

«(...)språklege kategoriar som viser til konseptuelle og strukturelle distinksjonar som ligg under dei språklege uttrykka for temporalitet i mange språk i verda. Samstundes antar eg at det leksikalsk-semanticke innhaldet i verb i språk i verda varierer, og at innlærarar kan overføre verbsemanticke frå morsmålet til innlærarspråket.» (Gujord 2013b: 54).

Vi skal sjå på nokre tilfelle der aksjonsarten endrast i ulike kontekstar. Til dømes vil eit adverbial eller ein annan type komponent som gir informasjon om mål, utstrekning eller lokalisering endre ein aktivitet til ein accomplishment (Rothstein 2004: 30 og Gujord 2013a: 133). Dette kan illustrerast med døma under:

- (19) Helene lagar kaffe. (aktivitet)
- (20) Helene lagar kaffe til klokka fem. (accomplishment)
- (21) Helene lagar tre koppar kaffe. (accomplishment)
- (22) Ida trente hesten sin jamt. (aktivitet)
- (23) Ida trente to runder med hesten sin kvar dag. (accomplishment)
- (24) Harald har sykla. (aktivitet)
- (25) Harald har sykla i to timar. (accomplishment)
- (26) Harald har sykla gjennom skogen. (accomplishment)

Dette skiftet i aksjonsart kan òg andre vegen, frå accomplishment til aktivitet. Dersom verbfrasen har kvantifiserande determinativ og definitivt objekt (27) er den accomplishment, men får den eit indefinitivt objekt som står i fleirtal (28), eller eit massesubstantiv (29), vert frasen ein aktivitet (Gujord 2013b: 50):

- (27) Hilde åt ei skive/tre skiver/alle skivene på ti minutt (accomplishment)
- (28) Hilde åt skiver i ein halvtime (aktivitet)
- (29) Hilde drakk vatn i ein halvtime (aktivitet)

Verkuyl (1989) meiner at aksjonsart er ein ontologisk leksikalsk-semantisk eigenskap på setningsnivå (1989: 39-40). Det at eit verb kan endre aksjonsart etter kva kontekst det står i, viser at aksjonsart er ein eigenskap ved frasen, ikkje ved verbet, og dermed må aksjonsartklassifisering skje minst på frasenivå. Særskilt telisitet meiner Verkuyl at er ein eigenskap ved setninga. Han argumenterer med døme der subjektet er det elementet som endrar aksjonsarten, slik at ein med andre ord må bevege seg frå verbfrasen til heile setninga for å slå fast telisitet. Setning (30) og (31) viser døme der aksjonsarten går frå telisk til atelisk ved at subjektet endrast frå eintal til fleirtal og (framstilt i Rothstein (2004: 155) og Gujord (2013b: 50-51)):

- (30) Pablo oppdaga det hemmelege rommet (telisk)
- (31) Barn har oppdaga det hemmelege rommet i generasjonar (atelisk)

Men dette er ikkje nødvendigvis alltid tilfellet, sjølv om subjektet står i fleirtal saman med ei punktuell verbfrase, skiftar ikkje alltid aksjonsarten frå telisk til atelisk (døme henta frå Rothstein 2004: 155):

(32) When she rang the bell, servants arrived in a minute. (telisk)

(33) Owls arrived in five minutes, bringing letters and packages. (telisk)

Verkuyl meiner trekka dynamisk–ikkje-dynamisk, og frå- eller nærvær av kvantifiserande objekt er hovudskiljet, og reknar ikkje fire, men tre ulike klassar for aksjonsart – statiske, aktivitetar og accomplishment'ar. Generelt er achievementklassen den klassen som flest moderne aspektologar har problem med å godta (Verkuyl 1989, Mittwoch 1991, Gujord 2013a,b).

Bache (1997) understrekar òg viktigheita av kontekst når ein skal klassifisere, og meiner at eit verb har *potensial* for ulike aksjonsartar, og at aksjonsarten vert realisert i samband med andre morfologiske, syntaktiske eller kontekstuelle element (Bache 1997: 211).

Dowty (1979) har òg litt andre kriterier enn Vendler å kategorisere verb på. Han er meir einig med Vendler enn dei to tidlegare nemnte, men skil seg frå han når det kjem til grensa mellom accomplishment'ar og achievement'ar Tonne (2000) gir att nokon av hans hovudpoeng. Han ser på aksjonsart som ein *leksikalsk dekomponering av predikatet*. Ein treng berre å postulere éin enkelt klasse for verb – statiske – og så legge til tre eller fire ulike operatorar (Dowty 1979: 71). Det som skil accomplishment'ar frå achievement'ar er operatoren [CAUSE]. Han meiner både accomplishment'ar og achievement'ar markerer ei tilstandsendring [BECOME], men at accomplishment'ar har ein logisk struktur som i tillegg inneheld kausalitet – [CAUSE]. Av dei følgjande setningane er (34) accomplishment, og (35) achievement:

(34) Han drepte katten CAUSE (accomplishment)

(35) Katten døde BECOME (achievement)

Ei følgje av dette, og eit område som Dowty skil seg frå Vendler, er at telisk durative setningar vert klassifiserte som achievement'ar, som til dømes «Vatnet kokar» (Tonne 2000).

Det eksisterer altså ulike utfordringar knytt til klassifisering i aksjonsart. Eg har her peika på utfordringane som gjeld kva nivå ein opererer på, og sett på ulike syn på korleis ein kan

trekkje retningslinjene mellom dei ulike klassane. Det er også ei utfordring er å avgjere akkurat på kva punkt desse skifta mellom klassane skjer, og dette kan vere like mykje eit metodisk som eit teoretisk problem (Gujord 2013b: 53). Her kjem ein inn på viktigheita av å vere presis og konsistent i metodeutføring (meir om dette i 3.2.2). Eit anna uklart punkt er i kva grad dei ulike rammeverka, til dømes Vendler sitt, representerer universelle semantiske kategoriar. Som vi har sett, kan aksjonsarten til eit verb skifte i ulike kontekstar, og i nokre tilfelle er det vanskelig å trekkje skiljet mellom de ulike semantiske eigenskapane. Dessutan er det ikkje likt i alle språk i verda. Dette understrekar altså viktigheita ved å vere konsistent og presis i framgangsmåten ein tek i bruk når ein kodar, for å sikre haldbarheit i studien, og for å kunne samanlikne med anna forskning på aksjonsart. I den aktuelle studien er dette gjort greie for i metodedelen, avsnitt 4.2.3.

2.3 Kontrastiv samanlikning av verbbøying i spansk og norsk

Norsk og spansk høyrer begge til den indoeuropeiske språkfamilien. Spansk er eit romansk språk i familie med italiensk, portugisisk, romansk og fransk, og norsk er nord-germansk i lag med dei andre nordiske språka, svensk, dansk, islandsk og færøysk. Norsk og spansk er begge syntetiske og flekterande språk, som (til ein viss grad) markerer grammatiske høve. I flekterande språk kan bøyingsmorfema uttrykkje meir enn eitt innhald, i motsetnad til agglutinerande språk – til dømes tyrkisk, der bøyingsmorfema er berar av eitt grammatisk høve. I syntetiske språk føyast bøyingsendingar til stammen av ordet. Analytiske språk på andre sida, bruker meir ordstilling og funksjonsord for å uttrykkje grammatiske høve, og isolerande språk er i heilt andre enden av skalaen, heilt utan bøyingsformer. Eg skal kort ta for meg relevante trekk ved norsk og spansk.

2.3.1 Norsk

Norsk er eit flekterande og syntetisk språk, og vi bøyer verb i finittheit, tempus, modus, fortidigheit og diatase (Hagen 2000: 82). Av flekterande trekk, kan nemnast at norsk uttrykkjer både bestemtheit og numerus i substantivbøying, der morfemet *-ane* i *stolane* markerer begge delar.

Vi har absolutt tempus i norsk (sjå 2.1.1), og det finst to primære tempusformer: presens og preteritum (Kulbrandstad 2005: 120), som plasserast i høve til det deiktiske senteret, som på norsk som regel er ytringsaugneblinken. Preteritum markerer normalt fortid, og presens markerer notid, fortid – ofte historisk eller dramatisk presens, framtid, eller ei slags allmenn tilstand. I tillegg har vi perfektum som ein kategori verdt å nemne. Perfektum

har som sin grunnleggjande funksjon å skildre ei notidig tilstand i lys av ei hending i fortida (Gujord 2013a). Tenfjord (1997) meiner i tillegg at ein svært viktig funksjon ved perfektum er at den refererer til ei *konsekvenstilstand*: det er ikkje det fortidige innhaldet i perfektum som er det sentrale, det er at ei hending i fortida har *konsekvens* for situasjonen i notida, og derfor står hjelpeverbet i presens. Perfektum har òg fleire andre funksjonar i norsk, og kan til dømes beskrive at ei tilstand som har røter i fortida, framleis gjeld. Her ser vi korleis dei ulike formene kan referera til fortid, notid og framtid:

Preteritum:

Fortid: (36) *I fjor jobba Myriam på Lanzarote.*

Presens:

Notid: (37) *No jobbar Myriam på eit diskotek på Ibiza.*

Fortid (dramatisk/historisk): (38) *Denne sommaren jobbar Myriam på eit diskotek.*

Framtid: (39) *Til neste sommar jobbar Myriam sikkert på Ibiza.*

(40) *Det er mange jenter frå Peru som jobbar på Ibiza om somrane.*

I tillegg konstruerer vi fortid, framtid og notid med samansette og omskrivne verbformer:

Fortid:

Presens perfektum: (41) *Consuelo har studert i Madrid til å bli stylist.*

Preteritum perfektum: (42) *Tor hadde fortsatt å spille i band, hadde han ikke flytta.*

Preteritum futurum: (43) *Kari skulle smile til verden, tenkte hun, selv om det var en grå dag.*

I min studie er særleg preteritum og perfektum interessant, og er dei formene som vil vere i fokus i analysen av dataa. I undersøkinga mi slår eg saman preteritum og perfektum i ein kategori av praktiske grunnar (meir om dette i 4.2.3.2). Eg er klar over at dette er ei overforenkling og at det er problematisk, sidan preteritum og perfektum har to ulike

funksjonar og skil seg frå kvarandre på ulike områder. Til dømes har perfektum ein meir kompleks semantikk enn preteritum¹⁵.

Notid:

Presens futurum: (44) *Consuelo vil reise til Don Benito i påsken.*

(Dersom *vil* vert brukt som modalverb, altså at ho *ønskjer* å reise.)

Framtid:

Presens futurum: (45) *Alberto skal spille trompet i 17.mai-toget.*

Ein kan påstå at norsk har moglegheit for å uttrykkje relativ tempus, om ein ser på desse setningane:

(46) *Sittande og lese, blir ho alltid kald.*

(47) *Sittande og lese, vart ho alltid kald.*

I setning (46) plasserast *sittande* i notida, medan i setning (47) vert det plassert i fortida (Comrie 1995 :2). Her stridast det dessutan om *sittande* er klassifisert som verb eller adjektiv¹⁶.

Av modusbøying i norsk har vi indikativ og imperativ som aktive bøyingskategoriar, medan vi har nokre frosne rester av konjunktiv. Modus er ein form for modalitet, likt som at tempus er ein form for temporalitet. Modalitet angir talaren si haldning til ytringa, og modus er den grammatiske markeringa for å uttrykkje dette. Imperativ angir ei befaling, eit forbod, ei oppmoding eller liknande: *Jobb meir med datainnsamlinga di. Ta med deg nistemat*. Indikativ er «alt anna», det vil seie alle dei andre måtane å bøye verb på, og indikativ angir ikkje éi konkret type haldning frå talaren si side. Konjunktiv uttrykkjer ønskje eller oppmoding. I norsk har vi uttrykk som *Leve kongen!* eller *Velsigne deg!* som er gamle konjunktivsformer. (Kulbrandstad 2005).

¹⁵ For meir om skilnadane mellom preteritum og perfektum på norsk, sjå Tenfjord 1997 og Gujord 2013.

¹⁶ I følgje Norsk referansegrammatikk reknast ikkje presens partisipp som ei bøyingsform av verbet, men som ein adjektivisk avleiing. Kulbrandstad (2005) omtalar presens partisipp som ei infinitt form av verbklassen (ibid.: 119).

2.3.2 Spansk

Spansk er eit flekterande språk, og bøyer verba sine i person, tal, tempus, modus og grammatisk aspekt. Dei kan òg uttrykkje passiv og aktiv med perifrastiske konstruksjonar (Alarcos Llorach 1999)¹⁷. Generelt har spansk ein ganske rik verbmorfologi, med ti ulike tider av samansette og enkle verbformer, og i tillegg konjunktiv bøyning (Chiquito 2009). Hovudforskjellen mellom spansk og norsk i denne samanhengen er at spansk har grammatisk aspekt, der norsk ikkje har det (sjå avsnitt 2.3). På spansk er det ein distinksjon mellom imperfektiv og perfektiv. Ein ser flekterande trekk ved spansk i at dei slår saman markering av tempus og grammatisk aspekt. I setning (48) under, bærer *leyó* informasjon både om at det er fortidstempus og perfektivt grammatisk aspekt (Comrie 1985: 7).

(48) *Alberto leyó el libro*
Alberto las-PERF boka

(49) *Alberto leía el libro*
Alberto las-IMP¹⁸ boka

Begge formene plasserer situasjonen i fortid. Den perfekte forma *leyó* uttrykkjer at hendinga er eit avslutta heile, og gir uttrykk for at situasjonen er ei komplett, avslutta hending, utan å leggje vekt på den interne temporale strukturen. Den imperfektive forma *leía*, er ofte skildra som eit «bakgrunnstepp», ein gir informasjon om at situasjonen har intern temporal struktur, og legg vekt på at hendinga har utstrekning i tid. Imperfektum vert ofte brukt for å fortelje at noko føregår, samstundes med at noko anna inntreff – då brukast perfektiv.

(50) *Alberto leía cuando sonó el teléfono.*
Alberto leste-IMP idet ringte-PERF telefonen


Reichenbach (1947), gitt att i Bosque (1990), framstiller det temporale høvet mellom perfektiv og imperfektiv i spansk slik (ibid.: 58):

¹⁷ For å konstruere passiv, bruker ein anten vanleg passiv struktur, der agenten i setninga vert det grammatiske subjektet, upersonleg struktur med anonymisering av agenten eller ved bruk av partikkelen *se*. Sjå til dømes Chiquito 2009.

¹⁸ PERF står for perfektum, IMP står for imperfektum.

(51) *Yo vi a María*
 Eg såg-PERF Maria ('oppdaga', 'la merke til')

(52) *Yo veía a María*
 Eg såg-IMP Maria ('såg på')



Figur 3. Temporale høve mellom spansk perfektiv og imperfektiv. Reichenbach (1947), gitt att i Bosque (1990)

R= Referansepunkt

E= «Evento», Situation Time (jamfør avsnitt 2.1)

H= «Hablar», Time of Utterance (jamfør avsnitt 2.1)

ST= «Sucesión Temporal» (temporal sekvens), eg forstår det som frasen, den samla sekvensen av R, E og H.

Figuren viser at ei perfektiv form refererer til ein situasjon som éin uavbrutt sekvens, medan den imperfektive markeringa indikerer at situasjonen har intern stuktur i form av at den temporale sekvensen er «oppdelt».

Av *tempus* har spansk presens, preteritum og perfektum, og dei kan i tillegg bøye i futurum.

Modus er også ein aktiv bøyingskategori i spansk, og dei bøyer i motsetnad til norsk verba sine i *konjunktiv*, i tillegg til indikativ og imperativ. Konjunktiv kan uttrykkje ønskje eller oppmoding, eller noko fiktivt eller hypotetisk (Alarcos Llorach 1999: 154). I spansk bruker ein konjunktiv når agenten i ei setning ønskjer noko for ein annan, eller oppmodar han til å gjere noko.

(53) *Voy a una boda en Mayo, y quiero que vengas conmigo.*
Eg skal i bryllaup i mai, og eg ønskjer-IND¹⁹ at du blir-KONJ med meg.

[(pers.1,verb1-IND pers.2,verb2-KONJ)]

(54) *Espero que te guste la película.*

Eg håpar-IND at du vil like-KONJ filmen.

[pers.1,verb1-IND pers.2,verb2-KONJ]

Det kjem òg til uttrykk i heilsetningar, når setninga startar til dømes med *ojalá (que)*, det kan omsettast til norsk med 'vonleg' eller 'gid' (Chiquito 2009: 165).

(55) *Ojalá (que) hayas tenido un buen viaje!*

Gid/eg håpar (at) dykk har hatt-KONJ ein fin reise!

Her har vi sett dei viktigaste skilnadane mellom norsk og spansk som er relevante for den aktuelle studien. Dei går hovudsakleg på skilnadar mellom grammatisk aspekt og modusbøying. I tillegg har spansk preteritum og perfektum som på norsk, som også er eit relevant trekk.

2.4 Oppsummering

I dette kapitlet har eg gjort greie for dei språklege kategoriane som er i fokus i studien min. Vi har i hovudsak sett på temporalitet (2.1), aksjonsart (2.2) og høvet mellom norsk og spansk (2.3). Dei språklege kategoriane som er presenterte, er også dei som vil vera sentrale i undersøkinga mi, som kjem i kapittel 4–6. Før vi ser på sjølve studien, skal eg i kapittel 3 gjere greie for det læringsteoretiske rammeverket for undersøkinga.

¹⁹ IND tydar indikativ.

3. Det læringsteoretiske rammeverket


Her vil eg gjere greie for det læringsteoretiske rammeverket for undersøkinga. Eg vil i 3.1 ta kort føre meg relevant tidlegare forskning på temporal morfologi i andrespråk. Deretter, i 3.2 presenterer eg Aksjonsarthypotesen, som er det eg baserer mine hypotesar og min studie på. Her vil eg kome inn på tidlegare forskning av Aksjonsarthypotesen, samt presentere nokre av utfordringane som er knytt til forskinga. Til slutt, i 3.3, gjer eg greie for formålet med studien min. Her presenterer eg mine eigne hypotesar.

3.1 Forsking på temporal morfologi i andrespråk

Sidan 1980-talet har forskinga på framveksten av temporal morfologi vore eit av dei mest utforska områda innanfor andrespråkslingvistikken, og tradisjonelt ein har gått ut i frå at innlæringa skjer på bakgrunn av universelle prinsipp for innlæring (Collins 2004, Odlin 2005, Deo 2009, Shirai 2009, Gujord 2013b). Ein har sett i mykje av forskinga at morsmålsbakgrunn har hatt lite å seie for innlæringa av temporale kategoriar (Bardovi-Harlig 2000: 411), og at det finst tileigningsrekkefølger for tempus og aspektmorfologi (Bardovi-Harlig 2000: 419, gitt att i Gujord 2013b: 27). Noko av det som er mest omtalt i denne samanheng, som òg i stor grad har fått støtte, er betydinga av det semantiske innhaldet i verbfrasen.

Ein av dei mest omfattande studia av (mellom anna) temporal tileigning vart gjort i det såkalla ESF-studiet²⁰, der ein fann at innlærarar – på tvers av morsmål – gjerne hadde lik tileignings-rekkefølge av ulike måtar å markere temporalitet på. Ofte lærte ein seg først å uttrykkje tid ved hjelp av konteksten og diskursen i setninga, deretter ved hjelp av ord, til slutt morfologisk (Selj 2010: 53-54). Ein kan ut frå dette sjå for seg tileigning av temporal markering på desse tre nivåa som vist i *figur 4* på neste side:

²⁰ *The European Science Foundation Project* såg på språktileigning hjå vaksne innlærarar i fem ulike målspåk. Dei granska mellom anna temporal tileigning. (Dietrich, Klein og Noyau 1995)



Figur 4. Tileigning av temporal markering, basert på Selj 2010

Framveksten av temporal morfologi har tradisjonelt skjedd innan to leirar, anten med ei form-til-funksjon tilnærming, eller funksjon-til-form. Form-funksjon tek utgangspunkt i dei morfologiske formene, medan funksjon-form ser på funksjonen av eit morfem først, og på morfologien i andre rekkje (Starren 2001). Forsking på Aksjonarthypotesen, som er det eg ser på her, plasserer seg innan form-til-funksjon-tradisjonen, og fokuserer på spørsmål som korleis og kvar fortidsformer dukkar opp i mellomspråk.

Det finst nyare retningar som strider litt med det tradisjonelle synet på tileigning av temporal morfologi. Ein har tenkt at morsmålet har noko å seie for det fonologiske og leksikalske, men ikkje i lik grad for det morfologiske. I relativt nye forskingsfelt har ein fokusert meir på at *språket påverker tanken*²¹, og at innlærarar med ulike morsmål konseptualiserer tid ulikt. Ein har sett at menneske med typologisk ulike språk kan uttrykkje temporale kategoriar ulikt, noko som understrekar at den semantiske og konseptuelle realiseringa av den eksterne verda skjer på ulike måtar. Progressiv markering er eit døme. I studiar ved Universitetet i Heidelberg har ein mellom anna funne at av innlærarar av same målspråk og ulikt morsmål, der den eine har progressiv i morsmålet og den andre ikkje, vil dei uttrykkje seg forskjellig på målspråket (Von Stutterheim, Carrol & Klein 2009). Innlærarane fekk sjå ein stumfilm og skulle så gi att innhaldet. Sjølv om dei refererte til same situasjon, kunne dei bruke forskjellig morfologisk markering på verba. Dette peiker i retning av at morsmålet absolutt kan ha noko å seie i innlæring av temporalitet, og er derfor noko som bør takast med også i forskinga på aksjonsart. I norsk samanheng er spørsmålet morsmålpåverknad utforska i ei rekkje avhandlingar der Kari Tenfjord (1997) si

²¹ *Speaking for thinking hypothesis*, Slobin 1996

longitudinelle kasusstudie av fire vietnamesisk innlærarar var den første. I den seinare tid er også spørsmålet om forholdet mellom språk og tanke også trekt inn i utforskinga av morsmålstransfer gjennom *ASKeladden*-prosjektet ved Universitetet i Bergen²².

3.2 Aksjonsarthypotesen

Aksjonsarthypotesen predikerer ein samanheng mellom det semantiske innhaldet i verbfrasen og tileigninga av bøyingsmorfologi. Den var først utvikla til å gjelde førstespråkstileigning, men forskarar tok dette med over på andrespråkstileigning. Den baserer seg i utgangspunktet på ei «vendlersk» inndeling av verb (sjå 2.4.1).

Aksjonsarthypotesen består av fire kjernehypotesar (Bardovi-Harlig 2000: 227, Andersen & Shirai 1996 og Shirai 2009, gitt att i Gujord 2013a: 40-41):

- 1) Learners first use past marking or perfective marking on achievements and accomplishments, eventually extending use to activities and statives.
- 2) In languages that encode the perfective-imperfective distinction, imperfective past emerges later than perfective past, and imperfective past marking begins with statives, extending next to activities, then to accomplishments, and finally to achievement.
- 3) In languages that have progressive aspect, progressive marking begins with activity verbs, and then extend to accomplishment or achievements verbs.
- 4) Progressive markings are not overgeneralized to statives.

Denne studien konsentrerer seg om punkt (1), altså at grammatisk fortidsmarkering brer seg frå achievementverb og accomplishmentverb (teliske) til aktivitetar og statiske verb (ateliske). Det er denne delen som det har vorte forska mest på, og funne mest støtte for (Bardovi-Harlig 2000: 233, Collins 2002: 47). I norsk har vi dessutan ikkje distinksjon mellom perfektivt og imperfektivt aspekt (2), og vi markerer progressivitet (3), (4) ved leksikalske og syntaktiske konstruksjonar, ikkje ved t.d. hjelpeverb og verbsuffiks som i spansk og engelsk²³.

²² Lenke til nettsidene for ASKeladden: <http://www.uib.no/fg/askeladden>

²³ Engelsk: I *am eating*, spansk: *Estoy comiendo*, norsk: Eg held på å ete.

3.2.1 Forsking på Aksjonsarthypotesen i andrespråksinnlæring

Her skal eg presentere nokre av den tidlegare forskinga som er gjort på Aksjonsarthypotesen når det gjeld innlæring av eit andrespråk. Eg trekk ut den forskinga som har mest relevans for den aktuelle studien, det vil seie studiar der informantane er spanske, det er nytta same metodebruk, eller som testar same kjernehypotese. Generelt har Aksjonsarthypotesen fått brei støtte i litteraturen, og særleg kjernehypotese (1) (Bardovi-Harlig 2000: 228, 233). Tidlegare forskning på hypotesen har variert både i kva språk som er undersøkt, metodebruk og resultat. Mykje av forskinga er gjort på språk som har grammatisk aspekt i tillegg til aksjonsart (t.d. spansk, engelsk, fransk)²⁴, og mange av desse studia undersøker òg kjernehypotese (2) i Aksjonsarthypotesen. Sidan norsk ikkje har grammatisk aspekt, undersøker eg ikkje dette i min studie. Når det gjeld metodebruk, har tidlegare studiar generelt funne meir støtte ved bruk av meir kontrollerte innsamlingsmetodar (Bardovi-Harlig 2000, meir om dette i 4.2.2). Noko av den mest relevante forskinga for dette prosjektet og som liknar mest i utføring på det inneverande studiet, er som følgjer²⁵ (andrespråk er omtalt som S2):

- Bardovi-Harlig (1998) samla inn skriftlege og munnlege narrativar hjå 51 innlærarar av engelsk S2, etter å ha vist informantane eit klipp frå *Modern Times*. Ho fann klar progresjon frå achievementverb og accomplishmentverb til aktivitetar og statiske verb (Bardovi-Harlig 2000: 230), altså kjernehypotese (1) rett nok med tydlegare spreining i sine skriftlege data enn i dei munnlege.
- Andersen (1991) gjorde datainnsamling hjå seksten innlærarar av spansk S2 med engelsk som førstespråk. Han undersøkte tileigninga av grammatisk aspekt, og fann støtte for kjernehypotese (2) i Aksjonsarthypotesen – at dei gav perfekt aspekt til achievementverb først, så til accomplishmentverb.
- Hasbún (1995) testa 80 innlærarar av spansk S2, med filmklipp frå *Modern Times*. Han brukte skriftlege narrativar, og fann støtte for kjernehypotese (1) i Aksjonsarthypotesen, med spreining frå teliske til ateliske verb ved markering av fortid (Bardovi-Harlig 2000: 229).
- Martelle (2011) testa Aksjonsarthypotesen på engelske innlærarar av russisk S2. Ho brukte filmklipp frå *Modern Times*, og samla både munnlege og skriftlege narrativar (42 informantar på kvar av studia), og i tillegg munnlege samtalar (33 informantar).

²⁴ Sjå Bardovi-Harlig 2000: 234ff.

²⁵ Fullstendig oversyn over forskning på Aksjonsarthypotesen er gitt i Bardovi-Harlig 2000: 206-210 og 228-234.

Russisk har grammatisk aspekt, og Martell testa difor førekomst av fortidsmorfologi i høve til markering av perfektiv og imperfektiv. Ho fann i dei munnlege dataa større grad av støtte til Aksjonsarthypotesen enn i dei skriftlege. Generelt fann ho at språkbrukarane (i størst grad på lågare nivå) brukte imperfektiv markering i fortid før dei brukte perfektiv (Martelle 2011: 113), og fann dermed ikkje støtte for kjernehypotese (2) i hypotesen (ibid.: 117). Kjernehypotese (1), fann ho derimot støtte for, og ho fann meir støtte blant innlærarane på lågare nivå.

- Tenfjord (1997) var ein studie av korleis den grammatiske markeringa av kontekstar for preteritum og perfektum vaks fram hos fire vietnamesiske norskinnlærarar over ein lengre periode. Sjølve om Tenfjord ikkje hadde som føremål å teste Aksjonsarthypotesen, kommenterte ho følgjande observasjon i den eksplorative delen av doktoravhandlinga si:

«M8 [siste observasjonspunkt] viser altså at det er STATE-verbene som er dominerende blant de verbene som sist blir markert for tempus. Mais system i M8 kan dermed tolkes som en støtte til hypotesen om at verbets aksjonsart påvirker utviklinga av tempusmarkering» (Tenfjord 1997: 212).

Tenfjord fann altså støtte til Aksjonsarthypoteseforskinga.

- Gujord (2013a) testar i si doktoravhandling mellom anna første kjernehypotese av aksjonsarthypotesen på somaliske og vietnamesiske innlærarar av norsk. Ho brukte skrivne tekstar frå ASK-korpuset ved Universitet i Bergen, 99 tekstar av vietnamesiske innlærarar og 97 av somaliske. Ho fann ikkje støtte for hypotesen, og peika på at det at ho nytta andre data (korpusdata) og andre metodar i studien, til dels kunne spela ei rolle for utfallet.
- Domínguez et.al (2013) testa fordelinga av imperfektivt og perfektivt aspekt i spanske innlærardata. Dei hadde 60 informantar på tre ulike nivå, og brukte både munnlege korpus-data og skriftlege utfyllingsoppgåver. Dei konkluderer med at det som påverkar innlæring av fortidsmarkering med omsyn til kjernehypotese (2) av Aksjonsarthypotesen, er om verbfrasen er *dynamisk* framfor om den er *telisk*. Dei uthevar òg metodebruk som ein viktig faktor, og understrekar viktigheita av å variere og å kombinere ulike innsamlingsmetodar for å styrke data i ei undersøking av Aksjonsarthypotesen (Domínguez et.al 2013: 526).

- ESF-prosjektet, *The European Science Foundation Project* (Dietrich, Klein og Noyau 1995), såg på språktileigning hjå vaksne innlærarar i fem ulike målspråk, og testa mellom anna Aksjonsarthypotesen. Dette er det mest omfattande studien som er gjort på temporalitet, og dei fann ikkje støtte for hypotesen (Bardovi-Harlig 2000: 269).

3.2.2. Utfordringar i forskinga på Aksjonsarthypotesen.

Forsking på Aksjonsarthypotesen har òg fått kritikk frå ulike hold. Tradisjonelt har forskinga basert seg på ein føresetnad om universelle trekk ved språk, og ein har ikkje teke omsyn til morsmålet hjå innlærarane, men gått ut ifrå at alle har same tileigningsrekkefølge (Odlin 2005, Collins 2004, Shirai 2009, Sharma & Deo 2009). Dette har vorte kritisert, ettersom ein i nokre av den seinare forskinga knyter eit litt anna fokus til høvet mellom det språklege uttrykket og den eksterne verda (sjå Lee 2001), og ein har sett at det vore problematisk å skulle klassifisere verbsemantikken etter slike universelle reglar. Språkbrukarar konseptualiserer temporale kategoriar forskjellig, og i typologisk ulike språk har ein sett at dette kan komme til syne i dei språklege uttrykka (Rothstein 2004, 2008). Ein kan altså forvente mindre samsvar i verbsemantikken i målspråket hjå to innlærarar med ulike morsmål (Gujord 2013b: 46, Rothstein 2004, 2008), og kritikk mot aksjonsarthypoteseforskinga går på at ein må ta meir omsyn til morsmålet hjå innlæraren. I seinare tid har fleire forskarar påpeikt denne problematikken (Collins 2002, 2004, Shirai 2009, Chan et al. 2012). Gujord meiner dette har med at ein tenkjer på Vendler-kategoriane som kognitive og lingvistiske universaliala, og at ein dermed ikkje tek omsyn til morsmål og transfer (ibid.: 55). Ho meiner dette er den største veikskapen i aksjonsarthypoteseforskinga, og ein bør sjå på Vendler sine kategoriar som semantisk-leksikalske eigenskaper ved dei enkelte verbfrasene i ulike språk, ikkje som absolutte kategoriar gjeldande for alle språk (sjå 2.2.2). Ein har dessutan i liten grad har vist eit *medvitent høve* til representasjonsnivået i språk og forholdet mellom språket og verda i forskinga på Aksjonsarthypotesen (Gujord 2013b). Det er viktig å gjere klårt greie for kva retningslinjer ein følgjer i dei enkelte forskingsprosjekta, slik at ulike studiar kan samanliknast med kvarandre.

Shirai og Andersen (1996) peiker på ei anna utfordring, nemleg vanskaner rundt at ulike forskarar baserer metoden sin på forskjellige rammeverk. Det at nokre støtter seg på Vendler si firedeling, og andre til dømes på ei tredeling (som Verkuyl), kan gjere det

problematisk å samanlikne studiar (ibid.: 541). Eit anna problem er at ulike forskarar har brukt ulike termar på same konsept, til dømes bruker Bickerton (1981) termen *punktuell* tilsvarande *perfektiv*, og *ikkje-punktuell* tilsvarande *imperfektiv* (Andersen og Shirai 1996: 539)²⁶. Dessutan understrekar Shirai og Andersen at det i forskinga manglar operasjonelle testar for kategorisering, og at vi berre «blindt må stole på» at forskaren har kategorisert ut ifrå sette kriterium (ibid.: 542). Til dømes er det heller sjeldan at studiar av aksjonsart inneheld *reliabilitetstesting* av aksjonsartkategoriseringa (sjå 4.2.4), for å teste at kategoriseringa er haldbar (Andersen og Shirai, 1995: 750).

Trass kritikken rundt å ha eit universelt utgangspunkt, er det naudsynt for forskinga å anta at *nokre* trekk er like i mange språk, for å kunne arbeide med empirisk forskning, og for å kunne samanlikne resultat (Gujord 2013b: 46). Vendler si inndeling er eit døme på ei slik universell antaking. Men ein bør altså ha ein medvitent høve til bruken av inndelinga, og gjere greie for kva språkleg representasjonsnivå ein arbeider med. Dessutan bør ein i større grad ta inn påverknad frå morsmål i aksjonsarthypoteseforskinga. I mi oppgåve skal eg elles ikkje sjå på morsmålpåverknad, ettersom eg berre har ei språkgruppe som informantar, og dermed ikkje har moglegheit til å samanlikne. Men eg skal så godt eg kan gjere konkret greie for kva retningslinjer eg har brukt i mitt kategoriseringsarbeid. Eg har dessutan lagt fram korleis eg ser på representasjonsnivået mellom den eksterne verda og dei kognitive og språklege nivåa (2.2.2). Det må også nemnast at eg vil utføre ei reliabilitetstesting av kodinga av verbfrasane i aksjonart (sjå 4.2.3.4).

3.3 Formål med studien

I dette kapitlet har eg gjort greie for den læringsteoretiske ramma som studien min plasserer seg innanfor. Eg vil her formulere formålet med studien og presentere hypotesane som vil bidra til å kasta lys over det eg set meg føre å undersøke. Formålet med studien min er å undersøke om aksjonsart påverkar innlæringa av norsk verbmorfologi hjå ei andrespråksinnlærer etter same mønster som formulert i ein av kjernehypotesane i Aksjonarthypoteseforskinga. Me har sett at sølv om dene hypotesen har fått mykje støtte i den internasjonale forskinga, er det framleis noko usikkert om denne hypotesen er valid for innlæringa av fortidsmorfologi i norsk. Med grunnlag i utgreiinga av aksjonsart og

²⁶ Bickerton sitt studie gjelde riktignok tileigning i S1, men har med Aksjonarthypotesen å gjere.

Aksjonsarthypotesen presentert ovanfor, har eg danna meg følgjande to hypotesar som eg skal teste på norske innlærardata:

- 1) Innlærarane vil ha høgare mengd teliske verbfrasar bøygde i fortid enn ateliske verbfrasar bøygde i fortid.
- 2) Verbfrasar der fortidskonteksten ikkje er markert riktig på verbet, vil oftare vere ateliske enn teliske.

Den første hypotesen speglar direkte kjernehypotese 1) i Aksjonsarthypotesen, som seier at «*Learners first use past marking or perfective marking on achievements and accomplishments, eventually extending use to activities and statives.*» Dette er den same som Gujord (2013) testa på norske innlærardata henta frå ASK-korpuset. Den andre hypotesa har eg lagt til for å sjå om det dermed går «andre vegen» også. Dette er knytt til funna som Tenfjord (1997) gjorde i sin studie, der ho fann støtte denne vegen. Det vil seia at eg også vil utforska om dei verba som då har ukorrekt markering i fortid oftast er ateliske. I begge hypotesane ligg det ei implisitt forventning om at verbfrasane vil spreie seg utover dei fire aksjonsartklassane i ein viss rekkefølge. I hypotese 1 ventast det at spreinga vil vere slik (frå færrest til flest førekomstar): statiske verb > aktivetsverb > accomplishmentverb > achievementverb. I hypotese 2 ventast tilsvarende rekkefølge, men med motsett spreining, altså flest statiske verb og færrest achievementverb.

I utføringa av studien, tek eg utgangspunkt i Vendler (1967) si inndeling i aksjonsartklassar og Andersen (1991) si framstilling av dei ulike distinksjonane, og støtter meg vidare på Gujord (2013a og 2013b) og Rothstein (2004, 2008) (sjå meir under 2.2.1). Eg tek omsyn til Rothstein (2004: 13) si framstilling om at eit verb kan endre aksjonsart etter konteksten det står i. Dei konkrete retningslinjene eg brukar for å kategorisere, hentar eg frå Gujord (2013a), ettersom ho er den som har testa hypotesen i norsk slik eg gjer i min studie. Eg skal greie ut om framgangsmåte og metode for studien i neste kapittel.

4 Metode

Her skal eg presentere metodebruken i studien min. Del 4.1 handlar om kvar studien sin metode plasserer seg i høve til forskningstradisjonen, og kva type metodiske tilnærmingar og innfallsvinklar eg nyttar meg av. Del 4.2 gjer greie for metoden og prosedyrane i sjølve gjennomføringa av den aktuelle studien.

4.1 Metodisk tilnærming

Studien min plasserer seg midt i ein allereie etablert forskningstradisjon på samanhengen mellom aksjonsart og tileigning av fortidsmorfologi i andrespråksinnlæring (sjå avsnitt 3.2.1 for oversikt over tidlegare forskning på aksjonsarthypotesen). Det finst naturlegvis mange andre aspekt ved tileigning av temporal morfologi, og den tradisjonen eg plasserer meg i, legg vekt på det semantiske aspektet ved tileigninga. Her skal eg presentere nokre av dei ulike innfallsvinklane ein kan ha på ein studie av aksjonsart, og gjere greie for kvar eg plasserer meg i høve til dei ulike metodane å utføre ei undersøking på. Det gjeld kvantitativ og kvalitativ metode (4.1.1), å ha ein krysskategorisk innfallsvinkel i analysen (4.1.2), og om skilnad mellom token og type (4.1.3). Eg har i min studie ikkje kontrollgruppe, fordi eg ikkje har grupper med ulike morsmål, og dermed ikkje kan teste morsmålpåverknad hjå informantane.

4.1.1 Kvantitativ studie

Studien min er ein kvantitativ studie. Med grunnlag i 17 informanttekstar leitar eg etter eit bestemt mønster, som eg dannar meg ei analyse av, og som eg testar ut hypotesane mine på. Ottar Hellevik (2002) gir følgjande definisjon av *kvantitativ metode*:

[...] Med dette [kvantitativ metode] menes framgangsmåtene der forskeren først systematisk skaffer seg sammenlignbare opplysninger om flere undersøkelsesobjekter av et visst slag, så uttrykker disse opplysningene i form av tall, og til slutt foretar en analyse av mønsteret i dette tallmaterialet. (Hellevik 2002: 13)

Om *kvalitativ metode* skriv Hellevik:

En forsker innenfor den *kvalitative* tradisjonen baserer seg på sin evne til å leve seg inn i og oppfatte et mønster i det mangfoldet av sanseinntrykk hun mottar, i stedet for å trekke ut et begrenset antall aspekter ved helheten, og så måle og analysere dem ved hjelp av tall. (Hellevik 2002: 13)

Eg fekk frå undersøkinga mi 426 verbfrasar, og blant dei skal eg leite etter eit bestemt mønster for fortidsmorfologi (sjå hypotesane i kapittel 5). Storleiken på data, og måten eg handterer dei på, gjer at undersøkinga mi er assosiert først og fremst med ei kvantitativ tilnærming. Likevel har undersøkinga kvalitative trekk – til dømes måten eg kategoriserer og analyserer verbfrasane på (sjå 4.2.3), er meir retta mot det kvalitative.

4.1.2 Krysskategorisk analyse

I forskning på aksjonsarthypotesen kan ein ha ein av to innfallsvinklar: *krysskategorisk analyse* eller *innankategorisk analyse*²⁷ (Bardovi-Harlig 2000: 252, gjeve att i Gujord 2013a: 158). Førstnemnte går på å undersøkje i kva aksjonsartsklassar verbmorfema opptre («*Where do various morphemes occur?*»(ibid.)), i den sistnemnte ser ein på korleis dei ulike aksjonsartskategoriane vert markerte morfologisk («*How are each of the lexical aspectual categories marked?*»(ibid.)). Eg har i min studie ein krysskategorisk analyse fordi eg først søkjer etter fortidsformer av verb, for og deretter å sjå i kva aksjonsartkategori dei fell under. Den same innfallsvinkelen hadde Gujord (2013a), som er ho som har testa Aksjonsarthypotesen i norsk innlærarspråk. I følge Bardovi-Harlig (2000) kan desse to innfallsvinklane gi ulike utslag. Det er ein fordel å nytte same innfallsvinkel som tidlegare studiar, med omsyn til å kunne samanlikne resultat.

4.1.3 Token og type

Eg har skilt mellom *token* og *type*, og det gav meg 426 typar. *Type* er det einskilde leksemet, og *token* er kor mange gonger dette same leksemet opptre i teksten i ulike bøyingsformer. Eg

²⁷ Omsett av meg frå dei engelske termene *cross-category analysis* og *within-category analysis*, (Bardovi-Harlig 2000: 252).

har talt éin type når to like verbformer har same aksjonsart hjå éin og same informant. Frasar som *De spiser veldig mye* og *De spiser mye mat* (frå informant N4) gir eg same kategoriseringsklasse (AKT), og *spiser* vert då rekna som éin type:

Same form	+	same aksjonsart	=	éin type / éi oppteljing
(...) <i>spiser mye mat</i>		AKT		
(...) <i>spiser veldig mye</i>		AKT	=	1
<i>Hun stål brød</i>		ACC		
<i>Da han stel brødet</i>		ACC		
<i>Det var han who stel brødet</i> ²⁸		ACC	=	1

I tillegg har eg silt ut alle kopulaverba. Kopulaverb tek eg ikkje med fordi dei ikkje har eit semantisk innhald slik som andre verb. Kopulaverb har som reint strukturell oppgåve å binde saman subjektet med predikativet (Hagen 2000: 360). Derfor kan ein ikkje tileigne kopulaverb ein semantisk-leksikalsk klasse (aksjonsart) på lik linje med andre verb. Dessutan er kopulaverb ofte «tempus-bærarar» (Bardovi-Harlig 2000: 244). Dei opptretr sjeldan ubøygde, og får ofte tidlegare bøyning enn andre statiske verb (kopulaverb bind nesten alltid ei statisk verbfrase til seg). Mange tidlegare studiar på aksjonsart har òg luka ut kopulaverb (ibid.). Ulempa med å ikkje ta med kopulaverb er sjølvst at eg får færre verbfrasar (det var til saman 20 token av kopulaverb i tekstane mine), men fordelene er at verbklassene vert meir representative og reelle. Dette er også grunnen for å telje type i staden for token. Om eg talde token ville til dømes klassen statiske verbfrasar verte overrepresentert. Ofte vert éin og same verbform nemnt fleire gongar i same tekst, og er derfor ikkje representativ for kva informanten eigentleg kan av innlærarspråket. Om vi ser på *tabell 2* på neste side, over bruken av fortid (preteritum og perfektum) hjå informant N12:

²⁸ Alle desse setningane har eg tolka som fortidsformer.

Aksjonsart	Verbfrase	Førekomst (token)
Statiske	Være	3
	Ville	1
	Ikke betale	1
	Kan	1
	Ha	1
Aktivitetar	Røyke	1
	Hjelpe	1
Accomplishment	Spise	2
	Gå + stad	1
Achievement	Bestemme	3
	Stjele	3
	Ha + partisipp	2
	Ta	1
	Treffe	1
	Se	1
Total mengd token		23

Tabell 2 – fortidsbruk (preteritum og perfektum) hjå informant N12

Det er elleve verbfrasar kategoriserte som achievement'ar hos informant N12. Men blant desse 11 førekomstane ser vi at to av leksema opptrer tre gonger kvar (*bestemme* og *stjele*), og éit leksem opptrer to gonger (*ha+partisipp*). Det same ser vi i dei tre førekomstane av accomplishment'ar, der informant N12 har brukt *spise* to gonger, og *gå* berre ein gong. Av statiske verbfrasar opptrer *være* tre gonger²⁹. Dette viser at det ikkje ville vere rettkome å telje token, dei vil gi eit skeivt bilete av kva informanten kan.

²⁹ Éin av *være*-førekomstane hjå denne informanten er riktignok eit kopulaverb. Eg tok det likevel med i dette oversynet, for å gi eit innblikk i den totale tokenførekomsten av verb. I analysane har eg ikkje talt med kopulaverb.

4.2 Framgangsmåte

Her skal eg presentere metodeutføringa og det konkrete materialet for den aktuelle studien. Eg har gjennomført møter med 17 spanjolar som studerer norsk i Madrid. I desse møta har dei gitt meg ei munnleg attforteljing. Eg har tatt opptak av alle attforteljingane, og transkribert tekstane. Frå dette tekstmaterialet henta eg ut 679 verbfrasar som dannar materialet for undersøkinga mi. I undersøkinga er resultatata delt i to: ein del der hundreprosenten er den totale bruken av alle verbfrasar bøygde i fortid (seksjon 5.2), og ein del der hundreprosenten er ukorrekt markering i fortid (seksjon 5.3). For å gjennomføre analysen av resultatata, har eg kategorisert verba i følgjande kategoriar:

Fortidskontekst	(prosedyre i 4.2.3.1)
Bøyingskategori	(prosedyre i 4.2.3.2)
Aksjonsart	(prosedyre i 4.2.3.3)

Eg skal først i avsnitt 4.2.1 ta føre meg informantane. I avsnitt 4.2.2 gjer eg greie for den konkrete gjennomføringa av møta med informantane og prosessen rundt elisiteringa av verbfrasar. Til slutt tar 4.2.3 føre seg dei tre variablane eg har kategorisert verbfrasane i: 4.2.3.1 om kodingsprosessen i fortidskontekst, 4.2.3.2 om kodingsprosessen i bøyingskategoriar og 4.2.3.3 om koding i aksjonsart.

4.2.1 Informantar

Informantane mine har eg henta frå norskkursa ved La Universidad Complutense i Madrid (UCM) i Spania. Ved fakultetet for filologi har dei to norskkurs der nesten alle studentane er spanske. Eit par av dei var frå Frankrike, og nokre frå Cuba, Peru og Chile. Eg hadde som krav at dei måtte ha spansk som morsmål, og har derfor eg akseptert om dei er frå Latinamerika, men ikkje om dei er frå Frankrike. Eg fekk hjelp av norsklæraren ved kursa til å komme i kontakt med studentane. Ho gav meg e-postadressa til rundt femti studentar, dei var både noverande studentar og folk som hadde gått på norskkurset tidlegare. Eg sendte ut informasjon på norsk og spansk om prosjektet mitt til alle saman med spørsmål om dei var interesserte i å hjelpe meg med datainnsamlinga mi i form av at eg fekk gjere eit møte med dei (sjå vedlegg 1 for informasjonsskrivet). Eg fekk samla 17 informantar som var på tre ulike ferdigheitsnivå (sjå neste avsnitt, 4.2.2.1) og alle hadde spansk som morsmål. Slik fordelte dei

seg utover nivåa: 4 informantar på A1, 6 informantar på A2 og 7 stykk på B1. Eg heldt møta som regel på kveldstid på eit kontor som eg fekk låne på fakultetet, eller drog heim til dei som av ulike grunnar ikkje hadde moglegheit å kome til universitetet. Alle deltok frivillig, og dei fekk ingenting i form av gåver eller pengar for å delta.

4.2.2 Attforteljingane

Eg brukte i mi undersøking *narrativ munnleg attforteljing* frå eit filmklipp. Informanten får sjå eit filmklipp, og skal fortelje att handlinga i filmen med egne ord. Dette er ein metode som har vorte brukt i fleire tidlegare studiar av aksjonsart (Bardovi-Harlig 2000: 199), og det er eit poeng å utføre undersøkinga mi på same måte som tidlegare studiar, for å kunne samanlikne. Eg brukte ein del frå *Modern Times* av Charlie Chaplin, sjå meir info under 4.2.2.2. Dette filmklippet har vore brukt i tidlegare studiar (ibid.: 200). Ein av fordelane med attforteljing frå film er at innhaldet er kjent for forskaren, og ein kan lettare tolke tekstane produsert av informantane. Dessutan får informanten forholdsvis fritt spelrom, og ein får dermed tak i *naturleg tale*. *Samtale* er også ein mykje brukt metode, her får ein den mest naturlege forma for tale, men det er vanskelegare å hente ut fortidsformer – ved attforteljing kan ein lettare leggje til rette «fortidsrammer» (ibid.: 201), til dømes ved å instruere informanten om at han skal fortelje frå handlinga «som om dei skjedde for lenge sidan». Ein annan mykje brukt metode er *utfyllingsoppgåver*, denne metoden gir moglegheit til å ha eit større tal informantar. I tidlegare studiar har forskarar funne meir støtte i skriftlege utfyllingsoppgåver enn ved andre metodar, mykje på grunn av moglegheita forskaren har til å kontrollere høva rundt undersøkinga (Bardovi-Harlig 2000, Martelle 2011). Eg såg likevel attforteljing som den beste metoden – informanten får spelrom til å snakke fritt, men likevel under forholdsvis kontrollerte høve. Eg valde *munnleg attforteljing* i staden for *skriftleg*, fordi eg ville ha naturleg tale. Ved å skrive ein tekst får informanten meir tenkjetid, medan å fortelje noko munnleg gir meir spontan og «ufiltrert» tale. I mange studiar har ein samla inn både skriftlege og munnlege data, men det hadde blitt for omfattande for min studie med tanke på tid.

4.2.2.1 Prosedyre

Eg tok inn éin og éin student til «attforteljing» om gangen, kvart attforteljing tok mellom éin og 1,5 time. Datainnsamlinga vart gjort i Madrid, spreidd over eit tidsrom på omlag fire månader. Alle instruksar vart gitte på spansk slik at studenten ikkje skulle misforstå noko. Eg

hadde på førehand forsikra meg med spanske morsmålsbrukarar om at mine spanske informasjonsfrasar angående undersøkinga var korrekte. Studenten vart òg informert om prosedyren med teieplikt, og at alle dataa vart anonymiserte. Møtet gjekk føre seg som følger. Først fyller studenten ut eit anonymt informasjonsskriv (ca. 5 minutt), der eg spør om kjønn, alder, sjølvrapportert nivå i norsk, kvifor dei vil lære norsk, om dei har studert i Noreg, og kva andre språk dei eventuelt kan (sjå vedlegg 2). Så gjennomfører studenten ein nivåtest (ca. 20 minutt), der eg får vite kva nivå dei ligg på grammatisk i norsk, i følgje den formelle nivåskalaen i rammeverket til *Common European Framework of Reference for Languages* (heretter CEFR). Sjå vedlegg 3 for CEFR-rammeverket. Dei vart plassert etter tre nivå: A1, A2 og B1. Etter at dei hadde gjort nivåtesten, viste eg dei eit filmklipp to gonger, og til slutt skulle studenten fortelje att handlinga i filmen på norsk, og det tok eg opp på bandopptakar. Filmklippet er frå *Modern Times* av Charlie Chaplin, og varer i åtte minutt. Studenten kunne stille meg spørsmål mellom dei to filmvisingane, anten om dei lurte på omsetting av ord, eller noko som hadde med handlinga i filmen å gjere. Om dei lurte på ord, gav eg dei den norske omsettinga, og spurte dei spurte om verb, gav eg dei verbforma på norsk i infinitiv – slik at eg ikkje hjelpte dei med bøyninga. For å forsøke å lokke fram fortidsformer bad eg informanten sjå føre seg at filmen var frå 1936 (det er sant at den er produsert i 1936). Dei fekk eg også beskjed om at dei skulle starte frasene sine med *Det var en gang*, eller *En gang for lenge siden*. Attforteljingane varierer i tidsrom, og varar mellom tre og ti minutt. Etterpå transkriberte eg alle opptaka, luka ut verbfrasane og sette dei inn i eit Excel-dokument, for så å kategorisere kvar av verbfrasane i fortidskontekst, bøyingskategori og aksjonsartsklasse (sjå 4.2.3). I analysen av resultata (5.2 og 5.3) er dataa gjort om til relative tal. Det er gjort ved å rekna dei absolutte tala på førekomstane om til prosenttal. Tala reknast til relative fordi lengden på informanttekstane er forskjellig, slik at hundreprosenten av verbfrasar hjå kvar informant varierer, og det ville vore vanskeleg å skulle samanlikne absolutte verdiar.

4.2.2.2 Analyseverktøy

Eg brukte tre typar analyseverktøy for å gjennomføre undersøkingane: spørjeskjema, nivåtest og filmsnutt. Her går eg inn på kva dei består av.

Spørjeskjema som studenten skulle fylle ut lagde eg sjølv, med Martelle (2011) sitt vedlegg 2 som utgangspunkt. Sjå mitt vedlegg 2. Eg spurte informanten om nøytral informasjon; kjønn, alder, interesse for norsk og kor mykje norsk dei hadde studert.

Nivåtesten eg brukte, heiter DIALANG³⁰, og er utvikla ved Lancaster Universitet i England. Heile testen består av fem delar: lytteforståing, leseforståing, skriftleg produksjon, grammatikk og vokabular. Eg brukar berre grammatikk-delen fordi heile prøva ville teke over ein time, og det hadde eg ikkje kapasitet til. Testen finst på fjorten ulike språk, og den norske versjonen er utvikla i samband med *Vox – Nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk i Noreg*. Den består av to delar. Først ein plasseringstest der studenten får sjå 75 verb, nokon av dei er reelle norske verb, og andre oppdikta. Studenten skal klikke på kva av orda han trur er reelle og kva av dei han trur er oppdikta. Han vert ut ifrå dette plassert på eit trinn mellom éin og seks. Dette kalkulerer neste del av testen, som er sjølv språktesten. Denne delen tek omlag femten-tjue minutt, og består av ulike utfyllingsoppgåver. Til slutt vert studenten plassert på eit nivå mellom A1 og C2, med heimel i CEFR-rammeverket (sjå vedlegg 3).

Filmsnutten som studenten skal fortelje att frå, og som skal gi meg dei dataa eg primært er interessert i, verbfrasar med fortidskontekstar, er frå Charlie Chaplin sin *Modern Times* frå 1936³¹. Den handlar om den økonomiske krisa i USA på tredvetalet. Heile filmen er på 1,5 time, og er utan replikkar, men med musikk og med ein form for «overskrifter» på engelsk – tekstar som kjem i eit viktig scenskifte, pluss ein og annan essensiell replikk. Eg brukte ein versjon der dei engelske tekstane vert lesne av ei spansk stemme. Klippet eg brukte i mi undersøking, varar i åtte minutt, og har ti «overskrifter»:

- 1) «*Alone and hungry*»
- 2) «*She stole the bread!*»
- 3) «*It wasn't her, I did it*»
- 4) «*It wasn't him, it was the girl!*»
- 5) «*Do you remember me? And the bread?*»
- 6) «*This is your opportunity to escape!*»
- 7) «*Where do you live?*»
- 8) «*No place - anywhere*»
- 9) «*Can you imagine us in a little home like that?*»
- 10) «*I'll do it! We'll get a home, even if I have to work for it*»hungry.

³⁰ Lenke til språktesten, per 11.mai 2015: www.dialangweb.lancaster.ac.uk

³¹ Lenke til filmen *Modern Times* på spansk, per 11.mai 2015: <https://vimeo.com/62495816> frå minutt 35:11 til 43:20.

Eg skal kort referera hovudinnhaldet i filmsnutten informantane får sjå: Vi får i første scene sjå Paulette som er svolten og åleine på gata, og som i sin desperasjon stel eit brød frå bakeriet sin leveransebil. Ei dame ser det heile, og ropar på politiet. Paulette kolliderer så med Charlie Chaplin i si flukt nedover gata. Idet politiet kjem tek Chaplin på seg skulda for å ha stole brødet slik at dei arresterer han i staden. Først tek politiet med seg Chaplin, men dama som hadde vitna situasjonen gir seg ikkje, og seier at det var Paulette som stal brødet. Politiet tek så Paulette likevel, og Chaplin får gå. Men Chaplin *vil* gjerne tilbake til fengsel. Tidlegare i filmen, som vi ikkje ser i dette klippet, hadde Chaplin vore i fengsel, og der hadde han det trass alt betre enn på gata. I fengselet fekk han i det minste mat og tak over hovudet. Han går så inn på ein restaurant og spis ein haug med mat utan å betale for seg. Politiet tek han med seg i politibilen, og han treff Paulette igjen. Bilen dei sit i, kjem så i ei ulukke. Chaplin og Paulette får slik sjansen til å stikke av. I siste scene sit dei to saman på ein grasplen, og me får sjå ein «draumesekvens» der dei to ser føre seg eit liv saman, i eit hus, der dei kan spise seg mette.

Denne filmsekvensen brukte mellom anna Bardovi-Harlig i sin studie i 1998, og den har òg vorte brukt i andre undersøkingar på Aksjonsarthypotesen (Sjå Bardovi-Harlig 2000: 200). ESF-prosjektet brukte den same sekvensen, men utelét den siste draumesekvensen (ibid.). Dette klippet har vorte valt fordi det inneheld fleire sekvensar av enkelt identifiserbare hendingar som skjer etter kvarandre, og dette gjer det lettare for informanten å framstille ei narrativ historie, utan for mange kompliserte filmatiske trekk. I fleire tidlegare studiar av Aksjonsarthypotesen har ein sett på tileigninga av imperfektiv og perfektiv aspekt (kjernehypotese 2, sjå 3.2 om Aksjonsarthypotesen), og filmsnutten er ideell for dette fordi den har klassiske motsetningar mellom ein skissert bakgrunn og dei einskilte hendingane som skjer i forgrunnen. Eg undersøker ikkje grammatisk aspekt, men filmen er likevel godt eigna for mi undersøking på grunn av dei lett identifiserbare hendingssekvensane. Eit poeng ved å bruke denne same elisiteringsmetoden som tidlegare studiar, er at det gjer det mogleg å samanlikne studien min med andre studiar.

4.2.3 Variablane i analysen av verbfrasane

Her vil eg presentere kva for variablar eg kategoriserte verbfrasane i, og korleis eg har utført kategoriseringa. Desse variablane dannar grunnlaget for korleis eg gjekk fram for å analysere dataa frå undersøkinga. Eg har tre variablar, dei er *fortidskontekst* (4.2.3.1), *bøyingskategori* (4.2.3.2) og *aksjonsart* (4.2.3.3).

4.2.3.1 Fortidskontekst

Den første variabelen er *fortidskontekst*. *Fortidskontekst* vil seie ein kontekst som krev fortidsmarkering på verbet. I mi undersøking har eg slått saman preteritums- og perfektumsbruk i denne kategorien. Det gjorde eg fordi eg generelt fekk svært få perfektumsførekomstar (26 typeførekomstar, sjå *tabell 9* i avsnitt 5.1 side 66), og det er derfor vanskeleg å analysere den som ei gruppe. Det er ei overforenkling og litt problematisk ettersom dei trass alt er to bøyingsformer som uttrykkjer ulike tidsinnhald. Til dømes har ei perfektumsform ein annan tidsrelasjon til «notida», og har meir med presens å gjere. Perfektumskategorien er i tillegg meir semantisk kompleks enn preteritum, og denne overforenklinga går særleg utover perfektum (Tenfjord 1997, Gujord 2013a). Setninga *Han har budd i San Sebastián i ti år*, indikerer at han framleis bur i San Sebastián, medan *Han budde i San Sebastián i ti år*, er ei avslutta hending. I tillegg ønskjer eg å kunne samanlikne studien min med Gujord (2013a), og ho handsama denne kategorien på same måte.

I resultatdelen vert dataa presenterte på to måtar: først ein del der eg ser på den *totale bruken* av verbfrasar med fortidsmorfologi, og deretter ein del som ser på *ukorrekt markering av fortidskontekst*. *Total bruk* vil seie alle stadene i teksten der ei verbform opptre med morfologisk fortidsmarkering, i denne studien vil det seie verb bøygd i preteritum eller perfektum³². *Ukorrekt markering av fortidskontekst* er stader der eit verb opptre i ein fortidskontekst utan tilsvarende riktig fortidsbøyning. Her finn vi både verb med *feil* markering, og verb med *manglande* markering. *Fortidskontekst* vil som nemnt seie alle stader i teksten der konteksten på norsk krev at verbet vert markert i fortid, her betyr det ein kontekst som krev preteritum eller perfektum. I desse fortidskontekstane kan ein finne følgjande:

- 1) Dei som har *riktig* markering på riktig plass. Preteritum i preteritumskontekst, og perfektum i perfektumskontekst.
- 2) Dei som har *feil* markering. Presens eller perfektum i preteritumskontekst, presens eller preteritum i perfektumskontekst.
- 3) Dei som *ikkje har ei bøyning* i det heile. Infinitiv eller ei verbform eg ikkje kan kjenne att eller identifisere.

³² I min studie har eg handsama presens perfektum og preteritum perfektum i ei gruppe, sjå meir om dette i 4.2.3.2.

	Kontekst:		Verbtype:
1) Riktig bøying	Preteritum	-	Preteritum
	Perfektum	-	Perfektum
	<i>Døme: da MØTTE de hverandre igjen (N2)</i>		
2) Feil bøying	Preteritum	-	Presens eller perfektum
	Perfektum	-	Presens eller preteritum
	<i>Døme: hun LØPER til policia (N3)</i>		
3) Utan bøying	Preteritum	-	Infinitiv eller ingen bøying
	Perfektum	-	Infinitiv eller ingen bøying
	<i>Døme: og hun RUMME fra bort (N10)</i>		

Når det gjeld kva som er grunnlaget for å kalle ein kontekst for fortidskontekst, vil eg seie litt om det her. I utgangspunktet prøvde eg å hente fram fortidsformer i *alle* verbfrasane hjå studentene, men når eg ser på tekstane, er det fleire tilfelle der eg sjølv (òg – går eg ut ifrå – ein annan morsmålsbrukar) *ikkje* ville ha brukt fortidsform. Det gjeld ulike tilfelle. Her kjem nokre døme på stader i tekstane der konteksten *ikkje* vart tolka som ein fortidskontekst. Dei klaraste tilfella er der verbet må stå i infinitiv:

(56) Mannen bestemte Å JOBBE mye for Å FÅ en godt hjem. (N7)

I tillegg er det somme tider at studenten skyt inn ein kommentar, noko han sjølv tenkjer eller meiner, her ser eg det naturleg å bruke presens:

(57) Jeg SYNES han var forelsket i henne (N4)

(58) mannen ER en god mann (N7)

(59) dette film ER når det er krise i Amerika (N11)

Vidare er det i nokre tilfelle av sitat eller replikkar *ikkje* nødvendigvis naturleg å bøye verbet i fortid:

(60) og snakke hverandre om «du GLEMMER du til meg, jeg ER mannen til brød,
(N7)

Andre tilfelle er relativsetningar:

(61) [en mann] som RØYKER sigar uten betale. (N5)

(62) men mannen som HAR skjegg, bart, (N10)

Meir uklare tilfelle er Frasar som desse:

(63) og [han] TENKER på henne som kone sin, eh, i huset som hun KAN LAGER
mat, og BLI med han hjemme i huset. (N5)

(64) for han VIL Å MØTE med den jenta en gang til (N10)

(65) Hun GRÅTER, og han var med hun (N12)

I setning (63) ville eg sjølv ha markert dei to siste verbfrasane i høvesvis presens og infinitiv, og ser på dei som *ikkje-fortidskontekst*. Den første verbfrasen, *tenker på*, derimot, kan stå i både presens og preteritum. Handlinga føregår i fortid, men det vil ikkje vere feil å bruke presens i ei slik narrativ framstilling. Likevel ville eg nok sjølv ha brukt preteritum «*han tenkte på henne som kona si (...)*». I desse tilfella ser eg òg på kva studenten har brukt i frasane før og etter, om han har forsøkt seg på fortidsbøying eller ikkje. Om eg ser at han har forsøkt seg på fortidsbøying, tolkar eg det som at han kan ha intensjon om å bøye også dei neste verba i fortid. Desse tilfella tolkar eg då som fortidskontekst. Setning (64) har eg òg tolka som *ikkje-fortidskontekst*. Heller ikkje her er det feil med verken presens eller preteritum, og det er eit litt uklart tilfelle. Verbet uttrykker eit ønskje for framtida, og sjølv ville eg sett det i presens. Setning (65) er ei skildring av noko som skjer samstundes med noko anna. I desse tilfella har eg sett det som *ikkje-fortidskontekst* viss det verkar naturleg for studenten å velje presensmarkering, og viss eg sjølv ville markert dei slik.

I resultatdelen utgjer altså dei såkalla dataa av *ukorrekt markering av fortidskontekst* alle verbfrasane som krev fortidsmarkering (preteritum eller perfektum), men der verbet ikkje har den riktige bøyinga. Her består dataa av 150 frasar. Som regel er det snakk om presensformer i ein preteritums- eller perfektumskontekst. Berre i nokre få tilfelle, åtte stykk, har informantane brukt feil fortidsform i ei fortidskontekst. I dei åtte tilfella har det dreia seg om feil bruk av perfektum i ein preteritumskontekst:

(66) politiet HAR KOMT [for] å ta damen (N5)

(67) ei annen jenta HAR SETT hvordan jenta har tatt et brød (N10)

Dette resulterer i at data som er interessant for vidare analyse i undersøkinga, er *bruk av fortidsmorfologi* (resultat i 5.2), her er det snakk om 180 verbfrasar bøygde i fortid, og *ukorrekt markering av fortid* (resultat i 5.3), her hadde eg 150 verbfrasar plasserte i ein fortidskontekst. Resten av verbfrasane, til dømes ei presensform i ein notidskontekst, er ikkje relevante for undersøkinga mi og er derfor ikkje med i analysen. I neste avsnitt skal vi sjå på korleis verbfrasane vert plasserte i dei ulike bøyingskategoriane.

4.2.3.2 Bøyingskategoriar

Etter å ha bestemt fortidskontekst på verbfrasane, markerer kva bøyingskategori dei høyrer under, preteritum, perfektum, presens, eller verb manglande bøyning. Her skal eg gjere kort greie for dei fire kategoriane. I inndelinga har eg tolka bøyingsform så godt det lét seg gjere, og eg har akseptert former som ikkje er hundre prosent målspråklige, men forståelege ut frå konteksten dei står i.

- *Preteritum*

Eg fekk 154 preteritumsfrasar (type) i undersøkinga mi. Døme på frasar med preteritum:

(68) Hun SÅ et brød. (N1)

(69) Hun STJELET et brød. (N6)

- *Perfektum*

Her er det eigentleg både presens perfektum og preteritum perfektum. Det var berre 7 typeförekomstar av preteritum perfektum i informanttekstane, og 19 typeförekomstar av presens perfektum. Sidan det er snakk om så få förekomstar, har eg då slått dei to formane saman i ei *perfektums*-klasse. Dette er litt problematisk fordi dei ikkje fyller same funksjon i norsk, men eg valde å gjere det slik for lettare å kunne handtere data. Døme på verbfrasar koda som perfektum:

(70) det var han som HADDE GJORET det (N4)

(71) Men andre jenta, som HAR allerede SETT hva har skjedd (N12)

- *Presens*

Eg fekk totalt 170 presensfrasar i undersøkinga, men berre 102 av dei er plasserte ukorrekt i ein fortidskontekst, og det er berre desse sistnemnte som vert analyserte i studien min. Dei andre – presensformer i ein ikkje-fortidskontekst – er utan relevans for mi problemstilling om fortidsmorfologi. Sjå 4.2.3.1 for fortidskontekst. Døme frå informanttekstane på presensfrasar:

(72) han LIKER kvinnen (N1)

(73) og han MELKER en ku (N10)

- *Manglande bøyning*

Her har eg plassert verb i infinitiv, og verb med ei form som eg ikkje kunne identifisere som ei norsk bøyingsform. Eg fekk totalt 76 verbfrasar med manglande bøyning i undersøkinga, men berre 48 av desse er plasserte i ein fortidskontekst, og er relevante for undersøkinga. Dei resterande 28 er ikkje analyserte. Døme frå tekstane:

(74) en mann som TREFFE en jente (N11)

(75) etter å de Å RUMME fra bilen (N11)

(76) han STOLEN det bread (N1)

4.2.3.3 Aksjonsart

Ei gjennomgåande utfordring som gjeld verbkodinga i aksjonsart i forkinga på Aksjonsarthypotesen er *konkretisering* av inndelinga, samt ein klar framgangsmåte for å kode dei einskilte verbfrasane i aksjonsart (Gujord 2013a: 128). Dessutan har forkinga fått kritikk for å trekkje fram *typiske* døme frå dei ulike aksjonsartskategoriane, og dermed vert skiljelinjene mellom klassane i nokre tilfelle uklare. Det er rett nok vanskeleg å lage ei universell inndeling ettersom det kan variere mellom språk korleis verbfrasar fell inn i ulike aksjonsartklassar. Det har vore forska på mange ulike språk, og ein kan neppe trekkje fram ein felles framgangsmåte for alle språk. Likevel kunne ein forvente å finne meir litteratur på

dette området. Shirai og Andersen (1995), henta frå Gujord (2013a: 128), gir ein oversikt over framgangsmåten deira:

Step 1: State or nonstate

Does it have a habitual interpretation in simple present tense?

If no → State (e.g. *I love you*)

If yes → Nonstate (e.g. *I eat bread*) → Go to Step 2

Step 2: Activity or nonactivity

Does 'X is Ving' entail 'X has Ved' without an iterative/habitual meaning? In other words, if you stop in the middle of Ving, have you done the act of V?

If yes → Activity (e.g. *run*)

If no → Nonactivity (e.g. *run a mile*) → Go to Step 3

Step 3: Accomplishment or achievement

[If test (a) does not work, apply test (b), and possibly (c).]

a) If 'X Ved in Y time (e.g. 10 minutes)', then 'X was Ving during that time.'

If yes → Accomplishment (e.g. *He painted a picture.*)

If no → Achievement (e.g. *He noticed a picture*)

b) Is there ambiguity with *almost*?

If yes → Accomplishment (e.g. *He almost painted a picture* has two readings: he almost started to paint a picture/he almost finished painting a picture.)

If no → Achievement (e.g. *He almost noticed a picture* has only one reading.)

c) 'X will VP in Y time (e.g. 10 minutes)' = 'X will VP after Y time.'

If no → Accomplishment (e.g. *He will paint a picture in an hour* is different from *He will paint a picture after an hour*, because the former can mean that he will spend an hour painting a picture, but the latter does not.)

If yes → Achievement (e.g. *He will start singing in two minutes* can have only one reading, which is the same as in *he will start singing after two minutes*, with no other reading possible.)

I den konkrete inndelinga i aksjonsartklassar for den aktuelle studien, tek eg utgangspunkt i Vendler (1967) og Andersen (1991), og baserer meg vidare på Gujord (2013a: 127) og Rothstein (2004). Eg har gjort greie for dei detaljerte teoretiske retningslinjene for inndelinga i avsnitt 2.2, og vil her gi ein samanfatning av dei fire kategoriane som eg baserer meg på:

- *Statiske verb* refererer til homogene, ikkje-dynamiske situasjonar som held fram utan forandring. Dei er ateliske fordi dei ikkje leier fram mot eit endepunkt, mål eller resultat. Døme: *Å elske nokon*.
- *Aktivitetsverb* er verb som refererer til homogene, dynamiske, ateliske situasjonar, som held fram utan forandring. Dei er avhengige av tilføring av energi. Døme: *Å løpe*.
- *Accomplishmentverb* refererer til dynamiske, durative og teliske situasjonar som leier opp mot eit naturleg endepunkt, mål eller forandring. *Å byggje eit hus*.

- *Achievementverb* refererer til dynamiske, punktuelle og teliske situasjonar, som leier opp mot eit endepunkt og som inneheld ein momentant forandring. Å *gjenkjenne noko*.

Dei konkrete retningslinjene eg har brukt for klassifiseringa, har eg basert på Gujord (2013a). Ho tek utgangspunkt i Vendler (1967) og Andersen (1991), og baserer seg vidare på Rothstein (2004), Bardovi-Harlig (2000) og Andersen og Shirai (1995). Framgangsmåten eg har brukt for å bestemme aksjonsarten til ei verbfrase, er som følgjer (frå Gujord 2013a: 131-135, men omsett til norsk av meg):

1. Tolk og forstå meininga av setninga til verbfrasen, og inkluder så mykje av konteksten som er naudsynt for å danne ei fornuftig forståing av setningsinnhaldet.
2. Ta vekk bøyingsendingar, og la stammen av verbet stå att, samt det av argumentstrukturen som er naudsynt for tolkinga.
3. Bestem aksjonsarten til verbfrasen ut ifrå følgjande prosedyre:

Steg 1: Statisk eller ikkje-statisk

Statisk viss følgjande er sant:

- 1) Verbfrasen kan ikkje verte tolka som dynamisk, og kan ikkje gå saman med frasane *holde på med, vere i ferd med, drive med*.
- 2) Verbfrasen uttrykkjer ikkje ei tilstandsending, og kan ikkje verte tolka som inkoativ (begynnande).
- 3) Verbfrasen er negert eller inneheld nektingsadverbet *ikkje*.

Steg 2: Aktivitet eller ikkje-aktivitet.

Aktivitet viss følgjande er sant:

- 1) Verbfrasen uttrykkjer ein prosess utan ending med utstrekning i tid, og er utan «sub-fasar». Om du slutter å *gjere x*, er det framleis sant at du har *gjort x*. Om til dømes ein person som går på ski i skogen, plutseleg stoppar å gå på ski, er det framleis sant at han har gått på ski.
- 2) Verbfrasen kan gå i lag med durative verbfrasar, slik som *i x tid*, og andre temporale uttrykk som denoterer ei utstrekning i tid utan noko implisitt endepunkt. Verbfrasen kan ikkje gå i lag med punktuelle lokaliseringsuttrykk, slik som *på x tid*. *Tyra kjørte bil i ein halvtime*, men ikkje *Tyra kjørte bil på fem minutt*.

Steg 3: Accomplishment eller ikkje.

Accomplishment viss følgjande er sant:

- 1) Verbfrasen uttrykkjer ein prosess som leier fram mot eit endingspunkt eller mål, og er durativ. Frasen går i lag med uttrykk som indikerer varigheit i tid, der i tillegg endepunktet av prosessen er inkludert, slik som *på x tid*, *ta x tid*. Den går ikkje i lag med durative uttrykk der endepunktet ikkje er inkludert, slik som *i x tid*. Til dømes går det fint an å seie *Martin tegna ein sirkel på fem minutt* eller *Det tok Gvidas ein månad å bygge garasjen sin*, men det går ikkje an å seie *Martin tegna ein sirkel i fem minutt*, eller *Gvidas bygga garasjen sin i ein månad*.
- 2) Verbfrasen skildrar ein aktivitet, og inkluderer eit objekt som refererer til ei spesifikk eining.
- 3) Verbfrasen skildrar ein aktivitet, og inkluderer eit argument som viser til ein destinasjon, ei lokalisering eller eit tidspunkt.

Steg 4: Accomplishment eller achievement.

Accomplishment viss følgjande er sant:

- 1) Verbfrasen kan tolkast å ha «sub-fasar», slik at viss du stoppar å *gjere x*, er det *ikkje* sant at du har *gjort x*. Til dømes, om Martin tegner ein sirkel, og plutsleg stoppar å tegne sirkelen, er det *ikkje* sant at han har tegna ein sirkel.
- 2) Fordi verbfrasen uttrykkjer varigheit, kan den gå i lag med uttrykk som *holder opp med å* eller *gjere seg ferdig med*.

Achievement vis følgjande er sant:

- 1) Verbfrasen uttrykkjer ei momentant forandring av status eller resultat, og kan ikkje gå i lag med frasar som uttrykkjer varigheit i tid, slik som *i x tid*, berre i lag med frasar som uttrykkjer ei punktuell lokalisering i tid, slik som *på x tid*.
- 2) Fordi verbfrasen uttrykkjer eit punktuelt tidspunkt, kan den *ikkje* gå i lag med uttrykk som *holder opp med å* eller *gjere seg ferdig med*.

Steg 5: Framleis ingen resultat

Viss den stegvise framgangsmåten ikkje gir resultat, forsøk å inkludere meir av konteksten i setninga for å tolke frasen om att. Gå nøye gjennom stega ein gong til, og diskutér med andre kodarar dersom det er mogleg.

Her vil eg vise døme på verbfrasar frå tekstane i undersøkinga mi som er klassifiserte i dei fire aksjonsartkategoriane, etter retningslinjene skildra ovanfor.

Verbfrasar frå undersøkinga koda som *statiske*:

(77) Men mannen ØNSKET å miste friheten sin (N8)

(78) Så den mann prøvde å si til den jenta sånn atte nå KAN LØPE borte, (N4)

Modale hjelpeverb gav ofte aksjonsarten statiske verb. Her uttrykkjast eit ønskje (77) og ei oppmoding (78), og eg meiner dei begge er ikkje-dynamiske og ateliske.

(79) han SKAL GÅ til jobb (N4)

Døme (79) illustrerer ei utfordring som gjeld innlærarpråk. Dette er ei frase der ein på norsk eigentleg ville sett verbet i presens: «han går til jobb», og då hadde eg koda frasen som accomplishment. Når informanten her brukar eit modalverb først, er det i hovudsak modalverbet eg kodar, og denne frasen uttrykkjer då ein statisk tilstand. Det er planlagt at han skal gå på jobb, men han har ikkje gått enda, dermed er det ein statisk situasjon. Dette viser at det kan vere skilnad på å kode innlærarspråk frå språk frå morsmålsbrukarar.

Verbfrasar frå undersøkinga koda som *aktivitetar*:

(80) han PRØDVE Å HJELPE henne (N11)

(81) han PEKE den politi og sier (N4)

Begge desse setningane har eg klassifisert som aktivitetsverb. Setning (80), han *prøvde å hjelpe*, skildrar ei homogen handling, og eg meiner den er atelisk, utan noko implisitt endepunkt. Det ligg ikkje noko informasjon om at situasjonen tek slutt, og om nokon stoppar å prøve å hjelpe, er det framleis sant at han har prøvd å hjelpe. Den er dynamisk, og inneheld ikkje «sub-eventar» som accomplishment'ar gjer. Den andre setninga, (81), er òg eit litt

vanskeleg tilfelle. Her kunne ein tenkje at det er ei telisk handling, sidan den inneheld eit «mål» (politiet). Men det same gjeld som for førre setning, om han sluttar å peike på politiet, er det framleis sant at han har peikt på politiet.

Verbfrasar frå undersøkinga koda som *accomplishment*'ar:

(82) (...) han GÅR ut med henne (N10)

(83) Mannen SIER at sjal brødet (N7)

Her er 'å gå' sett saman med eit mål, og det er då ein durativ, dynamisk situasjon med eit logisk endepunkt (i filmen går dei vekk frå ein hage).

'Å si' var eit verb som i undersøkinga mi ofte vart kategorisert som accomplishment. Gujord (2013a) koda nesten alle slike som achievement'ar. Eg meiner det er ei durativ handling å seie noko, og at det ikkje er ein forandring av tilstand. Frasen er også klart telisk når den har eit argument som seier noko om kva som blir sagt (at [han] stjal brødet). *Det tok fem minutt å seie at han stjal brødet*, går fint, men *Ho sa i fem minutt at han stjal brødet* blir snodig. Det må nødvendigvis vare i nokre sekund å seie noko, og om du stoppar å seie noko midt i ei setning, er det ikkje sant at du har sagt heile setninga, altså er det ein accomplishment.

Verbfrasar frå undersøkinga koda som *achievement*'ar:

(84) hun BESTEMTE seg for å stjele et brød (N8)

(85) en mann som hadde sett hva HADDE SKJEDD (N8)

(86) og de GÅR (N14)

(87) Så etterpå KOMMER tilbake politi (N4)

Setning (84) skildrar ein typisk achievementverbfrase, 'å bestemme seg for å stjele eit brød' er ei momentant hending, der vedkommande på ein augneblink endrar tankane sine til å stjele eit brød. Verbfrasen i neste setning, (85), 'å gå' var litt vanskeleg i fleire tilfelle. Nokre stader refererte det til situasjonar som 'dei gjekk bortover gata' – desse tilfella sette eg som aktivitetsverb. Andre stader var det accomplishment, som vi såg i setning (82) over. I setning (86) har eg derimot kategorisert 'GÅR' som achievement. Ut i frå konteksten er det her brukt i betydninga 'å flykte'. Dette er eit døme på at konteksten er viktig og har innverknad på kva aksjonsart verbfrasen har, og at det ikkje er eit ein-til-ein høve mellom verbleksem og

aksjonsartklasse (sjå meir under 2.2.2). Gujord (2013a) kategoriserte 'flykte + 'eit mål' som accomplishment, og 'flykte' utan mål som achievement. Intuitivt tenkte eg ikkje at 'å flykte' var achievement, eg ser det ikkje som punktuelt. Men eit anna viktig poeng med achievementverb, er at dei skildrar ei tilstandsending, og då er det nettopp denne endringa som er det punktuelle – ein situasjon som tek stad i den reelle verda kan vanskeleg vere hundre prosent utan varigheit, og dermed er det overgangen frå ein tilstand til ein annan som er det vi kallar punktuelt. Dowty (1979) meiner til dømes at den viktigaste eigenskapen ved achievementverb er nettopp tilstandsendinga, og at det skjer utan ein kausal faktor.

Setning (87) var eit tvilstilfelle. 'Å komme' vart ofte kopla til achievementfrasar, «Chaplin kom inn i restauranten». I dette tilfellet er det snakk om ein gjentakande, iterativ frase, sidan politiet kjem tilbake etter å vore der ein gong før. Eg tenkte om det då kunne ha å gjere med ein durativ handling, og dermed kanskje ein accomplishmentfrase. Men sjølv om «å komme tilbake» har med den føregåande handlinga å gjere – det at dei har vore der før, er det likevel ein punktuell handling på ny. Dei har vore borte og kome att. Det er like punktuelt andre gongen dei kjem til staden som første gong, sjølv om det er iterativt. I følgje Comrie (1976: 42) kan ei punktuell handling vere iterativ. Til dømes «Han reiste seg, hosta fem gonger, og sette seg igjen».

4.2.3.4 Reliabilitetstest

Etter å ha koda alle verbfrasane i aksjonsart, har eg saman med ein annan kodar gjort ein såkalla *reliabilitetstest*. Denne testen gjer ein for å forsikre seg om at kodinga er haldbar (Gujord 2013a: 135). Det er ein svakheit ved forkinga på aksjonsart at mange studiar manglar denne typen reliabilitetstest (Andersen og Shirai 1995: 749). Eg gav ti prosent tilfeldig utvalde verbfrasar (43 stykk) til den andre kodaren, som så har kategorisert verbfrasane utan å vite kva koding eg har gitt dei. Den andre kodaren er kjent med prosedyren for å kategorisere i aksjonsart. Deretter samanliknar vi resultatata, og ser kor stor semje det er i dei to kodingane. I *tabell 3* ser vi resultatet av reliabilitetstesten.

		Kodar 1				Totalt
		Achievement	Accomplishment	Aktivitet	Statisk	
Kodar 2	Achievement	14	0	0	0	14
	Accomplishment	4	4	0	0	8
	Aktivitet	0	0	9	0	9
	Statisk	3	0	1	8	12
Totalt		21	4	10	8	43

Tabell 3. Reliabilitetstesting av kategorisering i aksjonsart.

Totalt har vi av dei 43 verbfrasane koda 8 *ulikt*, og 35 *likt*. I dei frasane med *ulik* koding er fire av dei koda som achievement'ar av kodar 1 og accomplishment'ar av kodar 2. Tre av dei er koda som achievement'ar av kodar 1 og statiske av kodar 2. Éin verbfrase er koda som aktivitet hjå kodar 1 og statisk av kodar 2. Av dei frasane som er koda *likt*, ser vi at det er størst semje blant aktivitetsverba, med 9 stykk vi er samde om, og berre éit aktivitetsverb er koda ulikt. Elles er det 14 achievementverb, 4 accomplishmentverb, og 8 statiske verb som er koda likt. Det er størst usemje innanfor i dei teliske og ateliske klassane.

Samanlikninga av kodinga er analysert statistisk ved hjelp av Kappa-analyse, som er ein test som kan nyttast for å teste grad av semje mellom to kodarar på denne typen klassifiseringsdata. Denne analysen gir ein *Kappaindeks*, som i følgje Landis og Koch (1977: 165), er «substantial» ('holdbar, solid') om den er på over 0,7. Her gav reliabilitetstestinga ein Kappaindeks på 0,74, og vi kan dermed seie at det er akseptabel semje mellom dei to kodingane. Likevel ser vi at det altså ikkje alltid er semje mellom to kodarar, og dette understrekar viktigheita av å gjere grundig rede for framgangsmåten i ei undersøking.

4.2.4 Statistikk

I kap. 5 vert resultatane av analysane beskriven statistisk ved hjelp av tabellar og diagram. Dei første beskrivingane vil skje på ferdigheitsnivå (5.1), medan eg vil nytte gjennomsnittsverdiar i resten av kapitlet der resultatane i høve til testane vert presenterte (5.2 og 5.3). I desse delane vil det også vorte utført nokre signifikansanalysar på gjennomsnitt (presenterte som relative verdiar uttrykt som prosent) som kjem frå data når informantane *ikkje* er delte inn i ferdigheitsnivå. I resultatane som går på ferdigheitsnivå var det for få informantar i kvar gruppe til å gjere ei fornuftig statistisk analyse av forskjellane mellom gjennomsnitta i dei tre nivågruppene. Denne signifikanstestinga gjer vi for å undersøke om skilnaden vi observerer mellom gjennomsnitta, er *signifikante*. Det vil seie at ein kan anta at skilnaden mellom gruppene reflekterer ein systematisk skilnad og har ikkje oppstått ved ein slump. Eg har i min studie fått hjelp frå statistisk kyndige hender. Signifikanstestinga vi utfører på resultatane mine, er ein såkalla *para (avhengig) t-test*. Ein t-test gjennomførast når det er gjennomsnittet av to grupper (her ateliske og teliske) som skal samanliknast. Ein para, eller avhengig, test, brukast når ein vil samanlikne gjennomsnittet frå *same individ*, og materialet består av fleire *avhengige* observasjonar. Det motsette er ein ikkje-para test, som testar gjennomsnittet mellom *ulike individ*. For å teste dei data som går på dei fire aksjonsartklassane, vert ein

liknande metode brukt, men denne testen gjer det mogleg å teste gjennomsnittet frå *fire* grupper i staden for *to*. Denne testen har eit såkalla *Repeated measure ANOVA* design, og har same prinsipp som den para t-testen, berre med data frå fleire enn to grupper.

Utfallet av signifikanstestinga vert framstilt slik: Resultatet av signifikansanalysane vert gitt som p-verdiar som seier noko om kor sannsynleg det er at resultatet er systematisk eller oppstått ved ein slum. Dette er systemet eg nyttar (og som er vanleg å nytta, mellom anna finn me det i Gujord 2013):

$p = > 0.1$ = "ikkje signifikans"

$p = \leq 0,05$ = "signifikans"

$p = \leq 0,01$ = "svært signifikans"

$p = \leq 0,001$ = "svært høg signifikans"

4.3 Oppsummering

I kapittel fire har eg gjort greie for metoden i studien min. Vi har i 4.1 sett kvar den aktuelle studien plasserer seg i høve til den allereie etablerte forskningstradisjonen, og kva innfallsvinklar eg nyttar i studien min . Vidare har vi sett i 4.2 dei konkrete retningslinjene for innhenting og analysing av dataa: frå utføringa av sjølvte møta med informantane, til elisitering av verbfrasar og til dei konkrete kodingsprosedyrane for dei tre variablane (fortidskontekst, bøyingsklasse og aksjonsart). Til slutt har vi sett ei reliabilitetstesting av aksjonsartkodinga, som gav haldbare utslag av samanlikninga mellom mi og ein annan kodar si koding, og deretter ei presentering av dei statistiske testane eg brukar.

5. Resultat og analyse

I denne seksjonen skal eg leggje fram resultata mine, og i neste omgang (kapittel 6) vil eg diskutere funna. For å summere kort opp, går undersøkinga mi ut på å teste ein ei av kjernehypotesane i Aksjonsarthypotesen (sjå 3.2). Resultata i undersøkinga skal kaste lys over følgjande hypotesar:

1. Innlærarane vil ha høgare mengd teliske verbfrasar bøygde i fortid enn ateliske verbfrasar bøygde i fortid.
2. Verbfrasar der fortidskonteksten ikkje er markert riktig på verbet, vil oftare vere ateliske enn teliske.

I Aksjonsarthypotesen slik den står skriven på engelsk (sjå 3.2), står det at fortidsbøyinga i innlærarspråk vil gå frå achievementverb og accomplishmentverb, til aktivitetar og statiske. Implisitt i hypotese 1 ligg det derfor ei forventing om at fortidsbøyinga i verbfrasane vil spreie seg *stigande* utover dei fire aksjonsartkategoriane i følgjande rekkefølge: statiske verb > aktivetsverb > accomplishmentverb > achievementverb. Tilsvarande kan ein forvente at spreinga over dei fire klassane vil vere *sinkande* i følgjande rekkefølge: statiske verb > aktivetsverb > accomplishmentverb > achievementverb.

I kapittel 4, avsnitt 4.2.3, har eg greidd ut om korleis eg har gått fram for å teste hypotesane, og dei ulike analysemetodane eg tek i bruk for undersøkinga. Nokre av dei største utfordringane ligg i å kode verbfrasane i aksjonsart, dette er gjort greie for i 4.2.3.3.

Her skal eg presentere resultat og analyse frå undersøkinga. Først kjem avsnitt 5.1, der dei absolutte førekomstane i materialet mitt vert presenterte. Dette er for å gi eit inntrykk av det totale omfanget på materialet og for å visa kva for faktiske tal som ligg under analysane (i 5.2 og 5.3) som testar hypotesane, og som jo vil måtte basera seg på relative verdiar. Vidare er presentasjonen av dei aktuelle resultata som dannar grunnlag for sjølv analysen delt i to: Avsnitt 5.2, *bruk av fortidsmorfologi*, for å teste hypotese 1, og avsnitt 5.3 *ukorrekt markering av fortid*, for å teste hypotese 2. I første del, 5.2 ser eg på den totale *bruken av fortidsmorfologi*, og tek utgangspunkt i alle førekomstar av verb bøygde i preteritum og

perfektum – uavhengig av om verbfrasen sin kontekst krev fortidsmarkering eller ikkje. Her kan det med andre ord vere fortidsbøyge verb i ein kontekst der det ikkje skal vere det på norsk, men poenget er å leite blant alle fortidsmarkeringar etter bøyge verb i teliske og ateliske verbfrasar. Dette dannar grunnlaget for å teste hypotese 1. I andre del, 5.3 tek eg utgangspunkt i alle dei verba som har ukorrekt markering av fortidskontekst, det vil seie alle førekomstar av verb plassert i ein fortidskontekst, men som manglar riktig fortidsbøying (sjå seksjon 4.2.3.1 for prosedyrer for inndeling i fortidskontekst). Dette dannar grunnlaget for å teste hypotese 2. I tillegg vil eg i både 5.2 og 5.3 sjå på spreinga mellom dei fire aksjonsartklassane. Til slutt kjem ei oppsummering av kapittelet i avsnitt 5.4.

I 5.1 ser vi ulike tabellar over det totale materialet, her er absolutte tal på ferdigheitsnivå. I 5.2 og 5.3 vert alle resultat viste både i tabell og i diagram. I begge avsnitta kjem først inndeling i atelisk/telisk, deretter inndeling i aksjonsart. Under begge desse seksjonane får vi først dei samla resultata frå alle informantane, deretter resultata med informantane delt i tre ferdigheitsnivå. Tala presentert i 5.2 og 5.3 er alle gjennomsnittsverdiar.

5.1 Oversyn over datamaterialet

I dette avsnittet vil eg presentere datamaterialet mitt frå undersøkinga. I undersøkinga fekk eg totalt 679 verbfrasar frå mine 17 informantar. Informantane er delt i nivågrupper etter ferdigheit, 4 stykk var på A1, 6 stykk på A2 og 7 stykk på B1. Eg skilte vidare mellom *token* og *type* (sjå 4.1.3), og sat igjen med 426 typar. Av desse 426 typane hadde eg: 180 *bruk av fortidsmorfologi*, 150 *ukorrekt markering av fortid*, 96 *utan relevans*. Dette er stilt fram i *tabell 4* under, nærmare forklaring følgjer etter tabellen. Tabellen viser absolutte tal.

Absolutte tal, token	av desse	Absolutte tal, type	av desse		Analyse
679 verbfrasar	-->	426 verbfrasar	-->	180 verbfrasar: <i>bruk av fortidsmorfologi</i>	Hypotese 1 Avsnitt 5.2
			-->	150 verbfrasar: <i>ukorrekt markering av fortid</i>	Hypotese 2 Avsnitt 5.3
			-->	96 verbfrasar: <i>utan relevans</i>	Ikkje analyserte

Tabell 4. Oversikt over datamaterialet frå undersøkinga.

- Absolutt token er den totale førekomsten av *alle* verbfrasar i alle tekstane.
- Absolutt type er alle token rekna om til type, sjå 4.1.3 for prosedyre.
- Dei 180 *bruk av fortidsmorfologi* er alle verbfrasar som har morfologisk fortidsmarkering, i denne studien vil det seie alle verb i preteritum eller perfektum.
- Dei 150 *ukorrekt markering i fortid* er verbfrasar som står i ein fortidskontekst, men med feil eller manglande bøyingsform. Fortidskontekst vil seie ei verbfrase som på norsk krev at verbet vert bøygd i fortid. (preteritum eller perfektum)
- Dei 96 *utan relevans*, er verb som korkje har fortidsbøying eller står i fortidskontekst, og dermed er irrelevante for analysane i studien.

I 5.2 vert analysen av dei 180 *bruk av fortidsmorfologi* presentert, og denne analysen er grunnlaget for å teste hypotese 1. Del 5.3 tar føre seg analysen av dei 150 *ukorrekt markerte* verba, denne analysen dannar grunnlaget for å teste hypotese 2. Begge analysedelane baserer seg på relative tal (prosent), sjå 4.2.3 for prosedyre. Dei resterande 96 verba *utan relevans*, er korkje bøygd i fortid eller står i ein fortidskontekst, og vert ikkje analyserte i det heile (desse består av presensbøygde verb og verb utan bøyging som ikkje står i ein fortidskontekst, sjå 4.2.3.1).

I dei to følgjande tabellane ser vi korleis dei 426 typane fordeler seg på aksjonsartklassane. Det er altså ikkje alle desse 426 som blir med vidare i analysen (180 typar til 5.2, og 150 typar til 5.3), men denne oversikta gir eit inntrykk av det samla materialet, og dermed utgangspunktet for undersøkinga. Først ser vi ferdigheitsnivåa samanlagt, deretter ferdigheitsnivåa kvar for seg. Tabellane viser absolutte førekomstar.

	STA	AKT	ACC	ACH	TOTAL
A1+A2+B1	127	56	94	149	426

Tabell 5 Totale data fordelt i aksjonsart, samanlagt. Absolutte tal. Type.

	STA	AKT	ACC	ACH	TOTAL
A1 (N=4)	18	10	13	25	66
A2 (N=6)	43	22	45	49	159
B1 (N=7)	66	24	36	75	201
					426

Tabell 6. Totale data fordelt i aksjonsart, etter ferdigheit. Absolutte tal. Type.

Sjå vedlegg 5 for detaljert oversikt over førekomstane av verbtype hjå den einstilte informant.

Dei 679 tokenførekomstane i undersøkinga vert som nemnt rekna om til type for å gjennomføre analysen. I neste tabell ser vi ei oversikt over fordelinga av token og type mellom ferdigheitsnivåa. Data er i absolutte tal.

	TOKEN	TYPE
A1 (N=4)	104	66
A2 (N=6)	243	159
B1 (N=7)	332	201
TOTALT	679	426

Tabell 7. Fordeling av token og type mellom ferdigheitsnivåa. Absolutte tal.

Vi ser at det er eit betydeleg høgare tal token enn type i informanttekstane, noko som peikar i retning av ein type analyse ei føremålstenleg tilnærming i denne studien. Sjå vedlegg 4 for detaljert oversikt over spreininga hjå den einstilte informant. Hjå nokon av informantane er det nokså stor skilnad mellom førekomstane token og type, hjå andre ikkje så stor. Til dømes har ein av informantane, N13, heile 76 tokens, men berre 27 types, medan informant N6 ikkje har

mindre skilnad, med 13 tokens og 11 types. Dette dannar grunnlaget for å utføre analyser på type i staden for token.

For sjå nærmare på skilnadane mellom token og type, skal vi i neste tabell sjå ei frekvensordliste, den viser dei ti mest frekvente verbtypene i frå alle informanttekstane. Desse tala er rekna ut ifrå dei totale 679 tokenførekomstane. Denne tabellen har eg med for å gi eit ytterlegare innblikk i fordelinga mellom token og type, og for å demonstrere kvifor eg har valt å telje type og ikkje token. Her er dataa både i absolutte tal token og i relative tal (frekvens uttrykt ved prosent).

	Verbtype	Mengd token	Frekvens i informanttekstane
1.	Gå	60	8,8
2.	Være	55	8,1
3.	Si	47	6,9
4.	Ha	45	6,6
5.	Komme	33	4,8
6.	Spise	27	4,0
7.	Se, stjele	25	3,7
8.	Bo	21	3,1
9.	Snakke, gjøre	19	2,8
10.	Betale	18	2,6
Total mengd token (i alle tekstane)		679	

Tabell 8. Frekvensordliste. Dei ti mest frekvente verba. Absolutte tal.

Som vi ser er *gå*, *være* og *si* dei mest frekvente verba, med høvesvis 60, 55 og 47 førekomstar. Høgre kolonne viser kor stor prosentdel av alle token kvar av verbtypene utgjer, *gå* har 60 førekomstar, $60/682 \cdot 100 = 8,8$ prosentandel. Vi ser at det er mykje høgare frekvens av nokre verbtypar enn av andre, og eg meiner det vil vere meir representativt å rekna type enn å rekne token i undersøkinga. Sjå 4.1.3 for meir om token og type.

Neste tabell viser ei oversikt over korleis dei 180 *fortidsmarkeringane* fordeler seg på preteritum og perfektum. I perfektums-kategorien finst åtte preteritum perfektum og resten

presens perfektum, og eg har slått dei saman til ein kategori. Sjå 4.2.3.2 for meir om bøyingskategoriar.

	PRETERITUM	PERFEKTUM	TOTALT: PROSENT og (TYPE)
A1 (N=4)	13	1	14
A2 (N=6)	45	10	55
B1 (N=7)	96	15	111
Total mengd type	154	26	180

Tabell 9. Fortidsmarkeringar fordelt i preteritum og perfektum. Absolutte tal. Type.

Vi har her sett på rådatamaterialet for undersøkinga. Vidare skal vi sjå på resultatane av data i høve til hypotesane. Først tek vi føre oss undersøkinga som tek utgangspunkt i total bruk av fortidsmorfologi (5.2) og som testar hypotese 1, deretter skal vi sjå på ukorrekt markering av fortid (5.3), som testar hypotese 2.

5.2 Resultat: Bruk av fortidsmorfologi

I denne delen av analysen vil eg presentere dataa mine som viser den totale bruken av fortidsmorfologi. Det vil seie alle stadene i informanttekstane der ei verbform opptre med morfologisk markering av fortid, som i denne studien betyr preteritum eller perfektum³³. Sjå 4.2.3.2 for prosedyre for inndeling i bøyingskategoriar. Her består materialet av 180 verbfrasar bøyde i fortid. Av desse er 8 verb plasserte i *feil kontekst*, det vil seie til dømes ei perfektumsform i ei frase som krev at verbet skal stå i preteritum. (Sjå 4.2.3.1)

Del 5.2.1 viser resultatane med fordeling i atelisk/telisk. Først ser vi resultatane frå alle informantane samanlagt, deretter informantane delt etter nivå. Del 5.2.2 viser resultatane fordelt

³³ Det var åtte tilfelle av preteritum perfektum i tekstane, resten var presens perfektum. Eg har slått dei alle saman i éi perfektums-gruppe. Sjå 4.2.3.2.

i aksjonsart. Også her ser vi først samanlagt, deretter i dei einstilte ferdigheitsnivåa. Resultata blir presentert først i tabellar, deretter i diagram.

5.2.1 Resultat: Bruk av fortidsmorfologi, atelisk/telisk

Her presenterer eg resultata av bruk av fortidsmorfologi, fordelt i ateliske verbfrasar (statiske og aktivitetar) og teliske verbfrasar (accomplishment'ar og achievement'ar). Prediksjonane er at det vil vere høgare førekomst av teliske verbfrasar enn av ateliske. Først ser vi i *tabell 10* og *diagram 1* dataa samanlagt hjå alle informantane. I tabellen står dataa presentert i prosent på øvste linje, og tala i parentes som står på linja under viser talet på gjennomsnittlege typeførekomstar. I diagrammet er tala relative.

	ATELISK	TELISK	TOTAL
A1+A2+B1	26,3% (3,4)	73,7% (17,2)	100%

Tabell 10. Total bruk, samanlagt. Atelisk/telisk. Relative og absolutte tal. Type.




Diagram 1 – basert på tabell 10. Total bruk, samanlagt. Atelisk/telisk. Relative tal. Type.

Vi ser at det er høgare førekomst av verbtypar i teliske (73,7) enn ateliske verbfrasar (26,3) bøygde i fortid, og resultatet av den statistiske analysen viser at denne skilnaden har svært høg signifikans ($p = < 0.001$).

Tabell 11 og diagram 2 viser dei same data som føregåande, men med data fordelt på nivå.

	ATELISK	TELISK	TOTALT
A1 (N=4)	16,7% (1,5)	83,3% (2,0)	100%
A2 (N=6)	22,4% (2,3)	77,6% (6,8)	100%
B1 (N=7)	35,1% (5,4)	64,9% (10,4)	100%

Tabell 11: Bruk av fortidsmorfologi, atelisk/telisk, nivå. Relative og absolute tal. Type.




Diagram 2 – basert på tabell 11. Bruk av fortidsmorfologi, atelisk/telisk, ferdigheitsnivå. Relative tal. Type.

Vi ser ut ifrå tabellen og diagrammet at alle nivåa har høgare førekomst av fortidsbøygde verb i teliske verbfrasar enn i ateliske. Nivå A1 er dei med høgast frekvens teliske verbfrasar, og har også størst skilnad mellom ateliske (83,3 prosent) og teliske (16,7 prosent). Nivå A2 er den gruppa med nest størst skilnad mellom dei to kategoriane, med 77,6 prosent teliske og 24,2 prosent ateliske. B1 har 64,9 prosent frekvens av teliske, mot 35,1 ateliske.

5.2.2 Resultat: Bruk av fortidsmorfologi, aksjonsartklassar

Her skal vi sjå på data som gjeld total bruk, med resultatata fordelt i dei fire aksjonsartklassane: statiske verb, aktivitetsverb, accomplishmentverb og achievementverb. Her er prediskjonen at

det vil vere ei stigande spreining i følgjande rekkefølge: statiske verb > aktivtetsverb > accomplishmentverb > achievementverb. Sjå seksjon 4.3.2 for kodingsprosedyre i dei fire kategoriane. I *tabell 12* og *diagram 3* ser vi dei samanlagte data for alle ferdigheitsnivåa. Tabellen viser først tala i prosent, og på linja under står dei gjennomsnittlege typesførekomstane i parentes. Diagrammet viser relative tal.

	STA	AKT	ACC	ACH	TOTALT
A1+A2+B1	18,8%	7,5%	14,8%	58,9%	100%
	(2,4)	(1)	(1,9)	(5,3)	

Tabell 12. Bruk av fortidsmorfologi, aksjonsartklassar. Ferdigheitsnivåa slått saman. Relative og absolute tal. Type.




Diagram 3 – basert på tabell 12. Bruk av fortidsmorfologi, aksjonsartklassar. Ferdigheitsnivåa slått saman. Relative tal. Type.

Vi ser at det er stigande spreining frå aktivtetsverb til accomplishmentverb og vidare til achievementverb, men statisk-klassen er den med nest høgast førekomst. Det er ikkje jamn stiging frå statiske verb til achievementverb. Den statistiske analysen viser at achievementverb skil seg med signifikant høgare førekomst (58,9) av fortidsbøygde verbytpar samanlikna med alle dei tre andre aksjonsartklassane (med p-verdiane mellom $p \leq 0.01$ og $p < 0.001$). Gruppa statiske (18,8) og aktivtetsverb (7,5) skil seg også signifikant frå kvarandre ($p \leq 0.01$).

Tabell 13 og diagram 4 viser dei same data over fortidsmorfologi i aksjonsart, men med resultatata fordelt mellom dei tre ferdigheitsnivåa.

	STA	AKT	ACC	ACH	TOTALT
A1 (N=4)	11,1% (1)	5,5% (0,5)	11,1% (0,5)	72,2% (1,5)	100%
A2 (N=6)	15,9% (1,7)	6,4% (0,7)	14,9% (1,8)	62,7% (5)	100%
B1 (N=7)	25,5% (3,8)	9,6% (1,6)	16,8% (2,7)	48,0% (7,7)	100%

Tabell 13: Bruk av fortidsmorfologi, aksjonsartklassar, nivå. Relative og absolutte tal. Type.




Diagram 4 – basert på tabell 13. Bruk av fortidsmorfologi, aksjonsartklassar, nivå. Relative og absolutte tal. Type.

Fordelinga i nivåa er slik (frå flest til færrest førekomstar):

A1: achievement'ar > statiske verb og accomplishment'ar (like stor del) > aktivtetsverb

A2: achievement'ar > statiske verb > accomplishment'ar > aktivtetsverb.

B1: achievement'ar > statiske verb > accomplishment'ar > aktivtetsverb.

Alle nivåa har høgast førekomst av verbfrasar klassifisert som achievement'ar, og dei viser alle same mønster vidare i fordelinga mellom aksjonsartklassane.

5.3 Resultat: Ukorrekt markering av fortid

Her vil eg presentere dataa med utgangspunkt i verbfrasar med fortidskontekstar som ikkje er riktig markerte. Det vil seie verb som opptre i ein fortidskontekst, men som ikkje har fått den tilsvarende riktige bøyinga. Fortidskontekst vil seie alle stader i teksten der på norsk konteksten krev at verbet vert markert i preteritum eller perfektum. I desse kontekstane kan ein finne følgjande:

1. Dei som har *riktig* markering på riktig plass. Preteritum i preteritumskontekst, og perfektum i perfektumskontekst.
2. Dei som har *feil* bøying. Presens eller perfektum i preteritumskontekst, presens eller preteritum i perfektumskontekst.
3. Dei som *ikkje har ei bøying* i det heile. Infinitiv eller ei verbform som ikkje kan kjennast att, og som derfor ikkje lar seg kategorisera.

I teorien finst det òg ei fjerde gruppe, dei verbfrasane der det *manglar* verb. Eg hadde ingen førekomstar av det i mine informanttekstar. Her skal eg sjå på dei verba som hamnar i gruppe 2) og 3). Sjå 4.2.3.1 for nærmare om fortidskontekst. Her består materialet av 150 verbfrasar.

Seksjon 5.3.1 viser resultatata delt i atelisk/telisk. Her kjem først samanlagte data for alle informantane, deretter for kvart einskilte nivå. Avsnitt 5.3.2 viser resultatata delt i dei fire aksjonsartklassane. Også her ser vi først samanlagte resultat, deretter fordelt i dei fire ferdigheitsnivåa. I begge avsnitta ser eg til slutt på dataa fordelt i gruppe 2) og 3) som vist over. Alle data presentert i både tabellar og diagram.

5.3.1 Resultat: Ukorrekt markering av fortid, atelisk/telisk.

Her visast resultatata som gjeld ukorrekt markering i ein fortidskontekst, fordelt mellom ateliske (statiske og aktivitetar) og teliske (accomplishment'ar og achievement'ar) verbfrasar. Prediksjonane er at det blant verbfrasane som har ukorrekt markering i ein fortidskontekst, vil vere fleire ateliske verbfrasar enn teliske. Først ser vi *tabell 14* og *diagram 5*, som viser resultatata frå undersøkinga med samanlagte data frå alle informantane. I tabellen står dataa presentert i relative tal på øvste linje, og tala i parentes som står på linja under viser det absolute talet på typeførekomstar (gjennomsnitt). I diagrammet er tala relative.

	ATELISK	TELISK	TOTALT
A1+A2+B1	45,6% (3,9)	54,4% (4,9)	100%

Tabell 14. Ukorrekt fortidsmarkering, atelisk/telisk, samanlagt. Relative og absolutte tal. Type.



Diagram 5 – basert på tabell 14. Ukorrekt fortidsmarkering, atelisk/telisk, samanlagt. Relative tal. Type.

Vi ser at det er høgare mengd ukorrekt markering i teliske verbfrasar (54,4) enn ateliske (45,6) verbfrasar, og skilnaden har svært høg signifikans ($p = < 0.001$).

I neste tabell 15 og diagram 6 ser vi dei same dataa for feil bruk, her fordelt mellom dei tre ferdighetsnivåa. Tabellen er med absolutte og relative tal, diagrammet med relative tal.

	ATELISK	TELISK	TOTALT
A1 (N=4)	50,5% (3,2)	49,5% (5,7)	100%
A2 (N=6)	49,4% (5,3)	50,6% (6,7)	100%
B1 (N=7)	39,6% (3)	60,4% (3)	100%

Tabell 15. Ukorrekt fortidsmarkering, atelisk/telisk, ferdighetsnivå. Relative og absolutte tal. Type.




Diagram 6 – basert på tabell 15. Ukorrekt fortidsmarkering, atelisk/telisk, ferdigheitsnivå. Relative tal. Type.

Nivå A1 er den einaste gruppa som har høgare førekomst blant ateliske verb enn teliske, med 52,6 prosent ateliske og 47,4 prosent teliske. Nivå A2 har flest teliske, men ei ganske jamn fordeling, med 53,3 prosent teliske og 46,7 prosent ateliske. Nivå B1 har flest teliske, 59,3 prosent, mot 40,7 prosent ateliske.

I tabell 16 og diagram 7, skal vi sjå på resultatane frå ukorrekt fortidsmarkering mellom dei tre ferdigheitsnivåa, her er dataa i tillegg delt inn i om verbet er *bøygde feil*, eller står *utan bøying* (sjå 5.2 for forklaring). Data i tabellen er i relative og absolutte tal (i parentes).

	ATELISK Feil bøying	TELISK Feil bøying	ATELISK Utan bøying	TELISK Utan bøying
A1 (N=4)	50,7% (1,7)	49,3% (2,5)	36,8% (2)	63,2% (4,3)
A2 (N=6)	52,8% (4,5)	47,2% (5,5)	45,8% (1,2)	54,2% (1,7)
B1 (N=7)	49,5% (2,3)	50,5% (1,8)	36,0% (1,4)	64,0% (2)

Tabell 16. Ukorrekt fortidsmarkering, telisk/atelisk, detaljert. Relative og absolutte tal. Type.




Diagram 7 – basert på tabell 16. Ukorrekt fortidsmarkering, atelisk/telisk, detaljert. Relative og absolutte tal. Type.

Tabellen og diagrammet viser at det i *feil bøying*-kategorien er nesten heilt jamn fordeling både mellom atelisk og telisk, og mellom dei tre ferdigheitsnivåa. Av verbfrasar *utan bøying*, har alle nivåa flest teliske verb. Nivå A1 og nivå B1 har nesten heilt lik fordeling mellom dei to, A1 har 36,8 prosent ateliske og 63,2 prosent teliske, medan B1 har 36 prosent ateliske og 64 prosent teliske. Nivå A2 har i *utan bøying*-kategorien litt større skilnadar, 48,8 prosent ateliske, og 64 prosent teliske.

5.3.2 Resultat: Ukorrekt markering av fortid, aksjonsartklassar

Her vert resultatane som viser ukorrekt fortidsmarkering, fordelt i dei fire aksjonsartklassane, presentert. Prediksjonane er at det vil vere sinkande spreiding frå statiske > aktivitetar > accomplishment'ar > achievement'ar. Først kjem alle data samanlagt, *tabell 17* og *diagram 8*. Tabellen viser absolutte og relative tal, diagrammet viser relative.

	STA	AKT	ACC	ACH	TOTAL
A1+A2+B1 (N=17)	29,7% (2,3)	15,8% (1,6)	19,6% (2,3)	34,7% (2,6)	100%

Tabell 17. Ukorrekt fortidsmarkering, aksjonsartklassar, samanlagt. Relative og absolutte tal. Type.



Diagram 8 – basert på tabell 17. Ukorrekt fortidsmarkering, aksjonsartklassar, samanlagt. Relative tal. Type.

Sett bort frå stativ-klassa er det her ei stiging frå aktivitetar til accomplishment'ar til achievement'ar. Men den statistiske analysen viser at tala på verbtypar i verbfrasar som er ukorrekte, ikkje skil seg signifikant mellom nokon av dei fire aksjonsartklassane.

I tabell 18 og diagram 9 ser vi dei same resultatane frå ukorrekt fortidsmarkering fordelt på dei fire aksjonsartkategoriane, med data fordelt i dei tre nivåa.

	STA	AKT	ACC	ACH	TOTALT
A1 (N=4)	45,1% (2,5)	5,3% (0,7)	16,4% (2)	33,1% (3,7)	100%
A2 (N=6)	26,0% (2,8)	23,4% (2,5)	26,4% (3,7)	24,2% (3)	100%
B1 (N=7)	24,3% (1,7)	15,4% (1,3)	15,6% (1,3)	44,8% (1,7)	100%

Tabell 18. Ukorrekt fortidsmarkering, aksjonsartklassar, ferdigheitsnivå. Relative og absolutte tal. Type.




Diagram 9 – basert på tabell 18. Ukorrekt fortidsmarkering, aksjonsartklassar, ferdigheitsnivå. Relative tal. Type.

Tabellen og diagrammet viser følgjande spreing mellom kategoriane (frå færrest førekomstar til flest):

Nivå A1: aktivitetar > accomplishment'ar > achievement'ar > statiske

Nivå A2: aktivitetar og accomplishment'ar (like stor del) > statiske > achievement'ar

Nivå B1: statiske > accomplishment'ar > aktivitetar > achievement'ar

To av tre ferdigheitsnivå har flest achievementverb, og to av tre ferdigheitsnivå har færrest aktivetsverb.

I det neste, tabell 19 og diagram 10, ser vi resultatane av ukorrekt fortidsmarkering fordelt mellom verb med *feil bøying* og verb *utan bøying*. Sjå 5.2 for forklaring.

	STA Feil bøying	AKT	ACC	ACH	STA Utan bøying	AKT	ACC	ACH
A1 (N=4)	50,7% (1,7)	0,0% (0)	17,3% (0,7)	31,9% (1,7)	27,8% (1)	9,1% (1)	17,7% (1,7)	45,4% (2,7)
A2 (N=6)	21,3% (2,3)	31,5% (2,1)	26,3% (3)	20,8% (2,5)	29,2% (0,7)	16,7% (0,5)	25% (1)	29,1% (0,7)
B1 (N=7)	32,2% (1,5)	17,2% (0,8)	21,4% (1)	29,2% (0,8)	18,0% (0,6)	18,0% (0,8)	13,0% (0,6)	51,0% (1,4)

Tabell 19. Ukorrekt fortidsmarkering, aksjonsart, detaljert. Relative og absolutte tal. Type.




Diagram 10 – basert på tabell 19. Ukorrekt fortidsmarkering, aksjonsart, detaljert. Relative tal. Type.

I kategorien *feil bøyning* har nivåa følgjande spreining (frå færrest til flest):

A1: aktivitetar > accomplishment'ar > achievement'ar > statiske

A2: achievement'ar > statiske > accomplishment'ar > aktivitetar

B1: aktivitetar > accomplishment'ar > achievement'ar > statiske

Vi ser at nivå A1 og B1 har same mønster. Nivå A2 har her som einaste stad i undersøkinga høgast førekomst av aktivitetsverb.

I kategorien *utan bøyning* har nivåa følgjande spreining (frå færrest til flest):

A1: aktivitetar > accomplishment'ar > statiske > achievement'ar

A2: aktivitetar > accomplishment'ar > achievement'ar og statiske (like stor del)

B1: accomplishment'ar > statiske og aktivitetar (like stor del) > achievement'ar

To av tre ferdigheitsnivå har færrest aktivitetar og nest færrest accomplishment'ar, og to av tre ferdigheitsnivå har flest achievement'ar.

5.4 Oppsummering

I kapittel fem har eg presentert resultatane frå undersøkinga. Eg har to hovudhypotesar, og tilsvarende to måtar å framstille data på, *bruk av fortidsmorfologi* (5.2) og *ukorrekt fortidsmarkering* (5.3). I begge framstillingane såg eg vidare på verbfrasane fordelt i atelisk/telisk, og i aksjonsartklassar. Eg fann signifikant skilnad i materialet som viser *bruk av*

fortidsmorfologi mellom atelisk/telisk (5.2.1). Det er signifikant høgare del teliske verb bøygd i fortid enn ateliske verb bøygd i fortid. I materialet som viser aksjonsartklassar (5.2.2) fann eg ikkje det mønsteret prediksjonen seier, det er ikkje ei stiging frå statiske verb > aktivtetsverb > accomplishmentverb > achievementverb. Så kjem del 5.3, som går på *ukorrekt fortidsmarkering*. Her fann eg ikkje signifikant skilnad i atelisk/telisk (5.3.1). Det er fleire førekomstar av teliske verbfrasar i fortidskontekstar som er markerte feil enn av ateliske, motsett av det prediksjonane seier. I materialet som viser aksjonsartklassar (5.3.2) fann eg heller ikkje mønster i tråd med hypotesen: det er ikkje stiging frå statiske verb > aktivtetsverb > accomplishmentverb > achievementverb. I neste kapittel skal vi sjå på diskusjonen rundt desse resultatata.

6 Diskusjon

Her vil eg drøfte resultatane og analysane som vart presenterte i kapittel 5. Eg vil sjå dei i høve til hypotesane mine presentert i 3.3 og i innleiinga av kapittel 5. Hypotesane mine byggjer på Aksjonsarthypotesen (sjå 3.2). Del 6.1 vil drøfte hypotese 1, del 6.2 vil drøfte hypotese 2. 6.3 tar føre seg drøfting rundt ei samanlikning med funn i andre studiar. I 6.4 vil eg kort samle opp refleksjonar rundt telisitet som faktor i innlæringa, og 6.5 gir avsluttande og oppsummerande tankar rundt studien.

Til informasjon for lesing av drøftinga: i analysen (kapittel 5) har eg signifikanstesta dei resultatane som går på samanlagte tal og dei som går på ferdigheitsnivå. I dei samanlagte data har eg signifikanstesta resultatane, men på ferdigheitsnivå er det ikkje mange nok informantar i kvar gruppe til at ein kunne gjere ein fornuftig statistisk analyse. Jamfør framstillingane av resultat og tabelltilvisingane med tabellane i kapittel 5.

6.1 Analyse av hypotese 1, bruk av fortidsmorfologi

Her skal eg drøfte resultatane framstilt i 5.2, som gjeld hypotese 1. Hypotesen seier at *innlærarane vil ha høgare mengd teliske verbfrasar bøygde i fortid enn ateliske verbfrasar bøygde i fortid*. I tillegg ligg det implisitt i hypotesen ei forventning om at fortidsbøyinga vil spreie seg *stigande* utover dei fire aksjonsartkategoriane i følgjande rekkefølge: statiske verb > aktivitetsverb > accomplishmentverb > achievementverb. I 6.1.1 tek eg føre meg resultatane som går på atelisk/telisk, i 6.1.2 kjem analysen av resultatane fordelt i dei fire aksjonsartklassane.

6.1.1 Hypotese 1, atelisk/telisk: støtte

(Tabell 10–11)

I analysen av hypotese 1, atelisk/telisk, har eg funne følgjande: Samanlagt har telisk-gruppa ein førekomst på 73,7, og den skil seg signifikant frå den ateliske gruppa, som har ein

førekomst på 26,3. Signifikansen er dessutan svært høg. Dette gir klar støtte til hypotesen. På ferdigheitsnivå har A1 større skilnad mellom ateliske og teliske verbfrasar enn dei to andre ferdigheitsnivåa, A2 har nest størst, og B1 har minst skilnad mellom dei to kategoriane. Eg har ikkje nok informantar i undersøkinga til at det er fornuftig å gjere ei statistisk analyse på ferdigheitsnivå, difor kan eg ikkje hevde at skilnadane er signifikante eller ikkje. Men det er verdt å merke seg at det er altså høgast førekomst av teliske verb på det lågaste ferdigheitsnivået, og skilnaden mellom telisk og atelisk vert større jo lågare nivået er på informantane. Denne fordelinga i ferdigheitsnivåa kan sjåast på som ein logisk konsekvens av at resultatane viser støtte til hypotesen. Dersom det er slik at ein innlærer først tileignar seg bøyning av teliske verbfrasar i fortid, og deretter ateliske, kan ein forvente at jo høgare nivå innlæraren har, jo fleire ateliske verbfrasar har han lært seg fortidsbøyinga av, og jo mindre vil altså «gapet» vere mellom informantgrupper på dei ulike nivåa.

6.1.2 Hypotese 1, aksjonsartklassar: delvis støtte

(Tabell 12–13)

I analysen som gjaldt aksjonsartklassar, fann eg følgjande: Samanlagt skil achievement-klassen seg signifikant frå alle dei tre andre gruppene, med 58,9 prosent førekomst av fortidsbøyde verbtypar. Dei statiske verbfrasane (18,8) skil seg òg signifikant frå aktivetsverba (7,5). Dette gir ikkje direkte støtte til hypotesen om at det vil vere ei sinkande spreiding frå statiske til achievement'ar, sjølv om det frå aktivetsverba er ei sinkande spreiding vidare til accomplishment'ar og achievement'ar. Dette er likevel ei *delvis støtte* til hypotesen, fordi achievement-klassen skil seg signifikant ut, og dette vil jo nødvendigvis vere ein føresetnad for at resten av hypotesen skal få støtte. Innafor i dei tre informantgruppene hadde alle gruppene same type mønster i fordelinga mellom dei fire aksjonsartklassane (frå flest til færrest): achievement'ar > statiske > accomplishment'ar > aktivitetar.

6.2 Analyse av hypotese 2, ukorrekt fortidsmarkering

Her skal eg drøfte resultatane framstilt i 5.3, som gjeld hypotese 2. Hypotesen seier at *verbfrasar der fortidskonteksten ikkje er markert riktig på verbet, vil oftare vere ateliske enn teliske*. Også her ligg det ei implisitt forventning i hypotesen om at markeringa vil spreie seg *sinkande* utover dei fire aksjonsartklassane i følgjande rekkefølge: statiske verb > aktivetsverb > accomplishmentverb > achievementverb. I 6.2.1 drøftar eg analysen av dei

resultata som går på skilnaden atelisk/telisk, og i 6.2.2 drøftar eg dei som dreier seg om aksjonsart.

6.2.1 Hypotese 2, atelisk/telisk: ikkje støtte

(Tabell 14–16)

Analysen som går på hypotese 2, gav følgjande funn mellom ateliske og teliske verbfrasar: Samanlagt var det signifikant høgare førekomst av teliske verbfrasar (54,4) enn av ateliske verbfrasar (45,6), og hypotesen har ikkje fått støtte, og mønsteret som teiknar seg er altså motsett enn forventa. Når vi ser på desse resultata fordelt i dei tre ferdigheitsnivåa, ser vi likevel at nivå A1 har høgare førekomst av ateliske (50,5) enn av teliske (49,5). Eg har ikkje belegg for å hevde at denne skilnaden er signifikant, grunna for få informantar, men dette er likevel verdt å leggje merke til. Det at det lågaste ferdigheitsnivået er den som blant ukorrekte fortidsmarkeringar har fleire ateliske enn teliske, kan tolkast som at aksjonsart kanskje spelar meir inn i morfologitileigninga på tidlegare innlærarstadium. Vidare såg eg på dei same dataa, fordelt i om dei ukorrekt markerte verba var *feil bøygde* eller *utan bøyging*. Her såg vi i fordelinga i atelisk/telisk, at det blant *feil bøygde* var ganske jamn fordeling, og blant dei *utan bøyging* var det fleire teliske enn ateliske.

6.2.2 Hypotese 2, aksjonsartklassar: ikkje støtte

(Tabell 17–19)

I analysen av hypotese 2 som gjeld aksjonsartklassane, fann eg følgjande resultat: Verbfrasane spreier seg frå aktivitetar (15,8) > accomplishment'ar (19,6) > statiske (29,7) > achievement'ar (34,7), men skilnaden er ikkje statistisk signifikant mellom nokon av dei fire aksjonsartklassane. Hypotesen får ikkje støtte. Statisk-klassen har nest høgast førekomst av dei fire. I analysen på ferdigheitsnivå ser vi at nivå A1 er det nivået med størst skilnadar mellom dei fire kategoriane, A2 er det nivået med nest størst, og B1 har jamnast fordeling mellom dei fire klassane. Dette kan tolkast på same måte som nemnt i 6.1.2, nemleg at jo lågare innlærarstadium informanten er på, jo fleire ukorrekte markeringar har han blant ateliske verb. Litt diskusjon rundt dette kjem under 6.4. Av siste tabell, der resultata av ukorrekt fortidsmarkering er fordelt mellom *feil bøygde* verb og verb *utan bøyging*, finner vi hjå nivå A2, *feil bøyging* den einaste førekomsten i undersøkinga der aktivitetssklassen er den

klassen med høgast frekvens (31,5). Dette er delvis en støtte til hypotesen om at førekomsten av ateliske verbfrasar vil vere høgare enn teliske.

6.3 Drøfting og samanlikning med funn i andre studiar

Konklusjonen er at eg har funne støtte til første kjernehypotese i Aksjonsarthypotesen, som seier at innlærarar vil markere teliske verbfrasar i fortid før dei markerer ateliske (sjå 3.2). Vi har òg sett at achievementverb ofte har markering før accomplishmentverb. Eg har ikkje funne direkte støtte til at ukorrekt markering viser seg mest i ateliske verb. Generelt finst det brei støtte til Aksjonsarthypotesen, og særleg til denne første kjernehypotesen (Bardovi-Harlig 2000: 228). Min studie føyer seg altså inn i rekkja av studiar som gir hypotesen støtte, og er saman med Tenfjord (1997) er så langt den einaste studien med norske innlærardata som finn støtte. Det må understrekast at Tenfjord sin studie riktignok ikkje var ein studie utforma for å undersøke Aksjonsarthypotesen, det var i hennar eksplorative del at ho fann ein observasjon som kan tolkast som ein støtte til at aksjonsart påverkar fortidsbøying.

Metodebruk spelar ei viktig rolle i studiar av aksjonsart, og eg har medvitent valt ein metode som er blitt brukt i tidlegare studiar som har funne støtte for hypotesen. Gujord (2013), som testa norsk innlærarspråk og som ikkje fant støtte, skriv at metodebruken hennar truleg kan ha vore ein viktig faktor for utfallet (ibid.: 305). Ho brukte allereie nedskrivne tekstar frå eit datakorpus, der det ikkje er sikkert informantene eingong har hatt intensjon om å skrive i fortid. Moglegvis har representasjonen av fortidsformer vore skeivt i høve til kva informantane eigentleg kunne. Dette var derfor noko eg kunne høgde for i mi undersøking, i form av metodeval. Til dømes prøvde eg å elisitere fortidsformer ved å få informantane til å tenkje i fortid før dei begynte å fortelje handlinga frå filmen (sjå 4.2.2), og eg valte narrativ forteljingsmetode, som ofte gir høg del av achievementverb. Bardovi-Harlig (2000) understreker òg viktigheita av metodebruk, og at det er viktig å ha eit medvitent høve til dette.

Det er i nokre studiar av aksjonsart funne støtte til hypotesen hjå innlærarar på høge nivå så vel som på låge (Bardovi-Harlig 2000: 197–200, Gujord 2013a: 308). Eg fann i min studie generelt høgast signifikant støtte hjå informantane på A1, nest høgast hjå dei på A2, og lågast hjå B1. I delen som testar *bruk av fortidsmarkering* har nivå A1 høgare skilnad mellom dei teliske og ateliske enn dei andre nivåa. Generelt i undersøkinga mi har innlærarane på lågare nivå større «gap» mellom dei ulike kategoriane, og jo høgare nivået er, jo jamnare er verbformene fordelte. Resultata mine frå *ukorrekt fortidsmarkering* drøfta i avsnitt 6.2.1 viser

at det lågaste ferdigheitsnivået er det med flest ateliske ukorrekt markerte verb i fortid, og dei andre nivåa har flest teliske. I Gujord (2013a) var innlærarane på eit høgt nivå. Martelle (2011) fann òg høgast grad av støtte hjå innlærarane ho hadde på lågare nivå, både i delen der ho testa kjernehypotese 1 og 2 av Aksjonsarthypotesen. Også Hasbún (1995) fann større støtte i si undersøking blant innlærarar på lågare nivå. Dette kan peike i retning av at jo høgare nivå innlæraren er på, jo fleire ateliske verb har ho lære seg å bøye, og jo «mindre grad av støtte» vert i desse tilfella gitt til hypotesen. Dette kan tolkast enten som at jo høgare nivå studenten har, jo mindre har aksjonsart å seie på innlæringa, eller at ein berre som eit naturleg utfall av nivåauking, tileignar seg fleire verbleksem, og skilnadane mellom teliske og ateliske verb vert då naturleg jamna ut.

Statisk-klassen er ein klasse som generelt hadde høg frekvens i tekstane, og det er kanskje dermed ein konsekvens at denne klassen har fått ein høg prosentdel også i analysane. Eg har talt type og relative verdiar, og dermed skal det ikkje ha noko å seie om ein informant har brukt same verbleksem mange gonger, eller om ei aksjonsartgruppe har fått fleire førekomstar av verbtypar enn ei anna gruppe. Likevel viser statisk-gruppa seg å vere ein spesiell kategori, som lett knyt til seg høge verbførekomstar. Ein grunn kan vere at nokre typisk statiske verb generelt er svært frekvente i språk, og ein informant vil da – som ein annan språkbrukar – ta i bruk frekvente statiske verbleksem. Ein brukar oftare verb som *å vere* eller *å ha* (ofte knytt til statiske verbfrasar) enn til dømes *å dø* eller *å stjele* (ofte knytt til achievement'ar). I Tenfjord (1997) sin studie, var det i statisk-klassen at ho gjorde dei funna som kan tolkast som støtte til Aksjonsarthypotesen. Ein av informantane hennar, Mai, gav tempusmarkering sist til dei statiske verba:

M8 [siste observasjonspunkt] viser altså at det er STATE-verbene som er dominerende blant de verbene som sist blir markert for tempus. Mais system i M8 kan dermed tolkes som en støtte til hypotesen om at verbets aksjonsart påvirker utviklinga av tempusmarkering (Tenfjord 1997: 212).

Vi ser altså at dei statiske verba kanskje er ein litt spesiell klasse, som «oppfører» seg litt annleis – både med tanke på frekvens i produksjonen av språk, og at den kanskje gir spesielt utslag i vanskane med fortidsbøying. Dette kan jo sjå ut å ha samanheng med atelisitet.

Achievement-klassen skil seg òg ut med generelt høge verbførekomstar. Dette kan ha med metodebruken å gjere, der eg valde å gjere narrative attforteljingar. Ved narrativ attforteljing vert ofte achievementverb elisiterte (Bardovi-Harlig 2000: 200). Filmen eg valde

å vise informantane i undersøkinga, *Modern Times* (sjå 4.2.2), inneheld fleire situasjonar som ofte vert skildra med typiske achievementverb. Verb som gjekk igjen hjå informantane, og som ofte er knytt til achievement, var til dømes 'å si', 'å gå' (ofte i betydninga 'å flykte'), 'å komme' (sjå og frekvensordliste, *tabell 8*). I tillegg var verb som 'å være' og 'å ha' frekvente, begge ofte knytt til seg den statiske verbklassa. Dette skal eigentleg ikkje ha noko å seie, ettersom eg har rekna relative tal. Likevel er det som nemnt i førre avsnitt om statiske verb, slik at om nokre typar verb går mykje igjen på tvers av informantane (ACH), vil det kanskje gi denne typen utslag. Gujord (2015: 20) skriv følgjande om representasjonen av 'å være' i hennar studie:

«In other words, the type analysis in the current study does not rule out the overrepresentation of 'være' because it appears in so many texts and because the other verbs occur in far fewer texts»

Vi kan altså anta at overrepresenteringa av nokre type verbleksem kan gi denne typen utslag i data.

6.4 Telisitet som ein innvirkande faktor

Det kan virke som om aksjonsart og telisitet påvirker innlæringa av fortidsmorfologi. Det kan moglegvis vere ein naturleg samanheng mellom funksjonen av det å markere eit verb i fortid og tidsaspektet ved ein frase eller ein situasjon. Ved å snakke om noko som har skjedd, refererer språkbrukaren til ein situasjon som ligg bak i tid, og då naturlegvis er avslutta. Ettersom endepunkt-aspektet er det som skil ein telisk frase frå ein atelisk, kan det kanskje sjåast på som ein logisk samanheng at det er nettopp dei teliske verba som først får fortidsmarkering (Andersen og Shirai 1994). Vidare ser vi og at dei ulike aksjonsartklassane kvar for seg gir ulike utslag i bøyingsmorfologien. Det at achievementverb har høgare førekomst av bøyning enn accomplishment, kan indikere at jo «meir telisk» eit verb er, jo lettare er det for ein innlærar å plassere det i ein fortidskontekst, og dermed også å markere det i fortid. Innvirkninga av telisitet i verbbøyning kan vere tolkast som ein konsekvens av prototypikalitet. Ein innlærar tileignar seg lettare ei prototypisk meining av eit verb enn ein ikkje-prototypisk meining (Gujord 2013a: 313), og grammatikalisering av fortid ville Comrie (1985) ha kalla for eit prototypisk trekk ved norsk. Det følgjande sitatet om prototypikalitet er

henta frå Gujord (2013a: 313):

«It is known that there are strong associations between tense-aspect markers and lexical aspect of verbs (Comrie 1976: 72; Bybee 1985: 77). This is based on the naturalness of combination, according to Comrie. Some tense-aspect markers are more naturally attached with some situation types (Shirai 2009: 176).»

Eit anna poeng i samanheng med dette, som vi ikkje har sett på her, er markering av progressiv. Det finst støtte i fleire studiar til at progressiv markering ofte slår ut på aktivitetsverb før dei andre verba (Bardovi-Harlig 2000: 239). Dette vil i likheit med det vi såg over angående telisitet, ha ein slags logisk samanheng mellom funksjonen i bøyingskategorien og semantikken i verbet. Eit aktivitetsverb er ein dynamisk prosess utan eit klart endepunkt, og progressiv markering indikerer ei pågåande hending. Semantikken i eit verb ser ut til å spele ei rolle i tileigninga av verbmorfologi av ulike samanhengar, her har vi sett belegg for å rekne telisitet og aksjonsart som innverkande semantiske faktorar.

6.5 Oppsummeringar

Ei styrke ved avhandlinga mi er omfanget av sjølve undersøkinga, og etterprøvbarheiten av data. Eg har samla alle data sjølv, funne informantar, gjennomført innsamling og utført ei analyse. Det totale omfanget av data finst i vedlegg bak i avhandlinga, slik at alle resultat kan etterprøvast eller reanalyserast – for dei som måtte vere interesserte i det. Eg er klar over at prosjektet har eit snevert tema, og det einaste aspektet eg undersøker er om aksjonsart og telisitet spelar inn på tileigninga fortidsmorfologi i innlærarspråk. Likevel kan kanskje dette på andre sida kan vere ein styrke med tanke på at temaet vert meir fokusert. Eg har ikkje hatt anledning til å sjekke andre faktorar som påverkar tileigninga i undersøkinga mi, til dømes samanlikning av ulike morsmålsgrupper, eller å sjå på om det har noko å seie om innlærarane bur ein stad der dei faktisk får snakka norsk. Alle informantane mine bur i Madrid, og har ikkje same moglegheit til norsk påverknad som ein innlærer som bur i Noreg. Men dette hadde eg ikkje kapasitet til å ta med i prosjektet mitt, av omsyn til tids- og oppgåveomfang. Eg har heller ikkje hatt moglegheit til å fange opp eventuelt interessante observasjonar som har med skilnaden mellom preteritum og perfektum med omsyn til aksjonsart, dette kunne vore spennande å sjå på.

Om eg skulle gjort noko annleis, ville eg har vore enda meir konsis i aksjonsartinnendinga mi, det kjennast som eg aldri kunne sett meg *nok* inn i teorien og stoffet rundt. Det hadde òg vore ideelt å hatt ei større informantgruppe, slik at eg statistisk kunne teste resultata i dei ulike ferdigheitsnivåa. Generelt ville naturlegvis eit materiale på større omfang ha gitt enda meir solide data. Mot slutten av prosjektet har eg – som kanskje mange gjerne opplever – arbeidd i kapp med tida for å få alt på plass, og eg har gjerne ønska meg at veka hadde meir enn sju dagar. Prosjektet har kome i mål, og vi har no innlærardata som viser at telisitet kan ha innverknad på tileigninga av fortidsmorfologi i norsk som andrespråk, og vi veit no meir om aksjonsarta si påverknad av fortidsmorfologi. Likevel har Gujord (2013a) sin studie konkluderer motsett, og det trengst dermed meir forskning på dette området. Det tyder på at framtidige studiar av aksjonsart bør undersøke i kva grad ferdigheitsnivå og datatype påverkar utfallet av testing av Aksjonsarthypotesen.

Vedlegg

Vedlegg 1 – informasjonsskriv til informantane.

Estimados estudiantes!

Me llamo Cecilie, soy una estudiante de Noruega. Yo estoy trabajando con mi tesis de master, sobre Noruega como la segunda lengua. Voy a escribir sobre hispanohablantes que aprenden noruego, y estoy en Madrid para hacer mi investigación.

Me preguntaba si podríais ayudarme, y si fuera posible que concertáramos una entrevista para mi tesis. La entrevista consistiría en mostrar un video y hablar con vosotros uno a uno sobre vuestras percepciones, no es un test de nivel de idioma, solamente quiero estudiar algunos aspectos sobre la lengua. La entrevista me gustaría grabarla para poder transcribirla posteriormente en mi ordenador y así poder analizarlo.

Tu eres por supuesto anónimo en la tesis. Emplearíamos alrededor de una hora en hacer la entrevista.

Necesito como unos 15-20 estudiantes, y estaria enormemente agradecida si me ayudarais. Por favor, escribirme al correo si estáis interesados o tenéis algún tipo de duda o pregunta. Por favor, también escríbame mas o menos en cual nivel eres (A1, A2..).

Espero tu respuesta!

Saludos,

Cecilie Andreassen

*Correo: andreassencecilie@gmail.com
Teléfono en Madrid: 645 251079*

Kjære studenter!

Jeg heter Cecilie, jeg er en student fra Norge. Jeg jobber med min masteravhandling, som handler om norsk som andrespråk. Jeg skal skrive om spansktalende som lærer seg norsk, og er i Madrid for å gjøre mitt feltarbeid.

Jeg vil spørre dere om dere kunne hjelpe meg, og om det er mulig å møtes for å gjøre et intervju for oppgaven min. Intervjuet er en-til-en, og vil bestå av at jeg viser deg en video, og etterpå ber deg gjenfortelle handlingen fra filmen. Det er ikke en test av nivået ditt i norsk, jeg skal kun se på et par aspekt ved språket. Jeg vil gjøre opptak av intervjuet, etterpå transkribere det inn på data, og så analysere det.

Du er selvfølgelig anonym i oppgaven. Vi vil bruke rundt én time til intervjuet. Jeg trenger rundt 15-20 studenter, og er veldig glad for hvis dere vil hjelpe meg.

Vennligst skriv til meg på mail om du er interessert, har noen tvil eller spørsmål. Skriv også omtrent hvilket nivå du er på (A1, A2..)

Håper på ditt svar!

Vennlig hilsen,

Cecilie Andreassen.

Vedlegg 2 – spørjeskjema ved informantmøta.

Cuestionario general

Por favor, responda las siguientes preguntas. Las respuestas son totalmente confidenciales. La información que pueda identificar al estudiante no se divulgará bajo ninguna circunstancia.

1. Fecha de nacimiento (día, mes, año): _____
2. Género (subraya uno): Mujer / Hombre
3. Es el español tu lengua materna? (subraya uno): Sí / No
Si no, cuál es tu lengua materna? _____
4. Qué curso de noruego has hecho?: A1___, A2___, B1.1___, B1.2___, B2___, C1___, C2___
Otros (cuáles?) _____
5. Has estudiado en Noruega? Sí / No
Si no, tienes intención de hacerlo? Sí / No / Tal vez
6. Por qué decidiste estudiar noruego?: _____

7. Has estudiado otros idiomas? Cuáles? Especificalos, y detalla el tiempo y la forma en que los aprendiste (en la escuela, en casa, viajando etc.):

Instrucciones:

- 1) Vas a rellenar una prueba de gramática noruega, 15-20 minutos. (Para identificar vuestros distintos niveles según vuestras circunstancias)
- 2) Te voy a mostrar un video breve (8 minutos), dos veces. Tras la primera muestra podrás efectuar preguntas. Al finalizar la segunda vez, me cuentas lo que has visto en el video y eso es lo que yo voy a grabar. Imagínate que pasó en 1936 y puedes empezar tus frases con «En gang for lenge siden» (Una vez hace mucho tiempo) o «Det var en gang» (Había una vez que).

Vedlegg 3 – Det felles europeiske rammeverket for språk. Brukt for å bestemme ferdighetsnivå hjå informantane.

Europeiske rammeverket for språk - Egenvurderingsmatrise

		A1 Basisbruker	A2 Basisbruker	B1 Selvstendig bruker	B2 Selvstendig bruker	C1 Dyktig bruker	C2 Dyktig bruker
Forståelse	Lyting	Jeg kan kjenne igjen vanlige ord og svært enkle uttrykk som angår meg selv, min familie og mine nære omgivelser når man snakker langsamt og tydelig.	Jeg kan forstå vanlige ord og uttrykk knyttet til områder av umiddelbar personlig betydning (f.eks. svært enkel informasjon som gjelder meg selv, min familie, mitt nærmiljø, innkjøp og arbeidsliv). Jeg kan oppfatte hovedinnholdet i enkle, korte og tydelige beskjeder og meldinger.	Jeg kan forstå hovedinnholdet i klar, standard tale som kjente emner knyttet til bl.a. arbeid, skole og fritid. Jeg kan forstå hovedinnholdet i mange radio- og TV-programmer om aktuelle saker eller om emner som er av personlig eller faglig interesse for meg, når det snakkes relativt langsamt og tydelig.	Jeg kan forstå lengre sammenhengende tale og foredrag og følge komplekse argumentasjonsrekkjer når emnet er forholdsvis kjent. Jeg kan forstå de fleste nyhets- og aktualitetsprogrammer på TV. Jeg kan forstå de aller fleste filmer der det brukes standard tale.	Jeg kan forstå sammenhengende tale også når den ikke er tydelig strukturert, og når sammenhenger er underforståtte og ikke kommer tydelig fram. Jeg kan forstå TV-programmer og filmer uten åfor store anstrengelser.	Jeg forstår uten problemer alle former for muntlig språk både i det virkelige liv og i media, også når mottaksbrukeren snakker et raskt og hurtig tempo, dersom jeg får litt tid til å spørre meg kjent med dialekten.
	Lesing	Jeg kan forstå kjente navn, ord og svært enkle setninger, for eksempel i annonser, på plakater eller i kataloger.	Jeg kan lese svært korte, enkle tekster. Jeg kan finne spesifikke, forutsigbare opplysninger i enkle, dagligdags informasjon som reklame, brosjyrer, menyer og rutetabeller. Jeg kan forstå korte, enkle, personlige brev.	Jeg kan forstå tekster der språket i stor grad er preget av vanlige, dagligdags ord og uttrykk eller vanlige ord knyttet til arbeidet mitt. Jeg kan forstå personlige brev med beskrivelser av hendelser, følelser og ønsker.	Jeg kan lese artikler og rapporter om aktuelle problemstillinger, der forfatteren gir uttrykk for bestemte holdninger eller synspunkter. Jeg kan forstå prosalitteratur fra vår egen tid.	Jeg kan forstå lange, komplekse fagtekster og skjønnlitterære tekster, og legger merke til trekk som er typiske for ulike stilretter. Jeg kan forstå fagartikler og lengre, tekniske instruksjoner selv når de ligger utenfor mitt felt.	Jeg leser uten problemer praktisk tatt alle former for lekt, inkludert tekster om abstrakte emner og tekster som er komplekse når det gjelder språk eller struktur, som instruksjoner, fagartikler og litterære verk.
Tale	Muntlig interaksjon	Jeg kan delta i en samtale på en enkel måte hvis samtalepartnere er villig til å gjenta, reformulere, snakke langsamt og hjelpe meg å formulere meg. Jeg kan stille og svare på enkle spørsmål knyttet til umiddelbare behov eller til svært kjente emner.	Jeg kan delta i enkle og rutinegitte samtalsutvekslinger som medierer enkel og direkte utveksling av informasjon om kjente emner og aktiviteter. Jeg kan bruke og forstå vanlige helligstiftelser, men forstår som regel ikke nok til å holde samtalen gående.	Jeg kan klare meg språklig i de fleste situasjoner som kan oppstå når jeg reiser i et område der språket snakkes. Jeg kan uforberedt delta i samtaler om kjente emner, emner av personlig interesse eller som er viktige i dagliglivet (f.eks. familie, hobby, arbeid, reis, aktuelle hendelser).	Jeg kan bruke språket så flytende og spontant at samtaler med mottaksbrukere ikke byr på særlige problemer. Jeg kan delta aktivt i diskusjoner i kjente sammenhenger, og jeg kan uttrykke og begrunne synspunktene mine.	Jeg kan uttrykke meg flytende og spontant uten at det i særlig grad merkes at jeg leder eller uttrykkes. Jeg kan bruke språket fleksebelt og effektivt både i sosiale og faglige sammenhenger. Jeg kan formulere ideer og meninger presist og forholde meg til samtalepartnere på en hensiktsmessig måte.	Jeg kan uten anstrengelse delta i alle former for samtale og diskusjon og har god kjennskap til faglige uttrykk og alminnelige taleformer. Jeg kan uttrykke meg flytende og formidle fine meningsnyanser på en presis måte. Hvis jeg får et språklig problem, kan jeg reformulere meg slik at det nesten ikke merkes.
	Muntlig produksjon	Jeg kan bruke enkle uttrykk og setninger for å beskrive stedet der jeg bor og mennesker jeg kjenner.	Jeg kan bruke en rekke uttrykk og setninger for å beskrive familie og andre mennesker, forhold, min utdanningsbakgrunn og min nåværende eller tidligere jobb.	Jeg kan gi en enkel, sammenhengende framstilling av hendelser, erfaringer, drømmer, håp og planer. Jeg kan kort forklare og begrunne mine meninger og planer. Jeg kan fortelle en historie eller gjennfortelle handlingen i en bok eller film og beskrive reaksjonene mine.	Jeg kan gi klare og detaljerte beskrivelser innenfor et vidt spekter av emner knyttet til mitt interessedelt. Jeg kan fortåre et synspunkt på en gift problemstilling og gjøre rede for fordeler og ulemper ved ulike alternativer.	Jeg kan gi klare og detaljerte beskrivelser av komplekse emner der jeg behøver innlemmende, utdypende enkelte punkter og nunder av med en passende konklusjon.	Jeg kan beskrive, drøfte og argumentere på en klar og flytende måte, bruke et språk og en stil som passer i sammenhengen, og strukturere det jeg sier på en hensiktsmessig og logisk måte slik at den som lytter, kan følge med og huske viktige poenger.
Skrift	Skrift	Jeg kan skrive et enkelt postkort, f.eks. et julekort. Jeg kan fylle ut skjemaer med personlige opplysninger, som navn, nasjonalitet og adresse.	Jeg kan skrive korte, enkle notater og beskjeder. Jeg kan skrive et svært enkelt personlig brev (f.eks. et takkebrev).	Jeg kan skrive en enkel og sammenhengende tekst om dagligdags emner eller om emner som berører meg personlig. Jeg kan skrive personlige brev og positive rapporter og notiser.	Jeg kan skrive klare, detaljerte tekster om et vidt spekter av emner knyttet til mine interesser. Jeg kan skrive en sammenhengende framstilling eller rapport for å formidle informasjon eller argumentere for eller imot et bestemt synspunkt. Jeg kan skrive brev som tydelig viser hvilken betydning visse hendelser og erfaringer har for meg.	Jeg kan skrive klare og strukturerte tekster og gi uttrykk for mine synspunkter på en flytende måte. Jeg kan skrive en kompleks emner (i brev, rapporter, artikler eller essays) og understrøke hva jeg mener er de viktigste punktene. Jeg kan velge en stil som passer til den som skal lese teksten.	Jeg kan skrive klare tekster med god fylt i en passende stil. Jeg kan skrive komplekse brev, rapporter og artikler der jeg legger fram en sak med en hensiktsmessig og logisk struktur som hjelper mottakeren å legge merke til og huske viktige poenger. Jeg kan skrive sammenhengende og argumenterte både av faglige og litterære arbeider.

Europeiske rammeverket for språk (CEF). © Europarådet

Vedlegg 4 – detaljert oversikt over token og type hjå kvar einskilte informant.

	TOKENS	TYPES
N1 A1	23	10
N2 B1	57	33
N3 A1	40	22
N4 B1	69	39
N5 A2	42	29
N6 A1	13	11
N7 B1	24	19
N8 B1	32	24
N9 A2	37	18
N10 A2	60	38
N11 B1	37	29
N12 B1	37	30
N13 B1	76	27
N14 A2	34	24
N15 A1	28	23
N16 A2	33	22
N17 A2	37	28
TOTALT	679	426

Vedlegg 5 – detaljert oversikt over alle typeforekomstane hjå kvar ein skilte informant.

	STA preteritum	AKT	ACC	ACH	STA perfektum	AKT	ACC	ACH	STA presens	AKT	ACC	ACH	STA utan boyng	AKT	ACC	ACH	TOTALT
N1 A1	0	0	0	1	0	0	0	0	2	2	1	2	1	0	0	1	10
N2 B1	5	4	4	10	0	0	0	4	3	0	0	2	1	0	0	0	33
N3 A1	0	0	0	1	0	0	0	0	5	0	3	5	3	1	1	3	22
N4 B1	3	1	1	6	0	0	1	1	9	4	1	4	2	3	1	2	39
N5 A2	3	1	0	3	0	1	0	3	5	2	3	3	3	0	2	0	29
N6 A1	3	2	1	2	1	0	0	0	1	0	0	0	0	0	0	1	11
N7 B1	3	1	1	4	0	0	0	0	1	1	2	0	1	2	1	2	19
N8 B1	3	0	4	7	0	0	0	3	2	0	0	0	1	0	1	3	24
N9 A2	0	0	0	6	0	0	0	0	6	1	4	1	0	0	0	0	18
N10 A2	0	1	1	2	0	0	0	3	5	5	9	4	1	1	5	1	38
N11 B1	5	2	1	4	0	0	0	1	5	0	3	3	1	0	2	2	29
N12 B1	5	2	2	5	1	0	1	2	3	2	2	1	2	0	1	1	30
N13 B1	2	1	4	6	0	0	0	1	7	1	2	1	1	0	1	0	27
N14 A2	1	0	0	3	0	0	0	0	6	4	5	4	1	0	0	0	24
N15 A1	0	0	1	2	0	0	0	0	0	0	1	1	2	5	5	6	23
N16 A2	4	1	6	6	0	0	0	0	1	3	0	0	0	0	0	1	22
N17 A2	2	0	3	2	0	0	1	2	5	2	6	4	0	0	0	1	28
																	426

Referansar

- Andersen, Roger. 1991. *Developmental sequences: the emergence of aspect marking in second language acquisition*. Edited by T. Huebner og C. A. Ferguson., *Crosscurrent trends in second language acquisition and linguistic theories*. Amsterdam: John Benjamins.
- Bache, Carl. 1997. *The Study of Aspect, Tense and Action. Towards a Theory of the Semantics of Grammatical Categories*. Frankfurt am Main: Peter Lang.
- Bardovi-Harlig, Kathleen. 2000. *Tense and Aspect in Language Acquisition: Form, Meaning and Use*. Edited by Richard Young, *Language Learning Monograph Series*. Malden: Blackwell.
- Bardovi-Harlig, Kathleen. 2008. "One Functional Approach to Second Language Acquisition: The Concept-Oriented Approach." In *Theories in Second Language Acquisition. An Introduction.*, edited by Bill VanPatten og Jessica Williams, 57-70. New Jersey: Routledge.
- Bardovi-Harlig, Kathleen, and A. Bergström. 1996. "The acquisition of tense and aspect in SAL and FLL: A study of learner narratives in English (SL) and French (SL)." *Canadian Modern Language Review* (52):22.
- Bhat, D. N. Shankara. 1999. *The Prominence of Tense, Aspect and Mood, Studies in Language companion series*. Amsterdam: John Benjamins Publishing Company.
- Bosque, Ignacio. 1990. *Tiempo y aspecto en español*. Madrid, España: Cátedra.
- Chiquito, Ana Beatriz. 2009. *Spansk referansegrammatikk. Moderne språkbruk i Spania og Latin-Amerika*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Collins, Laura. 2002. "The Role of L1 Influence and Lexical Aspect in the Acquisition of Temporal Morphology." *Language Learning* no. 52 (1):51.
- Collins, Laura. 2004. "The Particulars on Universals: A comparison og the acquisition of tense-aspect morphology among Japanese and French-speaking learners of English." *Canadian Modern Lanuage Review* no. 61:23.
- Comrie, Bernard. 1985. *Tense*. Edited by C. J. Fillmore B. Comrie, R. Lass, D. Lightfoot, J. Lyons, P. H. Matthews, R. Posner, S. Romaine, N. V. Smith, N. Vincent., *Cambridge textbooks in linguistics*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Comrie, Bernard. 1995. *Aspect, Cambridge textbooks in linguistics*. Cambridge: Cambridge University Press. Original edition, 1976.
- Deo, Devyani Sharma & Ashwini. 2009. "Contact-based aspectual restructuring: A critique of

- the Aspect Hypothesis." *Occasional Papers Advancing Linguistics, Queen Mary's OPALs*:29.
- Dietrich, Rainer, Wolfgang Klein, and Colette Noyau. 1995. *The Acquisition of Temporality in a Second Language.: Studies in Bilingualism v. 7, Studies in Bilingualism v. 7.:* Netherlands: John Benjamins.
- Dowty, David R. 1979. *Word Meaning and Montague grammar: the semantics of verbs and times in generative semantics and in Montague's PTQ, Synthese language library.* Dordrecht: Reidel.
- Filip, Hana. 2012. "Lexical Aspect." In *The Oxford Handbook of Tense and Aspect*, edited by Robert I. Binnick, 721-751. New York: Oxford University Press.
- Gujord, Ann-Kristin Helland. 2013a. *Grammatical encoding of past time in L2 Norwegian.* Doctoral, Humaniora, Universitetet i Bergen, Bergen.
- Gujord, Ann-Kristin Helland. 2013b. "Aksjonsart - ein diskusjon av vanskar knytt til klassifisering av verbfrasar i innlærarspråk." *NORDAND* no. 8 (1):25.
- Gujord, Ann-Kristin Helland. 2015. "L2 acquisition of temporality: Findings from a corpus based study of the grammatical encoding of past time." *Bergen Language and Linguistic Studies (BeLLS)* no. 6:24.
- Hagen, Jon Erik. 2013. "Finittkategoriens kritiske karakter i norsk som andrespråk". I *Fra grammatikk til språkpolitikk: utdrag fra Jon Erik Hagens forfatterskap*. Redigert av Marte Nordanger, Silje Ragnhildstvedt og Aasne Vikøy, 187-201. Oslo: Novus.
- Hagen, Jon Erik. 2000. *Norsk grammatikk for andrespråklærere*. 2 ed. Sarpsborg: Gyldendal Akademisk.
- Harald Berggren, Kari Tenfjord. 2011. *Andrespråklæring*. Oslo: Gyldendal.
- Hasbún, L. 1995. *The role of lexical aspect in the acquisition of the tense/aspect system in L2 Spanish*. Indiana University, Bloomington.
- Hellevik, Ottar. 2002. *Forskingsmetode i sosiologi og statsvitenskap*. Bergen: Ad Notam Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Jarvis, Scott. «Conceptual transfer: Crosslinguistic effects in categorization and construal.» I *Bilingualism: Language and Cognition* 14, 1-8 (2011)
- Kamp, Hans. 1980. "Some remarks on the logic of change." I *Time, Tense and Quantifiers*, redigert av Christian Rohrer, 135-180. Tübingen: Niemeyer.
- Klein, Wolfgang. 2009. "How time is encoded." In *The Expression of Cognitive Categories. The Expression of Time.*, edited by Ping Li Wolfgang Klein, 43. Berlin: Mouton de Gruyter.

- Koch, Richard Landis og Gary. 1977. "The Measurement of Observer Agreement for Categorical Data." *Biometrics* no. 33 (1):15.
- Kulbrandstad, Lars Anders. 2005. *Språkets mønstre. Grammatiske begreper og metoder*. 3 ed. Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Lafford, Barbara A. 1996. The development of tense / aspect relations in L2 Spanish narratives. In *Second Language Research Forum*. Tuscon, AZ.
- Laura Domínguez, Nicole Tracy-Ventura, María J. Arche, Rosamond Mitchell and Florence Myles. 2013. "The role of dynamic contrasts in the L2 acquisition of Spanish past tense morphology." *Bilingualism: Language and Cognition* no. 16 (3):19.
- Lee, David. 2001. *Cognitive Linguistics. An Introduction*. Oxford: Oxford University Press.
- Lie, Svein. 1993. "Modalverb i norsk. Spredte momenter til beskrivelse." *Norskraft: tidsskrift for nordisk språk og litteratur* (78):13.
- Llorach, Emilio Alarcos. 1999. *Gramática de la Lengua Española, Colección Nebrija y Bello*. Madrid, España: Real Academia Española. Original edition, 1994. Reprint, 2003.
- Macaulay, Monica. 1996. *A Grammar of Chalcatongo Mixtec*. Vol. 127, *University of California publications in linguistics*. Berkeley, California: University of California Press.
- Martelle, Wendy M. 2011. *Testing the Aspect Hypothesis in L2 Russian*, Linguistics, University of Pittsburgh, Pittsburgh.
- Mitchell, Rosamond, Florence Myles and Emma Marsden. 2013. *Second Language Learning Theories*. London: Routledge.
- Mittwoch, Anna. 1991. "In Defence of Vendler's Achievements." *Belgian Journal of Linguistics* no. 6:15.
- Moskvil, Maria Elisabeth. 2004. *Temporalitet i morsmål, målspråk og mellomspråk*. Universitetet i Bergen: Fakultet for humaniora.
- Odlin, Terence. 2005. "Crosslinguistic influence and conceptual transfer: What are the concepts?" *Language Learning* no. 25:22.
- Roger Andersen, Yasuhiro Shirai. 1995. "The acquisition of tense-aspect morphology: A prototype account." *Language* no. 71 (4):19.
- Rønkvåg, Stian. 2009. *Konsept - hva er det?* In *Wordpress*. Norway.
- Rothstein, Susan. 2004. *Structuring Events. A Study in the Semantics of Lexical Aspect*. Malden, Mass.: Blackwell.
- Salaberry, Rafael. 2002. «Tense and aspect in the selection of Spanish past tense verbal morphology.» I *The L2 Acquisition of Tense-Aspect Morphology*, redigert av R.

- Salaberry og Y. Shirai, 397-416. Amsterdam: John Benjamins.
- Salaberry, Rafael. 1997. The development of Spanish past tense aspect among classroom learners. Cornell University, Ithaca, NY.
- Shiari, Yasuhiro. 2009. "Temporality in first and second language acquisition." *The Expression Of Time*: 26.
- Shirai, Yasuhiro. 2004. A multiple factor account for the form-meaning connections in the acquisition of tense-aspect morphology. In J. Williams, B. Van Patten, S. Rott & M. Overstreet (Eds.), *Form meaning connections in second language acquisition* (pp. 91-112). Mahwah, NJ: Erlbaum
- Shirai, Roger Andersen og Yasuhiro. 1994. "Discourse motivations for some cognitive acquisition principles." *Studies in second language acquisition* no. 16:23.
- Shirai, Roger Andersen og Yasuhiro. 1996. The Primacy of aspect in first and second language acquisition: The pidgin-creole connection. In *The handbook of second language acquisition*, edited by og Tej K. W. C. B. Ritchie. San Diego, CA: Academic Press.
- Shirai, Yasuhiro. 2009. "Temporality in first and second language acquisition." In *The Expression Of Time*, edited by W. Klein and P. Li, 26. Berlin: Walter de Gruyter.
- Slobin, Dan I. 1996 «From 'thought and language' to 'thinking for speaking'». I *Rethinking linguistic relativity*, redigert av J.J. Gumperz og S.C Levinson. Cambridge:Cambridge University Press.
- Starren, Marianne. 2001. *The Second Time. The Acquisition of Temporality in Dutch and French as a Second Language.*, Radboud University Nijmegen.
- Tenfjord, Kari. 2004. "Grammatikalisering og andrespråkstilegnelse". *NOA* 4, nr. 1: 7-30.
- Tenfjord, Kari. 1997. *Å ha en fortid på vietnamesisk. En kasusstudie av fire vietnamesiske språkinnlæreres utvikling av grammatisk fortidsreferanse og perfektum.*, Humaniora, Bergen, Bergen.
- Thompson. 1965. *Vietnamese Reference Grammar*.
- Tonne, Ingebjørg. 2000. "I ferd med å...: Én distinksjon, flere tolkninger." *Nordlyd* no. 29.
- Vendler, Zeno. 1967. *Linguistics in philosophy*. Ithaca, N.Y.: Cornell University Press.
- Verkuyl, Henk J. 1989. "Aspectual Classes and Aspectual Composition." *Linguistics and Philosophy* no. 12:55.
- Von Stutterheim, Christiane, Mary Carrol og Wolfgang Klein, «New perspectives in analyzing aspectual distinctions across languages.» I *The expression of time*. Berlin: Mouton de Gruyter, 2009.